



# MASTEROPPGÅVE

Mastergrad i organisasjon og leiing.  
Utdanningsleiing.

## Pedagogisk dokumentasjon og Lærande organisasjon.

av

Ann Irene Sæle

Desember 2012

## Masteroppgåve

Boks 133, 6851 SOGNDAL, 57 67 60 00, fax: 57 67 61 00 – post@hisf.no – www.hisf.no

Masteroppgåve i: Organisasjon og leiing. Utdanningsleiing.

Tittel: Pedagogisk dokumentasjon og lærande organisasjon

Engelsk tittel: Pedagogical documentation and learning organization

Forfattar: Ann Irene Sæle

Emnekode og emnenamn:  
MR690, Masteroppgåve I organisasjon og leiing

Kandidatnummer:  
3

Publisering i institusjonelt arkiv, HSF Biblioteket (set kryss):  
JAX      Nei\_\_

Dato for innlevering:  
14.12.20012

Eventuell prosjekttilknyting ved HSF

Emneord (minst fire):  
Barnehage, leiing, pedagogisk dokumentasjon ,  
lærande organisasjon, kvalitet

Tittel og samandrag:

## **Pedagogisk dokumentasjon og lærande organisasjon**

Med bakgrunn i problemstillinga:

*I kva grad blir pedagogisk dokumentasjon nytta som eit leiarverkty for kompetanseheving, og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon?*

Barnehagen har dei siste tiåra vore gjennom radikale endringar, frå og vera eit sosialpolitisk tiltak under familidepartementet, til ein viktig del av utdanningslina innunder utdanningsdepartementet.

Overgangen, og politisk satsing viser krava og endringane i tida. Nye sterke krav og føringar er sett til innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon, som skal yte ei kvalitativteneste ut til samfunnet. Omgrepene pedagogisk dokumentasjon er framheva som eit viktig verkemiddel i denne prosessen.(Rammeplanen, kunnskapsdepartementet, 2006, 2011). Samstundes skal barnehagen ivareta sin tradisjon og eigenart(Rammeplanen, kunnskapsdepartementet, 2006, 2011). Barnehageutbygginga har ekspandert som eit ledd i å møte dei nye krava. Noko som har medført mangel på kvalifisert personale i dei ulike stillingane. Som virkemiddel for å nå måla sett i Rammeplan(Kunnskapsdepartementet, 2006,2011), Barnehagelova(2005,2009,2012) og st.meld 41, kvalitet i barnehagen(kunnskapsdepartementet, 2008-2009) er personalet sin kompetanse, organisasjonsutvikling og fokus mot leiing framheva som nøkkelen til kvalitativteneste.

Formålet med oppgåva har vore å ta pulsen på barnehagesektoren i prosessen frå og vera eit sosialpolitisk tiltak, til eit viktig ledd i utdanningslina.

Med innleiinga og bakteppe som fundament, har eg bygd oppgåva mi. Eg har nytta implementeringa av «den nye» Rammeplanen(2006) som inngangsparti for oppgåva. Eg har nytta ein kvalitativ forskingsmodell, med ein introspektiv forskingstilnærming. Forskingsmetoden eg har valt er narrative. Eg har valt ei triangulering, med eit

karakteristisk trekk av dualisme i forskingsprosessen.

Funn i analysen og drøftinga viser liten grad av samanheng mellom pedagogisk dokumentasjon som eit bevisst verkty for kompetanseheving, og utvikling av den lærande organisasjon. Eg vil på bakgrunn av dette hevde at fokus på kunnskap og kompetanse må enda sterkare på banen for å nå sette mål for organisasjonen. I barnehagen skal grunnalet leggjast for Noregs framtid.

Relevant teori og nytte vil vera Strand(2010), i høve barnehagen som organisasjon, leiing og utvikling. For og utdjupa organisasjons utviklingomgrepet/lærande organisasjon vil eg nytta Argyris og Schøn(1996).

Title and Abstract:

Summary

### **Pedagogical documentation and learning organization.**

On the basis of the question:

To what extent is educational documentation used as a vehicle to qualification and to develop the kindergarten into an educational organization?

The kindergarten has undergone radical changes during the last decades, from being a social political initiative under the Ministry of Children and Family, to become an important part of the Ministry of Education and Research.

The transition and political priority point at requirements and changes in society. New and stronger requirements and restrictions are added to the content of the kindergarten. The kindergarten should be an educational organization which should provide a qualitative service to society. Educational documentation is emphasized as an important instrument in this process (The Framework Plan, Ministry of Education and


Research, 2006, 2011). Simultaneously the kindergarten should keep its tradition and character (The Framework Plan, Ministry of Education and Research, 2006, 2011). The kindergarten development has expanded to face the new requirements. This has resulted in shortage of qualified staff in the different positions. As an instrument to achieve the aims in the Framework Plan (Ministry of Education and Research, 2006, 2011), the Kindergarten Act (2005, 2009, 2012) and Report no 41 to the Storting, quality in the kindergarten (Ministry of Education, 2008 – 2009), the staff's competence, organizational development and focus on leadership are emphasized as the key to qualitative service.

The purpose with this assignment has been to examine the kindergarten sector in the process of being a social political initiative to become an important part in the educational system.

I have built my assignment with the introduction as basis. I have used the implementation of “the new” Framework Plan (2006) as an approach to my assignment. I have used a qualitative research model, with an introspective research approach. The research method I have chosen is narrative. I have chosen a triangulation, with a characteristic feature of dualism in the research process.

Findings of the analysis and discussion indicate a low degree of correlation between pedagogical documentation as a proven tool for capacity building and development of the learning organization. I will on this basis argue that the focus on knowledge and skills must be strengthened to reach the set goals of the organization. The basis of Norway's future is to be funded in the kindergarten.

Relevant theory will be Strand (2010), when it comes to the kindergarten as organization, leadership and development. To elaborate organizational development concept/learning organization I will make use of Argyris and Schøn (1996).



## **Min Takk**

Søken etter kunnskap har vore den største motivasjonen min for å starte på masterstudie i organisasjon og leiing. Eg sat med ei kjensla av og ikkje sitje inne med tilstrekkeleg kunnskap om min eigen organisasjon, og mi eiga rolle som leiar.

Desse fire åra på masterstudie har gjeve meg mykje. Ny kunnskap, og ei breiare forståing av leiar si rolle i organisasjonen, og barnehagens mandat og rolle i samfunnet.

Studie har fortona seg som «Pandoras skrin», dei store samanhengane har opna seg, og trådane er blitt samla.

Her er det på sin plass og takk alle dei fantastiske og dyktige lærarane vi har hatt under studiet, og ikkje minst mine med studentar. Gode dialogar og drøftingar. Når ting verkar tungt, og ein har ei kjensle av at no har eg teke vatn over hovudet, har gode dialogar med lærarar og med studentar sett ting i fokus, og gjeve nye perspektiv, og motivert til vidare arbeid. Takk!

Mitt val og forskingsdesign, var ut i frå rettleiar ein spesielt krevjande metode.

Prosessen med masteoppgåveskrivinga har til tider vore tung og kronglette. Her vil eg vil spesielt framheva min rettleiare Ingrid Syse, som med sin visdom og kunnskap har rettleia, motivert og losa meg på riktig veg. Sett krav, og komme med gode attendemeldingar. Takk!

Eg finn det også på sin plass og takke min mann Per Ivar, min 5 barn, og resten av min familie som har støtta, motivert og tilrettelagd slik at studiet har vore mogleg og gjennomføra. Dette har vore avgjerande. Takk!

Eg vil også takke min arbeidsgjevar for velvilje, og tilrettelegging, Takk!

Eg vonar mine funn i datamaterielle kan vera til nytte, og kan bidra til og fremje vidare utvikling i barnehagesektoren i åra som kjem.

## **Innhold**

<b>Kapittel 1. Innleiing.....</b>	<b>10</b>
1.1 Bakteppe.....	11
1.2 Formål.....	18
1.3 Problemstilling.....	20
1.4 Disposisjon.....	21
<b>Kapittel 2. Forskingsdesign.....</b>	<b>22</b>
2.1 Kvalitativ og kvantitativ.....	23
2.2 Hermeneutikk.....	25
2.3 Introspektiv forskingstilnærming.....	27
2.4 Narrativ forskingsmetode.....	28
2.5 Narrativanalyse.....	30
2.6 Etikk.....	33
2.7 Validitet.....	36
2.8 Reliabilitet.....	38
<b>Kapittel 3. Bakgrunn for val av teori.....</b>	<b>40</b>
3.1 Barnehagen som organisasjon.....	41
3.2 Leiar i det offentlege, oppgåver, dilemma og utfordringar. PAIE.....	43
3.3 Lærande organisasjon, og organisasjonsutvikling.....	46
<b>Kapittel 4. Datamaterielle.....</b>	<b>48</b>
4.1 Tilsyn.....	48
4.2 Mi eiga historie.....	50
4.3 Den «nye» Rammeplanen av 2006.....	51
4.4 Barnsmedverknad, vår tolking og gjennomføring.....	52
4.5 Dokumentasjon.....	54
4.6 Ny arbeidsplass, 2007.....	56
4.7 Vurdering, korleis vi tolka og gjennomførte.....	58
4.8 PUB studie.....	58

4.9 På riktig veg, 2009?.....	60
4.10 Dagen for tilsyn.....	61
4.11 Nøkkelen til pedagogisk dokumentasjon og barnsmedverknad, 2010?.....	63
4.12 Så var vi her, 2012.....	64
4.13 Styrar si historie.....	66
<b>Kapittel 5. Analyse.....</b>	<b>71</b>
5.1 Mi eiga historie.....	71
5.2 Analyse av styrar si historie.....	75
<b>Kapittel 6. Drøfting av funn i analysen.....</b>	<b>79</b>
6.1 Kva rolle har leiar/styrar i denne prosessen?.....	84
6.2 Korleis har og blir omgrepet pedagogisk dokumentasjon blitt tolka og iverksett ute i barnehagesektoren?.....	86
6.3 Er det ein naturleg link mellom pedagogisk dokumentasjon, kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjonen?.....	88
6.4 I kva grad har/vert pedagogisk dokumentasjon nytta som eit verkty for kompetanseheving og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon?.....	91
<b>Kapittel 7. Avrunding.....</b>	<b>97</b>
<b>Kjeldeliste.....</b>	<b>100</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>106</b>
1. Tilsyn med barnehagar informasjon.....	106
2. Mal for rapport frå tilsyn.....	113
3. Løyveskjema, innsamla datamaterielle.....	115

## Kapittel 1. Innleiing

Barnehagen gått frå og vera eit sosialpolitisk tiltak innunder familiedepartementet, til ein viktig del av utdanningslina under utdanningsdepartementet

Overgangen og politisk satsing viser krava og endringane i tida, noko som set nye krav til innhaldet i barnehagen og kompetansen til assistenter, avdelingsleiarar og styrarar/leiarar, samstundes som barnehagen sin eigenart skal bevarast. Eg vil våge å påstå at familien si rolle i det vesle barnet sitt liv er også blitt endra. Gjennom politiske satsingar kring full barnehagedekning, lovnad om plass frå barnet fyller 1 år, utvida opningstider og auka fokus på kvalitet i barnehagen, maks pris på barnehageplassar, politiske debattar og gjennom media dekning kan det fort opplevast som barnehagen er den einaste og riktige staden for det vesle barnet og vere.

Den nye reviderte Rammeplanen frå 2011 viser også ein endring i teksten. Det er no sett fokus mott danningsomgrepet, og likestilling. Barnehagen har fått større del i familien sitt liv, som oppsedar av barnet, og fremjar av barnet sin generelle utvikling. Barnehagen har fått eit stort og viktig oppdrag og forvalta. Barnehagen skal yte ei kvalitativ teneste ut til samfunnet.

Som virkemiddel for å nå måla sett i Rammeplan(Kunnskapsdepartementet, 2006,2011), barnehagelova(Kunnskapsdepartementet. 2005,2009,2012) og St.meld. 41(2008-2009) er personalet sin kompetanse, organisasjonsutvikling og fokus mot leiing framheva som nøkkelen til kvalitativteneste. Dette lar seg komme tilkjenne gjennom statleg satsing på vidareutdanning av leiarar i sektoren(leiarutdanning) og PUB(Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen) retta mot førskulelærarane.

Ute i barnehage kvar dagen mottar ein dei nye krava, snur og vender på orda i Rammeplan, lovtekst og st.meld. Tek tak i orda, dei ”nye” krava og forventningane. Med den kompetansen som finnes i barnehagane av i dag tolkar ein, og i verksett tiltak.

For til fulle å sjå kompleksiteten i prosessane barnehagen har vore gjennom, trur eg det er viktig å ha bakteppe for barnehagen som organisasjon som grunnmur i denne oppgåva.

Prosessane og bakteppe for organisasjonen har leia til problemstillinga mi, som i utgangspunktet er basert på eigne erfaringar henta frå barnehagesektoren attende til inntoget av den ”nye” Rammeplanen frå 2006, og fram til i dag.

## **1.1 Bakteppe**

Barnehagen av i dag, har vore gjennom revolusjonerande endring. Samstundes har barnehagen bevart ein del av sin grunnleggjande eigenart(Barnehagelova 2005).

Barnehagen har gått frå og vera eit sosial politisk tiltak, til eit viktig ledd i livslang læring, innunder utdanningsdepartementet. Gjennom denne prosessen opplever eg at barnehagen har oppnådd ein ny status. Målsetjinga for arbeidet i barnehagen har fått nye dimensjonar. Barnehagen si rolla i samfunnet er framheva som viktig gjennom politikken og samfunnet, noko som lar seg komma til kjenne gjennom Barnehagelova(2005,2009,2012) og Rammeplanen(fra 2006,2011), men også gjennom konkrete tiltak som full barnehagedekning, rett på barnehageplass, maks prisar(st.meld.nr 27, 2008-2009) og auka politisk fokus retta mot kvaliteten på barnehagetilbodet(st.meld.nr 41, 2009).

Barnehageutbygginga har ekspandert som eit ledd i å møte dei nye krava. Noko som har medført mangel på kvalifisert personale i dei ulike stillingane. Mange barnehagar driftar på dispensasjonar frå bemanningskravet. Fleire barn på avdelingane, og fleire små barn i barnehagen. Opningstida er blitt utvida, for å møte krava i samfunnet. Barnehagen skal vere ein service orientert organisasjon, som skal yte kvalitet.

Barnehagen blir omtalt i lovverket som pedagogisk verksemd(Barnehagelov, 2005-2012). I Soria Moria – erklæringa og st.meld. Nr 16(2006-2007).....og ingen sto igjen kjem dette også tydleg fram. Barnehagen blir innlemma som ein ynskja del av utdanning laupet. Sosial utjamning, tidleg tiltak, og livslang læring blir framheva. Barnehagen er blitt eit viktig ledd i utdanningslina, og skal preventivt vere med å forhindre drop- out i vidaregåande skule. Barnehagen sitt mandat og rolle vil til kvar ei tid spegla politikken, og samfunnet.

Vi kan trygt seie at barnehagen er ein historisk og kulturell konstruksjon, som har vorte danna etter behova i tida, samfunnet, og det rådande synet på familiens rolle i barnet sitt liv og læring. Kravet til innhald, målsetjing og kvalitet har endra seg i tråd med dette (Pålrud, 2007). Barnehagen skal vere ein service orientert organisasjon, som skal yte kvalitet(Barnehagelova 2005,2009,2012).

Styresmaktene sin politikk i Noreg er influert av New Public Management ideologien

(Christensen. T. Engeberg, 2 opplag 2008)

New Public Management (NPM). På norsk kallast det Norsk Offentleg Styring (NOS), er ein marknadsorientert form for styring.

Kunnskapsutvikling og kvalitet er sett på dagsordenen. Mål – middel - resultat mentalitet råder. Nokre hovudstikkord er: konkurranse, marknadsstyring, kunnskap, kostnadskutt, fokus mot økonomi, resultatstyring, kvalitet, profesjonell leiing, privatisering, auke i byråkratane sin autonomi, motverke ineffektivitet, service orientert, tenesteyting med vekt på brukarstyring, t.d. gjennom fritt sjukehusval (Christensen. T. Engeberg, 2 opplag 2008).

Kontroll og autonomi til dei ulike tenesteorgana. Byråkratiske verdiar, og lojalitet i systemet råder. Desentralisering, meir ansvar og oppgåver flytta “ned” på kommunalt nivå (kommunelova 1993). Dette ser vi spesielt i høve organiseringa av kommunane. To nivå kommunen er eit godt døme på den NPM influerte ideologien. Slik eg ser det, har dette hatt ein direkte innverknad, og konsekvensar for barnehagane i Noreg.

Den NPM influerte ideologien i styresmaktene sin politikk, har nok slik eg ser det hatt ein avgjerande faktor i forhold til overføring av barnehagen frå barn- og familiedepartementet, til utdanningsdepartementet. Barnehagen har gått frå og vera eit sosialpolitisk tiltak, til ein viktig del av utdanningslina. Rammeplanen, st.meld. kvalitetsmeldinga og det nye reviderte barnehagelova viser spor av NPM ideologien, samstundes skal barnehagen bevare sin eigenart og tradisjon. I tråd med NPM ideologien er profesjonell leiing, større autonomi til leiar, lojalitet oppover i organisasjonen, økonomistyring, læring, tidleg tiltak, dokumentasjon, ynskje om «testing» av barns utvikling og kunnskap, brukarundersøkingar, fokus på service, brukar sin rett til å bli høyrd og vurdera, organisasjonsutvikling, privatisering, kvalitet og brukarvennleg tilbod blant anna sett i fokus.

Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemد, som skal yte ei kvalitativ teneste ut til samfunnet(Barnehageloven, 2005,2009, 2012).

Gjennom stortingsmelding nr 27 (2000) sette Regjeringa kvalitet i barnehagen på dagsordenen. Dette lar seg komma til kjenne gjennom dei overordna føringane for barnehagen sitt innhald, gjennom politikken, i media og gjennom kvalitetsbeviste brukarar av barnehagetilbodet.

Barnehagane har med utgangspunkt i stortingsmelding nr 27(2000) blitt meir brukar vennleg. Utvida opningstider, heimesider og service ut til brukaren er fram tredande.

Stortingsmelding nr 27(2000) framhevar både kvantitet, utbygging av barnehagar og kvalitet i forhold til barnehagesektoren, det vart også poengtert at det er eit offentleg ansvar å sikre eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Med bakgrunn i dette la Regjeringa opp til ei samla kvalitetsutvikling i heile barnehagesektoren.

Stortingsmelding nr 27 (2000), avgrensa og la føringar for kvalitetssatsing på tre hovudområde:

*1. Barnehagen for alle barn, tilgjengelege barnehagar i tråd med barns og foreldres behov og økonomiske evne og et kompetent personale.*

*2. Gjennom føringane for kvalitetssatsinga vart barnet vart framheva som primær brukar av barnehagen, og at barnet si stemme skulle bli høyrd i utvikling av kvalitet i barnehagen.*

*Barn skal bli høyrd i planarbeid, i prosessen, i evaluering og vurderingsarbeidet.*

*Barnets opplevingar av barnehage kvardagen er ein av dei viktigaste peikepinnane på kvaliteten i barnehagen.*

*3. Personale sin heilsakaplege kompetanse blir framheva som ein grunnleggande resursane i kvalitetsarbeidet. Personale som har kompetanse, vilje og evne til endring og utvikling. Leiar sitt ansvar i høve til endringsprosessen vert framheva.*

*Endringskompetanse blir framheva som eit sentralt element i forhold til utvikling og kvalitetssikring av barnehagen sitt innhald. (Stortingsmelding nr 27, 2000)*

Som eit ledd i kvalitetssatsinga med fokuset mot barnehagen for alle barn, og tilgjengelege barnehagar i tråd med barns og foreldre sitt behov kom Ot.prp.nr 76 (2003) som var ei oppfylging av Stortinget sin avtale kring barnehagepolitikken.

Her vart det lagt fram forslag til kommunens plikt til å syte for barnehageplass til alle barn, og samordna opptaksprosess, samt eit forslag til lik økonomisk handsaming av offentleg og privat barnehage. Proposisjonen legg også fram forslag til redusert foreldrebetaling, maks prisar og sysken moderasjon.

Mykje har hendt etter dette, nytt lovverk og ny Rammeplan for barnehagen kom i 2006, men grunnlaget for endringar og overordna føringar vart lagt her. Her vart dei overordna rammene

for barnehagen danna. Vi har fått full barnehagedekning og maks pris på barnehagetilbudet. Barnehagen er i år 2012 tilgjengelig for alle.

Frå 2006 og fram til i dag, er personalet sin kompetanse blitt framheva som ein av hovudnøklane i arbeidet med kvalitet i barnehagen, men også at kvalitetsomgrepet er samansett, og ikkje einsarta.

Frå gamalt av stammar ordet kvalitet frå det latinske ordet *qua litas*, som tyder av kva. Dette etterspør korleis noko er. (Kvistad.K. Søbstad,F. 2007:29).

Svaret vi får, eller våre eigne svar vil vera prega av personlege opplevelingar av fenomena som vert etter spurt, noko som igjen innebere at våre tolkingar av kva som er kvalitet vil vera påverka av vår kompetanse, ideologi, kulturelle bakgrunn, våre personlegeforhold, våre grunnleggande ibuande verdiar o.s.v. (Søbstad, 3 opplag 2007)

Ut i frå dette kan vi trygt seia at kvalitet er diffus og vanskelig og måle. Ein flytande substans i stadig rørsle påverka av samfunnet, individua og kulturen som råder til kvar ei tid. Slik eg ser det vil for mange definisjonen på kvalitet vera noko som er haldbart, eller som fungerer bra. I tråd med dette er brukarundersøkingane retta mot offentleg sektoren vekst fram.

Rammeplanen(2006) framhevar foreldre og barnsmedverknad i kvardagen for å sikre kvalitet på innhaldet. Foreldre og barn skal ha innverknad og påverknad i planarbeid, og vurderingsarbeidet for å sikre ei kvalitativteneste.

Ein kvantitativ tilnærming til kvalitet, er måling og samanlikning (Søbstad, 3 opplag 2007). Ein kan måla kva som er lengst, eller varmast, t.d. kven som skåra best i klassen på dei nasjonale prøvane. Harde fakta.

Kan vi då snakke om målbar kvalitet i forhold til barnehagen? Det har vist seg og vera vanskelig å finne ein samlande definisjon på kvaliteten i barnehagen (Søbstad,3 opplag 2007).

Gjennom prosjektet *Den norske barnehagekvaliteten* (Søbstad, 3 opplag 2007: 29) vart det likevel foreslått ein definisjon på kvalitet i barnehagen:

«*Med barnehagekvalitet menes barnas, foreldrenes og de ansattes oppfatninger av og*

*erfaringer med barnehagen og i hvilken grad barnehagen oppfyller faglig og samfunnsmessig kriterier på hva en god barnehage er.» (Søbstad 2002:17).*

Mengdene av felles oppleving kan målast gjennom kvantitative undersøkingar t.d. brukarundersøking, som kan gje oss ein god peike pinne på korleis føresette opplever kvaliteten i barnehagen. Vi kan også nytte barneintervju og medarbeidar samtalar. Konkret måling og talfesting av den reelle ”kvaliteten” i barnehagen kan vanskelig la seg gjennomføre.

Kvalitet på innhaldet i barnehagen blir som vi ser knytt opp mot personalet sin kompetanse, organisasjonen sin evne til utvikling og læring, og ikkje minst personalet, eigaraar, foreldre og barn sin oppleving av barnehagetilbodet.

Gjennom Barnehagelova(2005,2009 og 2012) blir barnehagane pålagd å utvikla kompetanseplanar for dei tilsette.

Innleiingsvis viste eg til dei statlege satsingane på vidareutdanning av leiarar og førskulelærarar ute i sektoren.

Barnehagane i Noreg anno 2012 har per i dag eit lekmannspreg, med ein stor andel ufaglærte. Ca kvar tredje anset i barnehagen er utdanna førskulelærarar, kontra våre naboland Sverige og Danmark der talet er betydeleg høgare, med 50 – 60 % andel førskulelærarar i barnehagesektoren.

I følgje Statistisk sentralbyrå treng vi per i dag ca 4000 nye førskulelærarar, dette for og halde eit minstekrav. Fagforbundet og Utdanningsforbundet har sett fram krav om 50 % førskulelærarar tettleik i norske barnehagar, men også eit massivt kompetanselyft av det øvrige personalet. Forskarar ved Høgskulen i Volda påviser at eit fleirtal av nyutdanna førskulelærarar møter det dei oppfattar som manglande aksept for deira teoretiske kunnskap i møte med arbeidslivet. Dette kan relaterast attende til lekmannspreget i barnehagesektoren. Resultatet kan bli fatalt. Erfaringsbasert kunnskap blir lyfta opp og over skuggar / gjeve like stor, eller større legitimitet enn teoretisk - kunnskap(førstesteg.Utdanningsforbundet.1/2010:12).

Førskulelæraren si rolle og kompetanse blir usynleg gjort ute i feltet, og hemma i utvikling av barnehagen som læringsarena. I tråd med dette har staten satsa på vidareutdanning av

førskulelærarar ute i felten til rettleiarar. Målsetjinga er og gje kompetanse til førskulelærarane til imøtekomma kravet frå stat i høve oppfølging og rettleiing av nyutdanna førskulelærarar.

St.meld. nr 11(2009) påpeikar tydleg læringsomgrepet i rettleiing, og framhevar at det fyrste året for førskolelæraren ute i praksis må sjåast som ei forlenging av studie.

Alle teller meir(2009), evaluering av implementeringa av den nye Rammeplanen i barnehagen, viser positive, men også mindre positive sider. Dei mindre positive sidene var knytt til avgrensa midlar til implementeringa, og usikkerheit knytt til omgropa barns medverknad og dokumentasjon.

Evalueringa viser eit stort kompetansebehov i alle ledd og på alle nivå i heile barnehagesektoren.

St.meld. 41(2009) påpeikar gjentekne gonger tydinga av kvalifisert personale, og auke i pedagog tettleiken som eit viktig verkemiddel for å sikre kvaliteten i barnehagen. ( t.d. kap 4 )

Stortingets vedtak av kvalitetsmeldinga av 2 mars 2010, manar til ein debatt frå maks prisar, finansiering og antal plassar, mot kvalitativt innhald i barnehagen. Her blir også personalet sin kompetanse framheva som det viktigaste verkemiddel for å sikre og heva kvalitet på barnehagertilbodet. (Uthus.Preben.P. Utdanning. 6 mai.2011:38).

Dag Thomas Gisholt frå KD s barnehageavdeling, framheva på NOKUTs midt vegs konferanse at heving av kompetansenivået i barnehagen kanskje er det viktigaste utfordringa i det norske utdanningssystemet. Kunnskapsdepartementet ynskjer at alle tilsette i barnehagen skal ha utdanning i forhold til jobben dei skal utføra. ( første steg.1/2010). Rettar ein blikket vidare mot Rammeplanen(2006,2011) for barnehagen finn vi vidare: Rammeplanen for barnehagen(2006,2011) leggvekt på planarbeid, dokumentasjon og vurderingsarbeid som verkemiddel til å oppnå kvalitet på tenesta. Her innunder finn vi også omgrepet pedagogisk dokumentasjon.

I Rammeplanen(2006,2011) blir omgropa dokumentasjon, refleksjon og vurdering linka opp mot utvikling av den lærande organisasjonen. Ut i frå Dahlberg, Moss og Pence(2002) refererer omgrepet pedagogisk dokumentasjon til to relaterte forhold: prosess og innhald.

Pedagogen /personalet synleggjer barna sitt arbeid/virke i barnehagen, gjennom ulike former, t.d. notat, lyd opptak, foto osv. som dokumentasjon. Denne dokumentasjonen legg grunnlaget for refleksjon over det pedagogiske arbeidet i lys av målsetting. Refleksjonen blir gjort av pedagogen sjølv, i personalgruppa, sammen med barna, foreldre eller politikarene.

Pedagogisk dokumentasjon legg vidare grunnlag for planarbeid, nye målsetjingar og vidare pedagogisk arbeid med barnet og barnegruppa. I gjennom pedagogisk dokumentasjon lyt pedagogen / personalet reflektere over eigen praksis som eit verkemiddel for og fremje barnets utvikling og læring.

Eg har arbeida i barnehagesektoren sidan 1995. eg har hatt varierte rolle, og dei siste åra har eg også vore ein del av eit tilsynskorpset i regi av FOS(Forum for oppvekst i Sunnhordaland) og min kommune(vedlegg 1), og medlemsråde i fylke seksjon barnehage Utdanningsforbundet.

Barnehagelova(2005) påla kommunane og føra tilsyn med barnehagane i kommunen. Dette gjeld både kommunale og private barnehagar. Tilsynet er eit lovmessigt tilsyn, og skal ettersjå at barnehagane driftar etter lovverket. Tilsynet skal også rettleie barnehagane.

Tilsyn gjennomført i barnehagane i mitt distrikt er i regi av FOS(Forum for oppvekst i Sunnhordaland). Tilsyn kan skje uvarsla, men er som regel ein del av systemrevisjon(sjå vedlegg1).

Dette innebere at tilsynet er varsla god tid i førevegen, med gjeldande §§ for tilsynet. Som eit ledd i systemrevisjonen, skal organisasjonen sende inn all relevant dokumentasjon til tilsynsmynde for gjennomgang. Ved fastsatt dato stiller to frå tilsynskorpset opp i barnehagen. Tidsplanen er på førehand fastsett(sjå vedlegg 2.).

Tilsynet i barnehagen vil innehalda synfaring ute og inne. Observasjon, samtale, dialog og intervju med alle ledd i organisasjonen, frå eigar til assistent. Intervjuet tek utgangspunkt i utarbeida intervjuguid og sjekkliste knytt opp mot lovverket. Eigar og assistent vil ikkje få dei konkret same spørsmåla, men tilsvarande og tilpassa deira ansvar og rolle i organisasjonen. Målsetjinga er å sjå om innsendt dokumentasjon stemmer overeins med gjennomført praksis. Er det ein raud tråd i arbeidet. Tilsynet er eit lovmessigt tilsyn, og skal ettersjå at lova vert

fylgd(Barnehagelova 2005,2009,2012). Tilsynet vil munne ut i ein offentleg tilsynsrapport(vedlegg 3).

I bladet Utdanning nr 15/21(Nilssen.H.F. 2012:7) står det å lesa at i fylkesmennenes årsrapport for 2011 viser det at tilsynsmynde har avdekkta brot på Barnehagelova(2009) i 80 kommunar. Det vart gjennomført tilsyn med 99 kommunar. I 61% av desse kommunane vart det registrerte avvik gjeldande godkjenninga av barnehagedrifta, noko som innebere at ein stor andel barnehagar i Noreg blir drifta utan godkjenning.

I 38% av desse kommunane var avvike også knytt opp mot manglande pedagogisk bemanning. Med andre ord viser funna under tilsyn store mørketal knytt opp mot barnehagesektoren.

Gjennom eige yrke, og som tilsynsmynde har eg fått erfare prosessane i organisasjonen barnehage på nært hold. Dette leiar vidare til formålet med denne masteroppgåva.

## **1.2.Formål.**

Formålet med oppgåva vil være å ta pulsen på barnehagesektoren i prosessen frå å vera eit sosialpolitisk tiltak, til eit viktig ledd i utdanningslina, og korleis barnehagen har imøtekomme og løyst krav og føringer sett til barnehagen sitt mandat og rolle. Her har eg valt og leggje fokuset på omgrepene pedagogisk dokumentasjon og lærande organisasjon. Korleis har barnehagesektoren imøtekomme krava sett frå politikk og samfunn, ut i frå dei reelle forutsetningane som finnes ute i sektoren frå 2006 og fram til i dag desember 2012.

Med innleiinga og bakteppe som fundament, vil eg byggje oppgåva mi. Eg vel å nytte implementeringa av «den nye» Rammeplanen(2006) som inngangsparti for oppgåva. Her blir det viktig og sjå prosessen i kontekst med barnehagen sin organisatoriske oppbygnad. Innunder her blir det naturleg å sjå på leiar si rolle i prosessane, og organisasjonen sine rammefaktorar. Organisasjonen sin rammefaktorar kan fortelje oss mykje om leiar si rolle, personalet, krav, og føringer.

I innleiinga og bakteppe kjem det opp ulike faktorar som hevar seg sjølv fram. Strengare krav og føringer til organisasjonen. Kvalitet på tilbodet blir framheva. Som skissert innleiingsvis

under bakteppe for oppgåva blir middelet til ei kvalitativ teneste bunde opp mot fleire komponentar. Her innunder finn vi blant anna personalet sin kompetanse, leiar si rolle, og organisasjonsutvikling, eller som Barnehagelova(2005,2009,2012) og Rammeplanen for barnehagen(2006,2011) omtalar som den lærande organisasjonen.

Teorien eg vel å nytte i oppgåva mi for å belysa problemstillinga, vil vera teori eg finn relevant i forhold til å gje eit breiare innblikk i rammene for organisasjonen, som vidare slik eg ser det seier noko om leiar si rolle, og organisasjonen si målsetjing.

Eg kan ikkje hugse kvar eg las det, eller om eg høyrde det, eller kven sine ord det var, men eg har lagt meg det på minne. Eg veit ikkje om eg kjem til å referere dei rett, men eg fann dei så slåande sanne, så eg prøver: «For til fulle kunne forstå notida, og planlegge framtida, må ein kunne lese fortida, og analysere denne som ein tekst».

Med desse orda i tankane har eg bevist valt ein kvalitativ forskingsmodell, med ein introspektiv forskingstilnærming. Forskingsmetoden eg har valt er narrative. Eg har valt ei triangulering, med eit karakteristisk trekk av dualisme i forskingsprosessen.

I dette ligg det og sjå forskingsspørsmålet ut i frå tre ulike ståstadar i forhold til den same organisasjonen.

Eg trur det vil vera eit føremon og prøva å sjå prosessane frå implementeringa av Rammeplanen(2006) og fram til i dag frå fleire vinklar.

Med innleiinga og bakteppe som fundament for oppgåva, vidareført gjennom innsamla data, analyse og drøfting i lys av teori, er målsetjinga mi å prøve å få fram eit heilskapleg bilet av organisasjon barnehage anno 2012. Vonleg vil dette arbeidet kunna vera med å fremja barnehagen som organisasjon.

Dette leiar vidare til problemstillinga mi.

### **1.3. Problemstillinga.**

Ut i frå eigne tankar, interessefelt, og emne skissert i innleiinga, bakteppe og formål med oppgåva, har eg komme fram til følgjande problemstilling eg ynskjer å be lysa:

**I kva grad blir pedagogisk dokumentasjon nytta som eit leiarverkty for kompetanseheving, og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon?**

Noko som leiar til underspørsmåla:

- 1. I kva grad har organisasjonen sin oppbygnad/rammefaktorar noko å seie for prosessane mot måloppnåing?*
- 2. Kva rolle har leiar/styrar i denne prosessen?*
- 3. Korleis har og blir omgrepet pedagogisk dokumentasjon tolka, og iverksett ute i barnehagesektoren?*
- 4. I kva grad er det ein naturleg link mellom pedagogisk dokumentasjon, kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjon?*

Som skissert og grunngjeve under formål, har eg valt ein kvalitativ forskingsmodell, med ein introspektiv forskingstilnærming. Forskingsmetoden eg har valt er narrative. Dette kjem eg attende til under forskingsdesign.

Eg har valt ei triangulering, med eit karakteristisk trekk av dualisme i forskingsprosessen. Innhenta datamaterielle er frå fakta henta frå 16 offentlege tilsynsrapportar attende til 2010 og fram til i dag 2012. Mi eiga historie fortald som avdelingsleiar i barnehagen og styrt dialog med ein styrar ute i sektoren.

I teoridelen av oppgåva vil eg gå nærmare inn på barnehagen som organisasjon, leiar si rolle i det offentlege, organisasjonsutvikling/lærande organisasjon og rettleiing. Relevant teori og nytte vil vera Strand(2010), i høve barnehagen som organisasjon, leiing og utvikling.

For og utdjupa organisasjons utviklingomgrepet/lærande organisasjon vil eg nytta Argyris og Schøn(1996).

I teoridelen opp mot mi oppgåve ville det også vore relevant og gå i djupna på teoriar av Miner(1993) rollemotiv knytt til leiing, Max Weber(1971) byråkrati, Fayol (1949) einhetlig leiing, Polanyi(1966) Tacit knowledge, Senge(1990) leiar si rolle i utvikling av den lærande organisasjon, Brown og Duguid(1991,1997 og 1998) sensemaking, Moxnes(1993) kunnskapsbasert og erfaringsbasert læring, men eg har valt og ikkje nytta desse teoriane i denne oppgåva. Grunnlaget mitt med dette at for mykje teori kan lett skape kaos og lage lite oversikt i stoffet.

Avslutningsvis vil eg knyte teori og innsamla datamateriale saman gjennom drøfting av funn i analysen, før eg rundar av med ei oppsummering.

#### **1.4. Disposisjon.**

**I kapittel 1** har eg gjennom innleiing skissert barnehagens sin utvikling i korte trekk, etterfylgd av bakteppe, formål og problemstilling.

**I kapittel 2** presenterer eg mine val av kvalitativ forskingsmetode, vitskapsteori, Hermeneutikk, med introspektiv og narrativ metodisk tilnærming, samt refleksjon kring validitet, reliabilitet og etikk.

**I kapittel 3** presenterer eg relevant teori kring organisasjonen barnehage, leiar rolla i det offentlege, og den lærande organisasjonen

**I kapittel 4** presenterer eg datamaterialet mitt. Mine eigne historier, og styrka av innsamla fakta frå offentleg tilsynsrapporter.

**I kapittel 5** drøftar eg og analyserer innsamla datamaterielle i lys av nytta teori.

**I kapittel 6** Avrunding, «med eigne ord».

## **Kapittel 2 Forskingsdesign.**

Med bakgrunn i mi problemstilling med underspørsmål, har eg valt eit kvalitativt forskingsdesign.

Fordel med kvalitativ tilnærming er fleksibilitet og openheit i forhold til fenomenet som skal studerast (Thagaard,2010)

Ut i frå Thagaard(2010) gjev kvalitativ forsking ei bredde, og kan gje eit djupare innblikk i samansette fenomen, her med spesielt tanke på forståing av sosiale fenomen.

Ved å nytte meg av ei triangulering i forskingsprosessen er målsetjinga å få eit djupare og breiare innblikk i barnehagen sitt møte med dei «nye» krava og føringane sett til organisasjonen attende til implementeringa av Rammeplanen(2006), og korleis desse reelt har blitt/blir tolka og sett i verk ute i organisasjonen.

To av søylene i datamateriale er narrative tekstar. Ringdal(2009) omtalar denne forma for data som primærdata. Data som eg har samla inn sjølv med bakgrunn i gjeven problemstilling eg ynskjer å finna svaret på.

Den tredje søyla er funn henta frå tilsynsrapportar attende til 2010 og fram til 2012. Denne forma for data omtalar Ringdal(2009) som sekundærdata. Sekundærdata er innsamla data henta frå til dømes statestikk. Denne forma for data kan i fylgje Ringdal(2009) gje eit godt innblikk attende i tid. I mitt høve er dette data samla gjennom tilsynsrapportar attende til 2010 og fram til i dag 2012, og som har munna ut i offentlege rapportar som ligg på kommunen si postliste(Kvinnherad.kommune.no).

Eg kunne valt og fortelje «historia» til tilsynsrapportane i tråd med narrativforsking, men med tanke på eiga rolle i tilsynsprosessen og barnehagane si oppleving av å ha tilsyn, har eg funne det lite etisk og gjennomføra.

Tilsynsrapportane er eit resultat av systemrevisjon(sjå vedlegg 1), noko som inneberer at prosessen kring innsamlinga av data er gjort i tråd med kvalitativforsking.

Tilsynsrapportane sine harde fakta fortel ei historie i seg sjølv, og skisserer slik eg ser det godt

korleis barnehagane av i dag har tolka og sett i verk pålagde krav og føringar frå samfunn og politikk.

## **2.1 kvalitativ og kvantitativ**

Barnehagen som organisasjon er eit felt som det ikkje finnes særlig ”mykje” forsking på.

Thagaard (2010) påpeikar eit mangfold av data og analytiske metodar som vert nytta i kvalitativforsking. Slik eg tolkar Thagaard(2010) gjev desse ei breiare forståing og innblikk i sosiale fenomen i samfunnet som det er vanskelig å få tilgang til gjennom andre metodar, eller som i dette høvet organisasjonen barnehage.

Thagaard (2010) deler den kvalitative forskingsmodellen inn i fire: Intervju, observasjon, analyse av føreliggande tekst, og analyse av opptak. Tilsynsrapportane er eit resultat av denne prosessen(vedlegg 1).

Største forskjell mellom kvalitativ og kvantitativ metode er ut i frå Thagaard(2010) måten dei går inn i forskingsmaterielle på. Kvantitativ metode baserer seg på antal, mengde og utbreiing. Med andre ord «harde» fakta som viser konkrete tal, frå innsamla datamaterielle. Medan kvalitativmetode går i djupna. Analytiske tolkingar av konteksten den går inn i.

Thagaard(2010) vektlegg gjennom den kvalitative metoden dei analytiske forholda knytt opp mot forståing av sosiale fenomen. Materiale som ikkje lar seg eksplisitt samla gjennom kvantitativ forskingsmetode. Ut i frå Thagaard(2010) seier kvalitative metodar noko om eigenskapar og kvaliteten ved det ein ynskjer og undersøkje.

Med andre ord er innhenta data gjennom kvalitativmetode det vi kan omtala som «mjuke» data. Data som kan vera vanskelig og talfesta og målast i sameforstand som innhenta data gjennom kvantitativmetode.

Tilsyn gjennomført som systemrevisjon er ei samanslåing av tre av Thagaard(2010) sine kvalitative forskingsmodeller. Dokumentanalyse, dialog, observasjon, og intervju. Desse har lagt grunnlag for analyse og dei ferdigstilte tilsynsrapportane.

Når eg vel å nytta meg av funna gjort i tilsynsrapportane, som ein del av datamaterielle går vi over til det som Thagaard(2010) omtalar som dokumentanalyse, eller innhaldsanalyse. Ut i frå Thagaard(2010) skil dokumentanalyse seg frå data forskaren sjølv har samla inn, ved at data i dokumentet er skrive for eit anna formål enn forskaren skal nytte dokumentet til.

Thagaard (2010) framhevar tydinga av systematikk og innleiving som viktige aspekt ved kvalitativ forsking.

Som tilsynsmynde på oppdrag ute i sektoren føresete det systematikk. Tilsynsmynde lyt ha ein reflektert forhold til innsamling av datamaterielle, analyse og tolking av desse opp mot lovverket, Barnehagelova(2012). Malen for tilsynet, og intervjuguide er utarbeida av tilsynskorpset, godkjent av fylkesmannen og redigert underveis ved behov. Tilsynet er strukturert, og med ei klar målsetjing. Det er alltid to som held tilsynet, medan ofte er ein tredje person med som observatør. Dette for kvalitetssikring. Ved å komme i organisasjon, observer, ha ein dialog og intervjuer får ein større innsikt og forståing. Det er dette som eg tolkar Thagaard(2010) omtalar som innleiving.

Her ligg eit «hav» av forskingsmateriale klart til bruk, som gjev ein god peikepinn på korleis prosessane i barnehagane er, og har vore etter implementeringa av Rammeplanen(2006).

Ut i frå problemstillinga mi er det relevant å gå inn og sjå kor mange barnehagar som har fått avvik og merknad under §2 Barnehagens sitt innhald.

Dei to andre søylene i datamaterielle av narrativkarakter. Mi eiga historie attende i tid, og fram til i dag, og styrar si historie.

I oppgåva mi er målsetjinga å lese kulturen, og ta pulsen på barnehagen som organisasjon, noko som fell godt saman med hermeneutikk.

## **2.2 Hermeneutikk.**

I fylgje Popper(1972:162) består ein hermeneutisk fortolking i at forskar rekonstruerer den problemsituasjonen som den historiske eller sosiale aktøren står overfor. Vi forstår aktørane si handling dersom vi betraktar dei som forsøk på og løysa eit gitt problem. Løysinga vil vera avhengig av aktørane sin kunnskap, kva midlar dei har til rådvelde o.s.v.

Ut i frå Popper(1972) stammar hermeneutikk frå fortolking av tekstar. Ser ein hermeneutikk ut i frå eit samfunnsvitskapleg ståstad, kan ein seia at forskingsprosessen er å lese kulturen kring oss som ein tekst, fortolking har ein sentral plass.

I høve mi masteroppgåve, problemstilling vil eg gå inn i organisasjonen gjennom mi eiga historie, og styrar si historie. På denne måten vil eg prøve og lyfte fram prosessen i høve implementeringa av Rammeplanen(2006), og fram til i dag. Eg vil prøve å rekonstruere den historiske problemsituasjonen i høve implementeringa av Rammeplanen(2006), med nye sterke krav og føringar lagt på barnehagen som organisasjon.

Gilje og Grimen(2009:143) seier at hermeneutikk er den grunnleggjande retninga innanfor all kvalitativ forsking som stammar frå eksistensialistisk filosofi. Vidare seier Gilje og Grimen(2009) at hermeneutikk kjem frå gresk og tyder utlegningskunst, eller forklaringskunst.

I datamateriale er målsetjinga å fortelje historia, og prosessane i organisasjonen .

Menneske fortolkar, og forklarar kva dei gjere, og ser seg sjølv i forhold til samfunnet dei tek del i. Dette finn vi igjen i den kanadiske filosofen Charls Taylors(1985) sin ide om mennesket er eit sjølvfortolkande dyr, i artikkelen «Interpretation and science og man». Ut i frå dette synspunktet og tradisjon, må forskar fortolke noko som menneske allereie har fortolka. Samfunnsvitskapleg forsking bygger på mennesket sin erfaringar og opplevingar, med bakgrunn i deira tolking av seg sjølv, eiga rolle og samfunnet.

Max Webber(1985) sin filosofi understøttar dette. Han meiner det er fundamentalt å ta tak i menneske som sosiale aktørar, deira oppleving av seg sjølv, og verda kring seg.

Anthony Giddens(1976) lanserte omgrepet dobbel hermeneutikk. Giddens(1976) meiner at som forskar må ein ta fatt i det uunngåelige, mennesket som fortolker seg sjølv, og samfunnet. Samstundes som forskeren må gå videre, og ut av mennesket sin sjølv fortolking av seg sjølv og samfunnet, til eit breiare perspektiv. Giddens(1976) seier at forskaren må gå vidare, fortolka menneska sine «sanningar» innafor rammene for eit samfunnsvitskapleg språk, og teori knytt til dette. I Giddens(1976) sine utsegn finn eg relevans til mi masteroppgåve.

I mitt forskingsdesign vil eg nytte mi eiga historie, her vil eg fortolke meg sjølv. Finne mi sanning ut i frå mine referanserammer, og slik eg tolkar samfunnet. Ved å gå vidare og nytte styrar si historie, og offentlege tilsynsrapporter som ein del av empirien, vil eg oppnå eit breiare perspektiv, eller ei triangulering. Mi fortolking av «tekstane», drøfta i lys av etablert teori vil ut i frå mitt synspunkt stetta Giddens(1976) sin «tanke» kring omgrepet dobbel hermeneutikk.

Clifford Greertz(1983) skil her mellom erfaringsnær og erfaringsfjern. Ut i frå Greertz(1983) kan erfaringsnær omtalast som eg. Det som ligg meg nært. Mine tolkingar av meg sjølv, andre og samfunnet. Mi eiga historie fell inn under det Greertz(1983) omtalar som erfaringsnært. Men ser vi dette i eit litt breiare perspektiv tolkar eg Greertz(1983) slik at også styrar si historie, og dei offentlige tilsynsrapportane fell inn under denne kategorien. Det er eg som fortolkar styrar si historie og set den i tekst. Denne teksten legg vidare bakgrunn for min analyse og drøfting.

Tilsynsrapportane er skrivne i tekst, og funna frå tilsyna er oppsummert. Sjølv om funna er nedskrivne av andre, og oppsummert, er det eg som les desse funna og tolkar meiningsinnhaldet i dei. Noko som vil vera med og leggje grunnlaget for vidare drøfting opp mot problemstillinga mi. Greertz(1983) seier at erfaringsfjern kan omtalast som omgrepet som «eget» ikkje ville nytta for å tolke seg sjølv, andre og samfunnet. Her kjem teori innunder.

Ut i frå Greertz(1983) kan det være ei flytande linje mellom desse to omgropa. Greertz(1983) seier vidare at omgropa og teori vi finn på den erfaringsfjernesida kan gjennom utvikling, tileigning av ny kunnskap og erfaring bli erfaringsnær. Greert(1983) seier vidare at problematikken for forskaren kan i mange høve oppstå i denne gråsona mellom erfaringsnær og erfaringsfjern gjennom fortolkingsarbeidet. Han vektlegg ein vekselverknad mellom

fortolking, forståing og samanheng/konteksten med det som må fortolkast i. ei stadig rørsle mellom dei ulike faktorane i prosessen, men som heiletida peikar attende til forklaring. Og samanheng.

I mitt datamaterielle vil mine eigne erfaringar og opplevingar stå sentralt, saman med styrar si historie og tilsynsrapportane. Mine fortolkingar og analysar vil vera avgjerande og sjåast i samanheng med relevant teori på feltet. Ein vekselverknad av det som Greertz(1983) omtalar som erfaringsnær og erfaringsfjern, målsetjinga er å oppnå ei breiare forståing, ny kunnskap. Eller det som Greertz(1983) omtalar som ein overgang av den kunnskapen vi per i dag har på den erfaringsfjerne sida, til å bli ein del av eget på den erfaringsnærme sida.

## **2.3 Introspektiv forskingstilnærming**

Ut i frå Befring(2007) tyder introspektiv sjølvstuderande, eller sjølvstudium.

Mitt forskingsdesign har ein introspektiv narrativ karakter. For til fulle kunne dra nytte av eigne erfaringar ute i sektoren, for verkeleg prøva og «snusa» på rota av «tilstanden» har eg valt å bygge forskingsdesigne mitt opp som ei triangulering. Her vil mi eiga historie stå sentralt som ein søyla i datamateriale. Mine erfaringar og tolking av konteksten i høve implementeringa av Rammeplanen(2006) og fram til i dag vil stå sentralt i empirien.

Eg har stilt meg sjølv open, og «naken» gjennom prosessen. Eg har nytta ei narrativ strukturert framstilling. Under skriveprosessen har eg latt mine med kollegaer ute i felten lese gjennom oppgåva mi. Ein prosess eg personleg har funne avskrekande, dette særskilt med tanke på mi eiga introspektiv forskingstilnærming. Attendemeldingane eg har motteke har vore varierande, frå og kjenna seg igjen, til og vera totalt uforståande til mine utsegn. Som eg innleiingsvis i dette avsnittet skreiv har eg stilt meg open, og «naken». Min eigen inkompetanse frå 2006 og fram til i dag 2012 har komme tydleg fram, noko eg har funne ubehageleg, men likevel viktig.

Introspektiv forskingstilnærming omtalar Befring(2007) som grunnleggjande innanfor fag som har menneskeleg læring, utvikling og samhandling som sine hovudområde. Her kan ein finne tydlege fellestrek til mi masteroppgåve, og forskingsdesign. Med utgangspunkt i mi rolle, og nærvær til organisasjonen vil dette stille ekstra krav og utfordring til meg i forskingsprosessen. Det kan være ei utfordring å klare å distansere seg frå eige innsamla datamaterielle og ta på seg eit «forskarbriller», og sjå oppgåva utanfrå, og ned. Attendumdingane frå mine kollegaer har kunna påverka forskingsprosessen. Eg vonar likevel at mi eiga beviste tanke kring dette har gjeve meg eit meir nyansert blikk under sjølve prosessen, og har hjelpt meg til å prøve å distansere meg og få eit objektivt blikk under analysearbeidet og drøftinga.

Befring(2007) påpeikar tydinga av at det må vera gjennomført med ein viss systematikk gjennom forskingsprosessen. Gjennom mi oppgåve der eg framstiller mi historie i tråd med narrativ forskingsprosess vonar eg dette kravet vil vera stetta.

## 2.4 Narrativ forskingsmetode

Ein del av datamaterielle mitt vil ha ein Narrativ karakter. Spence(1982) set eit skilje mellom narrativsanning og historisk sanning.

Ut i frå Spence(1982) er narrativsanning knytt opp mot korleis eg hugsar attende til hendingar, og kva som la grunnlaget og mine tolkingar av dette. Ut i frå mine tolkingar vil då narrativsanning vera prega av meg som menneske, min hukommelse, mine subjektive kjensler, oppleveling og tankar, eller mi tolka sanning av mi historie. Når eg då fortel mi historie vil den komme inn under kategorien narrativsanning, sjølv om historia vil ha haldepunkt i mine eigne referat attende i tid, tidfesta hendingar og nedskrivne notat og utsegn frå andre. Eller det som Spence(1982) omtalar som subjektive opplevelingar og tolkingar av ulike memorerte fenomen.

Historisk sanning er ut i frå slik eg tolkar Spence(1982) knytt opp mot handfaste og reelle hendingar som kan understøttes med ulike typar dokumentasjon/bevismateriale. Her kjem den andre støtta i mi triangulering av forskingsdesign inn. §2 i Barnehagelova(2005,2009,2012)

omhandlar barnehagen sitt innhald, og er relevant i forhold til problemstillinga mi. Avvik og manglar under denne § i tilsynsrapportane kan linkast direkte til problemstillinga mi. Avvik fortel at barnehagen ikkje driftar etter lova. Merknad kan på sikt føra til avvik(FOS, 2009).(vedlegg 1)

Ved og nytta resultata av 16 tilsynsrapportar attende til 2010, då med blikk mot §2 barnehagens sitt innhald(Barnehagelova 2005,2009,2010) som ein del av empirien, vonar eg å få ein nyanse, og bredde i datamaterielle mitt.

Spence(1982) påpeikar tydinga av at ein forskingsprosessen er seg beivist forskjellen i desse to narrativmetodane, og korleis dei vert nytta. Slik eg tolkar Spence(1982) vil det gjennom ein forskingsprosess ha stor tyding at ein greier og samanfatta historisk og narrativsanning.

Gjennom mitt val av forskingsdesign og metode, der eg nytta ei triangulering, med karakteristiske trekk av dualisme har eg prøvd å få dette stetta.

Mi historie som er bygd opp kring eit introspektivnarrativ forskingsdesign.

Styrar si historie som er bygd opp som ein samtale/dialog styrt av problemstilling og forskingsspørsmåla mine, igjen fortalt av meg , ut i frå mine notatar og slik eg hugsar og tolka styrar sine utsegn. Styrar har i ettertid lest gjennom datamaterielle og godkjent dette. Historia blir på bakgrunn av dette igjen fortalt av meg, men med direkte sitat av styrar.

Oppbygging av forskingsprosjektet mitt finn eg støtte i hjå Goodson(2000). Slik eg tolkar Goodson(2000) påpeikar han tydinga gjennom vitskapleg arbeid og sjå forskjell på, men likevel greie og samanfatta subjektiv livsskildring(life story) og livshistorie(life history) i ein større kontekstuell samanheng. Goodson(2000) påpeikar djupna i denne prosessen, som gjev innblikk i heilskapen, både individuelt, rasjonelt og historisk. Vidare framhevar Goodson(2000) ein open, fleksibel og reflektert tilnærming i vitskapsarbeid. Goodson(2000) framhevar dialog som sentralt i denne prosessen, som bakgrunn for refleksjon, nye idear og djupare forståing.

Slik eg tolkar Goodson(2000) stettar mi forskingsoppgåve dette kravet. Gjennom prosessen har eg nytta meg av mine kollegaer som har lest oppgåva mi, samstundes som dette har medført gode faglige diskusjonar kring emnet. Diskusjonar og meinig ytringar som har medført at eg har reflektert over mine eigne tankar, funn og gjeve meg nye tankar og idear i

prosessen. Gjennom dialog/samtale med styrar opplevde eg å få eit breiare innblikk i styrar sine tankar og meiningar i høve prosessen i organisasjonen barnehage. Sidan dette heller ikkje var eit styrt intervju, men hadde sine rammer med utgangspunkt i problemstillinga og forskingsspørsmål, opna dette for ein fleksibel og open samtale/dialog der styrar fekk fortelje og vektlegge de ho fann som viktig.

Slik eg har tolka den narrative metoden ut i frå faglitteraturen, ser eg den narrative metoden som eit resultat av mennesket sitt ibuande behov for og fortelje, sjå samanhengar å skape orden i tilvere. Rydde i kaos av hendingar, dra parallellear mellom hendingar i fortid og notid. Ei fortolking av historiene i livet som bidreg til å skape orden og samanheng. Kva faktorar som har påverka historia, kvifor ting vart slik dei blei, stadig fortolkingsprosessar som kan fremje læring hjå individet.

I tråd med arbeidet mitt vil eg nytte meg av forteljing, eller narrativ analyse.

## 2.5 Narrativanalyse

Narrativanalyse, eller fortellingsanalyse er ut i frå Thagaard(2010) og setje fokuset på samanheng mellom struktur, innhald og plott. Ut i frå Thagaard(2010) set historia som blir formidla hendingane inn i ei tidsline, der forteljar si forståing og tolking av samanhengane i hendingane er sentral. I analysen av forteljinga vil tidslina ha mykje og seie. Forteljinga vil vera prega av strukturen i historia.

Slik eg tolkar Thagaard(2010) vil forteljinga vera bygd opp av hendingar i ei viss rekjkjefylge som gjev mening til historia, og legg grunnlaget for strukturen i historia. Ut frå Thagaard(2010) kan historia sin struktur omtalast som historia sin logikk. Logikken vil ut i frå Thagaard(2010) gje mening til hendingane i historia. Meininga i historia kan ut i frå Thagaard(2010) omtalast som plott. Thagaard(2010) seier at plottet gjev meinig, årsak og motivasjon.

Slik eg tolkar Thagaard(2010) vil då bakgrunnen for/tema for historia, innleiing og tidsdimensjon gje historia meining. Ut i frå Thagaard(2010) vil historia bli drive på fram

strukturert, og utløyst av informanten sine val. Strukturen i historia vil vera bygd på ein indre logikk. Denne logikken viser plottet i historia.

I høve datamaterielle mitt, vil då problemstillinga med forskingsspørsmål danne bakgrunn, og tema for historia. Historia vil ut i frå dette vidare utvikla seg på bakgrunn av mi, og informanten si tolkingar av «sanninga», og val gjort på vegen har lagt grunnlaget for handlinga.

Thagaard(2010) sin mal for analyse av narrative tekstar er i tråd med retningsliner Coffey & Atkinson(ibid.57-67) gjev. Thagaard(2010) seier at analysen av strukturen i historia legg grunnlaget for fortolking av plottet i forteljinga.

Historiene startar med implementeringa av «den nye» Rammeplanen(2006), og går fram til i dag 2012. Her finn vi historia sitt tidsaspekt. Historiene skisserer ei bestemt tidsrekke, der meinинг, hending, oppfatning og samanheng har ein sentral plass.

I høve mitt datamaterielle er det eg og styrar som fortel våre historier. Desse historiene vil vere prega av vår ståstad i organisasjonen, mål/rammer for organisasjonen. Individet si ibuande kunnskap er med på å legge vegvala, sette i gong prosessar og arbeidsmetodar. (sjå kapittel Hermeneutikk).

Hendingane i historiene er eit resultat av forteljar si/sin oppfatning av grunnlag, og samanheng i herdings førelaupet vil ha stor tyding. Ut i frå slik eg tolkar Thagaard(2010) vil ein gjennom undersøking av plottet i historia fortolke forteljar si forståing av samanheng og hrending, samstundes som strukturen i historiene kan gje meg meiningsinhaldet i historiene. Med bakgrunn i Thagaard(2010) må fokuset mitt i analysearbeidet då vera retta mot struktur, innhald og plott. Innleiande spørsmål, historia og avslutta med poenget i historiene.

Mi rolle i forskingsprosessen er tveggja. Eg er informant, men også forskar på feltet. Dette set ekstra krav til meg i analysearbeidet. Problematikken her kan vere nærliek til eigen organisasjon og «eigarskap» til problemstillinga. På den andre sida er nærliken til organisasjonen, og problemstilling med forskingsspørsmål er ikkje nødvendigvis bare ein utfordring. Ut i frå slik eg tolkar Thagaard(2010) blir nærliek til organisasjonen som ein forskar på vera eit føremón.

Mi historie veks ut frå korleis eg hugsar attende i tid baset på eige minne, notatar, gamle årsplanar, halvtårvurderingar og møtereferat. Sjølv om eg har nytta meg av notatar, gamle årsplanar o.s.v. vil historia mi vil truleg vera farga av mine eigne tankar i ettertid kring hendingsførelaup, og mine konklusjonar og mi sanning. Historia har nok også vore med å danne bakgrunnen for mitt val av problemstilling for denne oppgåva. Min eigen beviste tanke kring dette har gjort prosessen kring analysearbeidet vanskelig, men også drøftingsdelen. I analysearbeidet har den største utfordringa vore å distansere meg frå eiga historie. Prøve å sjå «funna» i datamaterielle mitt med objektive auger, samstundes som prosessen ved å lese gjennom eiga historie har vore tøff. Tøff i den forstand at eg har svart på kvitt kunne lese eigen inkompétance, samstundes som eg i det underbeviste har hatt med meg at dette skal også andre lese.

Samtale/dialog med styrar med bakgrunn i problemstillinga og forskingsspørsmål er basert på styrar sitt minne, og kva styrar i «situasjonen» hugsar best, og vektlegg frå prosessen og fram til i dag. Kva utløysande faktorar som styrar ser som avgjerande, og kva som har påverka vegvala og målsetjingane, leiar styrar si historie fram til i dag. Slik eg tolkar Thagaard(2010) kan det førekome at forskar som analyserer narrative tekstar kan finne eit anna plott i historia en informanten har tenkt, med dette i baktankane sette det ekstra press på meg i høve styrar si historie.

Eg måtte i lengre tid legge det innsamla datamaterielle til sides. Nærleiken til eiga oppgåve, med problemstilling og forskingsspørsmål gjorde at eg tok meg sjølv i å flagge ut ord og hendingar som var tenleg for meg i skriveprosessen. Min bak forligande tankar for oppgåva vart det styrande. For å vise styrar rettferd i analysearbeidet, måtte eg prøve å distansere meg frå sjølve oppgåva og skriveprosessen. Etter 14 dagar kunne eg plukke fram datamaterielle, og lese gjennom med nokolunde objektive auger. Ved enda prosess fekk styrar lesa gjennom det ferdigstilte produktet, med mogleik for innspel. Små endringar i historia og analysen vart gjennomført. Ved å gjennomgå denne prosessen på førehand av analysen, og i etterkant saman med styrar, vonar eg dette er med å kvalitetssikre mine funn i analysen, og styrkje validiteten til datamateriale. Samstundes som dette kan høyres forskingsmessigt riktig ut, og edelt ut, må eg innrømme at det også låg etiske føringar til grunne for mitt val.

Datamaterielle innhenta frå dei 16 tilsynsrapportane er som eg tidlegare har skissert i føregåande kapittel, er eit resultatet av kvalitativ undersøking. Tilsynsmynde har samanfatta funna sine i analysen inn i tilsynsrapportar. Funn i tilsynsrapportane knytt opp mot merknad og avvik under §2 vil vera relevant i forhold til problemstillinga mi.

Eg har valt og ikkje fortelja historia til tilsynsrapportane med eigne ord, noko som eg logisk kunne, og kanskje burde gjera med omsyn til mitt val av den narrative metode. Grunnlaget mitt for dette er å prøve og motverka det som Thagaard(2010) omtalar som forskar med eigen «bagasje» i fortolking av teksten. Ved å velja kunn å sjå på tilsynsmynde sin konkrete funn i forhold til avvik og merknadar under §2, distanserer eg meg frå mi eiga rolle som tilsynsmynde, og les rapportane som fakta. I dette høve er den narrative teksten alt fortolka og analysert av andre, og eg sit igjen med funna frå analysen. Ved å nytte meg av desse tre ulike innfallsvinklane, der eg har prøvd å få fram ulike nyansar som ikkje bare er dia frå eige bryst, men henta frå andre sine historier og analysen av desse gjort av andre. Ved å nytta meg av funn i tilsynsrapportane bevegar eg meg inn på emne Thagaard(2010) som dokumentanalyse.

I analysearbeidet vil det vere hensiktsmessig å ta utgangspunkt i forskingsspørsmåla mine som overordna faner i oppsummering av mine funn i datamateriale. I denne delen vil det ut i frå forskingsdesigne si oppbygging som ei triangulering naturlegvis ikkje bli analysert funn henta frå tilsynsrapportane. Desse funna vil bli nytta i drøftingsdelen.

I analysesedelen vil eg med bakgrunn i narrativanalyse samanfatte og reflektere over funna. Funna mine vil eg drøfta i lys av teori henta frå teorikapittelet. I alt forskingsarbeid vil dei etiske dimensjonane stå sentralt. Redlighet i forhold til innsamla datamateriale og teori.

## **2.6. Etikk**

Historia mi vil vera prega av mine tolkingar og observasjonar. I den kvalitative forskingsprosessen er forskar ute i felten for å samle inn data materiale. Gjennom denne prosessen vil dette medføre etablering av relasjonar. Her kan det oppstå etiske utfordringar. Val ein gjere og konklusjonar kan påverke informanten.

Thagaard(2010) seier ein skal vera seg bevist dei etiske utfordringane i prosessen og i det ferdigstilte forskingsdokumentet. ”etisk ansvarlege tilseier at forskaren får fram bredde og nyanserikdom på materiale”(Thagaard T 2010:229).

Bodgan og Birkeland (1998) deler den forskingsetiske normen inn i fire punkt.:

*Dei forskingsetiske normene kan delast inn i fire punkt: Identiteten til informanten skal haldast skjult.* (Bodgan og Birkeland 1998)

I høve mi oppgåve vel eg å stå fram som hovudinformant. Eg fortel mi historie basert på mine opplevingar, nedskrivne notat, observasjonar, samtalar, intervju og fakta henta frå tilsynsrapportar.

Punkt ein:

*Anonymisering i forhold til tekst og munnleg innhenta data og informasjon. Data skal ikke kunne sporast attende til informanten.* (Bodgan og Birkeland 1998)

Mine data er anonymisert gjennom å forsvinne i mengda. I dette legg eg at gjennom deltaking i prosessar ute i barnehage sektoren på eigne arbeidsplassar gjennom desse ti år (3 stk.), basert på eigne referat, utsegn og nedskrivne notatar.

Tilsynsrapportane er offentlege, og ligg på kommunen si offentlege postliste. Eg går ikkje inn i enkelt rapportar og namngjev barnehagar.

Tilsynsrapportane er offentlege, noko som innebere at det ikkje byr på etiske dilemma.

Innsamla data er også henta frå dialog med styrar. Her har eg fått godkjenning av informanten til å nytte styrar sine erfaringar, tankar og direkte sitat. Styrar har skrive under på ei godkjenning som ligg ved oppgåva(vedlegg 4). Underskrifta til styrar er sjølvsagt fjerna på godkjenninga, dette for og halde informantane sin identitet anonym.

Punkt to:

*Forskaren må vera seg bevist si rolle, og møta informanten ute med respekt og tillit skapande væremåte.* (Bodgan og Birkeland 1998)

Gjennom min forskingsprosess har eg delteke i ulike settingar, i ulike roller, noko som har

medført at informasjonen eg har motteke ikkje har vore prega av forskar informant forhold. Det innebere slik eg ser det ein større openheit. Eg har kunna få eit breiare innblikk i barnehage kvar dagen, i forhold til prosessar, glede og utfordringar på vegen. Eller eg kan seie at eg har gjennom min nærliek til organisasjonen ut i frå ulike roller og settingar fått teke den reelle pulsen på organisasjonen i regionen min. Utfordringa her er min eigen nærliek til organisasjonen, og mine eigne tankar og haldningar til utfordringane i organisasjonen, desse vil/kan vera med å farge mi historie og innsamla data, og ikkje minst mine refleksjonar kring problemstillinga.

Punkt tre:

*Forskar skal alltid avklare kva målet med undersøkinga er, kva det vil innebera for informanten å delta i undersøkinga og kva det innsamla materiale skal nyttast til. (Bogdan og Birkeland 1998)*

Målsetjinga med oppgåva er og setje søkjelyset på barnehagesektoren av i dag, men for å få ei breiare forståing av kvifor, og kva som legg grunnlaget for kvar vi står i dag.

Eg har eg nytta meg av ein narrative forskingsmetode. I samband med dette har eg hatt samtale/dialog med utgangspunkt i mi problemstilling, og forskingsspørsmål. Målsetjinga med denne dialogen/samtalen er å få fram styrar si historie kring prosessen frå implementeringa av den ”ny” Rammeplanen (2006), og fram til i dag. Få eit innblikk i korleis det har blitt, og blir teke tak i omgrepa i Rammeplanen frå eit styrar/leiarperspektiv, og kvar dei står i dag. Nøkkelord i denne prosessen er pedagogisk dokumentasjon – dokumentasjon, kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjonen. Her blir det viktig og anonymi sere kjeldene. Før eg ferdigstiller masteroppgåva vil det også vere avgjerande at informantane får lese gjennom min tolking av historia, og om eg har vore tru mot styrar gjennom nedskriving av direkte utsegn, og om desse har fått si opphavlege meining slik eg har sett dei inn i samanheng.

Punkt fire:

*Redlighet i prosessen. Innsamla data som ikkje passar, eller av ein ubehageleg karakter skal takast vekk. Fabrikkert data har heller ikkje noko i oppgåva og gjere (Bogdan og Birkeland 1998)*

Mine data er i hovudsak i tråd med introspektiv narrative forskingsmodell, henta frå eigne observasjonar, erfaringar opplevingar gjort av meg sjølv, som vist til under punkt tre, skal min informant lese gjennom datamaterielle før eg ferdigstiller oppgåva. Eventuelle upassande, eller ubehageleg data vil bli fjerna. Eller data som er sett saman slik at dei gjev ei anna meining en informanten ville få fram gjennom historia si.

Data eg har nytta vil som eg tidlegare har skissert vera prega av mi fortolkingsramme, og mi rolle i organisasjonen.

Fakta data henta frå offentlege rapportar frå tilsyna, er som sagt offentlege. Her er det «kalde» fakta utan «kjøt», noko som innebere at eg ikkje kan tillegga desse funna noko anna meining en det eg reelt ser på «papiret». Noko anna vil vera synsing frå mi side, og ikkje minst uetisk.

Målsetjinga mi ved og nytta funn frå tilsynsrapportane er og setje fokus mot organisasjonen, frå tre ulike vinklar for å få ein bredde i datamateriale. Kva seier «fakt» attende til 2010 om barnehagen si gjennomføring og tolking av t.d. pedagogisk dokumentasjon. Her vil det være naturlig å eliminere alle andre avvik og merknadar som måtte være å finne i tilsynsrapportane, og bevare fokuset mot § 2, som seier noko om innhaldet i barnehagen. Fakta henta frå tilsynsrapportane, mi eiga introspektive narrative historie, og styrar si narrative historie, forma ut i frå problemstilling og forskingsspørsmål gjennom samtale/dialog, med nedskrivne direkte sitat frå styrar vil slik eg ser det gje ei bredde på det innsamla datamateriale, noko som leiar til validiteten til forskinga mi.

## 2.7. Validitet

Omgrepet validitet er i utgangspunktet knytt til kvantitativ forskingsarbeid. Ut i frå Befring(2007) har validitet i forhold til kvalitativ forsking ei litt anna forståing. Validitet er knytt til spørsmålet kring forskinga si gyldighet. Det seier noko om analyseeininga, metode og resultat skal ha relevansen for problemstillinga ein søker svar og breiare forståing kring. Ringdal(2009) omtale dette som begrepsvaliditeten. Måler vi det vi faktisk ynskjer å måle. Vidare viser Ringdal(2009) til indre validitet og ytre validitet.

Indre validitet og ytre validitet er også to viktige omgrep og forholda seg til. Desse seier noko

om prosessen, rammene og årsakssamanhang.

Ringdal(2009) seier at indre validitet fortel om kontrollgraden på eksperimentet. Stor kontrollgrad, styrkar den indre validiteten, men svekker den ytre validiteten.

Vidare seier Ringdal(2009) at den ytre validiteten seier noko om nærleiken til realismen. Dette er ein fin balansegong.

Gjennom kvalitative studie er det logisk å oppnå ein høgare grad av ytre validitet. Gjennom min studie og val av introspektiv og narrativ forskingsmodell vil det vera mest naturlig at det ikkje blir den generaliserande kunnskapen som vert fram tredande.

Ut i frå dette er det ser eg problematikken knytt til kvalitative studie i forhold til faren for subjektivitet som fylgjer med. I prosessen med skriving av mi masteroppgåve har eg nytta mine med kollegaer ute i felten til å lese gjennom oppgåva. Attendemelding eg har motteke, spesielt då retta mot den introspektive narrative delen har vore blanda. Utsegn som:" Dette var ikkje slik eg opplevde prosessen, og utfordringane", har vore sentrale. "Du har vore alt for "mjuk" i dine uttaler", eller "din historie stemmer ikkje med min oppleving, eg har heile tida vist kva som låg i omgrepet pedagogisk dokumentasjon, det har vi jo nytta attende til eg var nyutdanna forskulelærar". "pedagogisk dokumentasjon er ikkje eit nytt omgrep, vi lærde om praksishistorie allereie på 80 talet. Dialogen med mine kollegaer i prosessen og undervegs har gjeve meg nye tankar, og sett problemstillinga mi med forskingsspørsmål i perspektiv. Eg skal heller ikkje undergrava faren ved at mine kollegaer sine utsegn kan påverke mitt hugs, setje tvil til eiga historie. Eg har valt og vera tru mot mitt skrivne ord, og ikkje endra historia i ettertid på bakgrunn av mine kollegaer sine utseg. Samtale og dialog med mine kollegaer har nok vore med å lyfta blikket mitt, og sjå eigen skriveprosess, og problemstilling med nye auger, men også mitt innsamla datamateriale, i analysen og i drøftinga. Gjennom desse dialogane, men også gjennom dialog med min/mine rettleiarar i skriveprosessen, og med studentar har det sett i gong refleksjonsprosessar og endring i tankemønster. Vonleg har desse prosessane bidrege til å gje oppgåva mi ein høgare grad av validitet.

## **2.8. Reliabilitet**

Ut i frå Ringdal(2009) kan innsamla data sin validitet kan delast inn i tre:

Allmenn kjelde kritikk, noko som innebere at når vi nyttar innsamla materiale frå tidlegare forsking, må vi sjekke korleis desse data vart samla inn, og om dei har relevansen for oss, for å finne mulige feilkjelder. Dette vil ha mykje og seia for reliabiliteten for forskingsarbeidet.

Test – retest – teknikken er den andre måten vi kan vurdera reliabiliteten på. Ein måler i dette høvet samsvar mellom to målingar med av same variablar.

Den tredje måten er og måla graden av intern konsistens. Dette omhandlar og vurdera reliabiliteten i forhold til avgrensa indeks i tverrsnittdata.

Ut i frå Ringdal(2009) i forhold til kvalitative studie er utforming av spørsmål til bruk i intervju og spørje undersøkingar eit viktig ledd. Her vil målsetjinga vera og minimalisera alle kjelder til feil. Ringdal(2009) omtala dette som total survery erro.

Dette kan knytast til validiteten på innsamla data, når vi målet vi har sett oss? I mitt høve vil ein del av datamateriale vera leiande dialog/samtale ut frå problemstilling og forskingsspørsmål med styrar.

Med bakgrunn i problemstillinga, og forskingsspørsmåla dannar dette ramma for samtalen/dialogen med styrar. Samstundes som denne forma for dialog/samtale er styrt og har eit preg av intervju, gjev den likevel rom for informanten til og fortelje si eiga historie, og komme med sine tankar kring prosessen frå implementeringa av Rammeplanen (2006), og fram til i dag. Målsetjinga mi med dette er å få fram mest mulig nyansert bilet, gje rom for styrar til å vektleggje det styrar finn som viktig i samanhengen og prosessen, samstundes som eg oppnår og styre samtalen/dialogen i forhold til mi eiga problemstilling. Målsetjinga mi er å få svar på det som eg etterspør og vil belyse i forhold til problemstilling og forskingsspørsmåla mine, det som her blir omtala av Ringdal(2009) som survery erro.

Thagaard(2010) seier at reliabilitet fortel noko om påliteligheten ved forskingsprosjektet. I kvalitative studie kan det ut ifrå Thagaard(2003) vere vanskelig å omtale validitet og reliabilitet i den opphavleg forstand. Dette er omgrep knyta til kvantitativ forsking. Vidare

seier Thagaard(2010) at i forhold til kvalitativ studie blir ofte omgrep som truverd og bekreftbarhet i staden for validitet og reliabilitet.

I høve masteroppgåva mi er ein stor del av datamaterialet tufta på eigen basert kunnskap og opplevingar knytt opp mot problemstillinga. Er historia mi truverdig? I prosessen ved ned teikning av den introspektive narrative delen fekk eg ei u- behageleg kjensle av å kle meg naken. Gjennom historia kom det fram min eigen inkompetanse. Eg kjende meg flau og brydd over manglande kunnskap. Eg har nytta mine med kollegaer som samtalepartar, rettleiar av innhaldet i oppgåva og mot tok deira tankar spesielt retta mot den introspektive narrative delen. For meg var dette ein ”mur” å klatre over. Dette sat langt inne. Innsamla data frå offentlege tilsynsrapportar gjev lys over historia mi frå eit lovmessig ståstad. Dialogen med styrar set fokuset på problemstillinga frå leiarperspektiv. Ut i frå dette vonar eg at forskingsprosjektet mitt stettar kravet om validitet og reliabilitet.

### **Kapittel 3 Bakgrunn for val av teori**

Som innleiingsvis skissert under kapittel 1, er målsetjinga for barnehagen som organisasjon å yte ei kvalitativ tenesete ut til samfunnet. Dei statlege satsingane i høve barnehagesektoren framhevar profesjonell leiing, kompetanse, rettleiing og organisasjonsutvikling som faner over kvalitetsomgrepet.

I arbeidet mot målsetjinga har barnehagen overordna krav og føringar og forholda seg til Barnehagen sin nærmaste verkty i arbeidet mot ei kvalitativteneste er Rammeplanen for barnehagane(2006,2011), som er tufta på Barnehagelova(2005,2009).

Fylkesmannen og kommunane skal føra tilsyn med at barnehagane imøtekjem overordna krav og føringar ute i sektoren. Dei overordna krava og føringane legg grunnlaget for, og gjev «oppskrifta» på korleis barnehagane skal jobba målretta mot å yte ei kvalitativteneste ut til samfunnet.

Med bakgrunn i dei statlege satsingane og problemstillinga mi:

*I kva grad blir pedagogisk dokumentasjon nytta som et leiarverkty for kompetanseheving og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon?*

Vil eg sjå det tenleg å gå nærmare inn i saumane på omgrepet organisasjonsteori, leiing, organisasjonsutvikling. Her er det mange ulike teoretikarar eg kunne nytta, men eg vel og setje hovudfokuset mot Strand(2010), Argyris og Schøne(1996).

.

### **3.1 Barnehagen som organisasjon**

Ein organisasjon kan enkelt seiast og vera ei samansetting av ulike typar menneske, og profesjonar, som utfyller kvarandre, gjennom ulike ansvarsfelt, evne og kunnskap.

Strand (2010) seier at organisasjonsforma fortel mykje om kva roller personalet i organisasjonen har, leiarstil, kva målsetjingar som ligg til grunne for organisasjonen, overordna rammer for drifta og leiar sine oppgåver og ansvarsfelt.

Strand (2010) klassifiserer og deler organisasjonar inn i fire typar:

- 1 byråkrati.
  2. ekspertorganisasjonen.
  3. gruppeorganisasjonen.
  4. entreprenør organisasjonen.
- ( Her innunder kan vi også nemne Nettverk.)

Dei fleste organisasjonar har variert innslag av alle desse typane i meir eller mindre grad.

Barnehagen som offentlig teneste ytande organ innunder undervisningsdepartementet vil vera å finne i hovudtyngda under ekspertorganisasjonen, men grunna hierarkisk oppbygging, strenge føringar, lojalitet oppover i systemet, skrivne reglar/lovverk, og sterke føringar kan in sjå mange fellestrekks ved byråkratiet(Strand, 2010).

Dei ulike stillingane i barnehagen har sin “klare”, men likevel uklare plass i hierarkiet.

Den hierarkiske oppbyggnad stammar frå Max Webber sin teori om byråkratiet. Der han skisserer organisasjonen som ein sosial struktur, med klar ansvars- og arbeidsfordeling.

Hierarkiet gjev klar autoritet, og posisjonsmakt til dei ulike stillingane i organisasjonen.

Tydleg lojalitet oppover i organisasjonen er også rådande.(Hatch. M, 2008). I barnehagen som organisasjon ser vi tydlege spor av den hierarkiske tankegangen, leiar har stor autoritet, og det er ein sterk lojalitet oppover i organisasjonen. Stikk i strid med den hierarkiske ideologien finnes det ikkje klare stillingsinstruksjonar for dei ulike stillingane i barnehagesektoren. Det er lagt opp til rolle avklaring, og teamarbeid innafor hierarkiet(Stran, 2010).

Ut i frå Strand(2010) vil type organisasjon, og føringer lagt for drifta (rammer) ha stor tyding for, og regulere leiaren sitt handlings rom.

Organisasjonsteorien deler organisasjonen inn i fysiske strukturer og sosiale strukturer. Desse seier noko om organisasjonsforma, kulturen, og dei uskrivne reglane i organisasjonen(Hatch, 2008). Historikk, verdiar, sosiale relasjonar, etikk og moral. Ut i frå Strand(2010) si inndeling, finn vi barnehagen som organisasjon i hovudtyngda som ei blanding mellom ekspertorganisasjon og byråkrati.

Ingen av desse to organisasjonsformer gjev radikale rom for endring/nytenking. Leiing vil i denne type organisasjon vere stort sett avgrensa til det og utøve fagkompetanse i det daglige virke. Endring i organisasjonen vil faglig, og kvalitets messigt, vere knytt opp mot endring i tida, krav frå politikk, og samfunnet. Målsetjinga til organisasjonen vil vere å nå sette krav, og yte kvalitet.(Strand,2010).

Ut i frå Strand(2010) vil leiar si rolle vil i det høve vere som pådrivar, los og rettleiar i prosessen mot dei nye målsetjingane sett for organisasjonen.

Organisasjonen barnehage er ei produksjonseining, som skal produsere ein teneste ut til velferdssamfunnet. Ei produksjonseining må innfattar ulike moment. Ei mål, middel og resultat liste. Opstad(2006) påpeikar skilnaden mellom privat og offentlig verksemد.

I private verksemder vil drivkrafta vere lønnsemd, medan offentleg verksemd vil vera prega av utydlege mål og verknad. Fleire av produkta/tenestene er verdiorientert, noko som gjere det samansett.

Non profit organisasjon, som er styrt av regelverk og rammer. Med utgangspunkt i lovverk, lokale retningsliner, rammeplan, og årsplan, er målet og produsere ein teneste prega av kvalitet. Produktet / tenesta kan ein seia er verdiorientert.

Korleis ein skal måle produktet sitt kvalitative innhald kan vere vanskelig.

Slik eg ser det i høve barnehagen som organisasjon vil “barnet” vere produktet. Eller barnet si totale utvikling. Barnet er i stadig utvikling, ny krav og behov ute i samfunnet, noko som tilseier at målet er i stadig endring.

Ut i frå barnehagen si organisasjonsform, og lekmannspreget som reelt råder i barnehagen av i dag, vil leiar si rolle på vegen mot måloppnåing stå sentral. Personalet i barnehagen er leier sitt viktigaste verkty for måloppnåing. Generell kunnskap, her innunder fagleg/teoretisk og

grunnleggjande “i buande” kunnskap/dugleikar i individet, vil ut frå mitt synspunkt vere viktige moment for organisasjonsutvikling i barnehagen. Kommunikasjon, og samarbeid vil vera middele til kompetanseheving, utvikling og kvalitetssikring.

### **3.2 Leiar i det offentlege, oppgåver, dilemma og utfordringar, PAIE**

Leiar i det offentlege skil seg tydleg ut frå leiar i det private.

For å vise til Strand(2007) er leiing i det offentlege innanfrå pregast av reglar, og utanfrå pregast av politikk. Målsetjing og produkt skal vere kvalitativt teneste orientert ut til folket, og samfunnet. Ut i frå Strand(2007) vil leier si rolle vil grovt skissert ut i frå dette vere administrator, sakshandsamar, i verksetter, sekretær, målsetter etter gitte lovpålagte føringar/lover/rammer/regelverk, ekspert og til rette leggjar.

Avgjersle tekne i organisasjonen skal vera tufta på dette. Målsetting og arbeidsverkty for å oppnå sette mål, skal vera synleg og akseptable for eigar, samfunnet og brukar av tenesta. Måla kvaliteten på tenesta ut frå eit leiarperspektiv kan vere vanskelig i ein non -profitt tenesteytande organisasjon som barnehagen er.


Som eit resultat av NPM ideologien har leiar rolla endra seg også i det offentlege. Det er blitt meir vektlagd leiar si rolle som nøkkelen til endring og forbetring i organisasjonen. Her kan vi finne fellestrekks ved det private. Leiar har fått “større” mynde, gjennom strukturendringar i det offentlige.

Strand(2010) har nytta PAIE, henta frå Harrow og Wilcocks 1990, jf. Stokkeland 1985, kring leiaroppgåver i det offentlige.

<p><b>INTEGRASJON.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mye/mest etterspurt.</li> <li>• Mest uenighet om bidrag.</li> <li>• Ofte erkjent svakheit.</li> <li>• OU-tiltak hyppig.</li> </ul>	<p><b>ENTREPENØRSKAP.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Krav om å orientere seg i omverdene (mot utforske/utnytte i privat virksomhet)</li> <li>• Lite oppmerksomhet, aukande krav</li> <li>• Liten/middels evne.</li> </ul>
<p><b>ADMINISTRASJON</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stort faktisk omfang, ønskes mindre, beherskas best.</li> <li>• Oppfattas oftare av omgjevnad enn av leder som faktisk åtferd.</li> </ul>	<p><b>PRODUKSJON.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leder som pådrivar</li> <li>• Viktig(ste) krav</li> <li>• Beherskas godt</li> <li>• Usikker på resultatet.</li> </ul>

*Figur 12.2 Skisse av offentlige lederes orientering og funksjonskjennetegn. Sum av empiriske funn. ( Strand.2007:338)*

For å gå meir inn i saumane på styrer/leier si rolle i organisasjonen barnehage, vil eg sjå nærmare på PAIE, henta frå Strand(2010). (Harrow og Wilcocks 1990, jf. Stokkeland 1985)  
*Leiring i det offentlige.*



- *Policypåvirker (politiker, direktør)*
- *Forvalter eller administrator ( direktør, embedstmann)*
- *Tjenesteleder (sosialsjef, overlege, rektor osv.)*

Som skissert ut i frå PAIE vil dei ulike leiar rollene i det offentlige ha innslag av Integrasjon, entrepenørskap, Administrasjon og Produksjon, men i ulik grad.

Dei ulike leiar rollene vil ha påverknad og konekvens for kvarandre i ulik grad. Som leiar i barnehagesektoren er ein tenesteleiari, med ein høg grad av P. Som tenesteleiari ligg hovudtyngda av arbeidet som produsent av kvalitative teneste direkte retta mot brukar.

Barnehagen er eit teneste ytande organ som skal møte krav og forventningar i samfunnet (her innunder frå politisk hald, og frå brukarar av tenestan ). Tenesteleiaren er ansvarlig for den daglige drifta, som arbeidsleier, personalansvarlig, og resultatansvarlig. Tenesteleiari rolla er også i ”skvis” mellom dei ulike faktorane vist i PAIE, noko som Strand(2007) påpeikar gjev lite rom for utøving av leiing i eksplisitt forstand, kontra leiing i privat verksemد

Ein stor andel av personale i tenesteorganisasjonen, vil ha ein sterk fagleg profesjon. Det som utmerker seg i barnehagesektoren er at hovudtyngda av personalet er ufaglærde. Ein organisasjon med eit sterkt lekmannspreg, noko som slik eg ser det, legg eit ekstra stort press

på leiar, som rettleier av personalet, motivatør og kvalitetssikrar at tenesta. Personalet er leiars viktigaste ressurs for mål oppnåing.

### 3.3 Lærande organisasjon, og organisasjonsutvikling

Å være ein lærande organisasjon, fell under paraplyen organisasjonsutvikling, saman med fleire ulike arbeidsformer, som har til målsetjing å bedra organisasjonen på ulike nivå. Omgrepet organisasjonsutvikling vart truleg nytta for fyrste gong kring 1950 talet, av Beckhard og McGregor, som var amerikanske organisasjonsteoretikarar, i eit arbeid dei gjorde ved General Mills (French en al. 1994:30).

Rammeplanen(2006) legg vekt på pedagogisk dokumentasjon som eit viktig verkemiddel for å sikre kvalitet på barnehagertilbodet, og som eit grunnlag for refleksjon, vurdering og som grunnlag for vidare planarbeid. Omgrepet pedagogisk dokumentasjon, blir knytt opp mot utvikling av den lærande organisasjonen i gjennom barnehagen sine føringer.  
(Barnehagelova,2005,2009,2012)

Argyris og Schøne (1996), sette fokus på potensialet for læring som ligg i tilbakemelding frå erfaring. Slik eg ser det vil kommunikasjon, samhandling, refleksjon over prosessen og resultat vere essensielt i dette arbeidet. Her finn eg klare fellestrek med omgrepet pedagogisk dokumentasjon.

Leiar vil ha ei sentral rolle. Korleis leiar i verkset, og leiar utviklingsprosesser, som pådrivar og motivatør, men også leiar si evne til og mestre endring, avlæring av “mønster”, “kaos”, “tap av kontroll”, og endring av gamle mønster/korreksjon.

Argyris og Schøn (1996) viser til tre læringstypar:

**Singel loop Learning:** Systemet styrer seg sjølv gjennom negativ tilbakemelding, ved å gå attende til utgangspunktet. Ein justerer handling basert på erfaring. Ein organisasjon som nyttar denne form for læring, vil over tid stagnere og bli ”dummare”. Denne modellen stiller ikkje kritiske spørsmål ved t.d. innhald, pedagogikk eller organisering. Vald metode repeterer

seg sjølv, til ynskjeleg resultat blir oppnådd.

**Double loop Learning:** Her går ein inn med korreksjon, endring av normer, diskusjon, pedagogikk, i forhold til fyrste form for læring. Dette vil føre til utvikling av ein lærande organisasjon.

**Deutoro Learning:** Her har organisasjonen lært å nytte singel loop Learning og double lopp Learning. Eller vi kan seie at organisasjonen har lært å lære.

I dei ulike teoriane kring utvikling av den lærande organisasjon, og pedagogisk dokumentasjon står dialog, samarbeid, attendemelding, kunnskap og erverving av ny kunnskap sentralt i prosessane. I barnehagen med eit rådande lekemannspreg vil då spesielt leiar, og avdelingsleiar har ei markant tyding i kvalitetsarbeidet, og utvikling av den lærande organisasjonen. Noko som føringane og dei statlige satsingane viser, t.d. gjennom rettleiing av nyutdanna førskolelærarar.

## **Kapittel 4. Datamaterielle.**

Med utgangspunkt i problemstillinga mi: *Pedagogisk dokumentasjon eit middel til kvalitetssikring, kompetanseheving og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon.*

Set problemstillinga fokuset mot omgrepa *pedagogisk dokumentasjon-dokumentasjon, kvalitet, kompetanse, og den lærande organisasjonen.*

Oppgåva er av ein kvalitativ karakter, med ein introspektiv forskingstilnærming.

Forskingsmetoden eg har valt er narrative.

Eg har valt ei triangulering, med eit karakteristisk trekk av dualisme i forskingsprosessen. I dette ligg det og sjå forskingsspørsmålet ut i frå tre ulike ståstadar i forhold til den same organisasjonen. Målsetjinga mi med dette er å få eit ”bredde”, og nyansert blikk på organisasjonen i forhold til problemstillinga mi. Valet av forskingstilnærming er også gjort beivist i forhold til kompleksiteten i barnehagen som organisasjon. Innhenta datamaterielle er frå fakta i 16 offentlege tilsynsrapportar attende til 2010 og fram til i dag 2012, med mine eigne tankar kring funna. Mi eiga historie fortald som avdelingsleiar i barnehagen. Styrar si historie frå sektoren attende til 2006 og fram til i dag.

### **4.1 Tilsyn**

Som eine «søyla» i triangulering av datamateriale, som skissert under metodedelen, har eg valt å nytte meg av funn gjort under § 2 i offentlige tilsynsdokumentet utarbeida av FOS(2009), tufta på Barnehagelova(2005).

Som skissert under metodedelen har eg teke utgangspunkt i avvik og merknad under §2, som viser til barnehagens innhald. Ved avvik, eller merknad i §2 vil det ut i frå mitt ståstad gje svaret på korleis barnehagane har tolka og sett i verk pålagde krav og føringar frå samfunn og politikk. Slik eg ser det vil leiar si rolle i prosessen mot måloppnåing vera viktig.

Organisasjonen sin oppbygnad gjev leiar stor autonomi. Barnehagen av i dag med ein stor andel ufaglærte set ekstra krav til leiar som los og rettleiar i prosessane mot måloppning og

yting av ei kvalitativ teneste ut til samfunnet.

Eg har gått gjennom tilsynsrapportar attende til januar 2010, til saman 16 stykke frå ulike kommunar i regionen.(Kvinnherad.kommune.no)

Resultata av desse ser slik ut:

*Funna frå tilsyna opp summert i brøk.* 1: Åtte av 16 barnehagar hadde manglende vurdering, det tilseier 50 %


2: Ein barnehage hadde manglende barnsmedverknad, det tilseier Ca 6 %

3: To barnehagar hadde manglende dokumentasjon, det tilseier 12.5 %

4: To barnehagar hadde manglende evaluering, det tilseier Ca 12.5 %

5: Barnehagar utan avvik, eller merknad på barnsmedverknad, dokumentasjon, og evaluering.20 %.

*Modell eg har laga med bakgrunn i merknadar og avvik under §2 henta frå 16 tilsynsrapportar:*



## **4.2. Mi eiga historie**

### **Kort innleiing:**

Ved implementeringa av den nye Rammeplanen i 2006 arbeida eg i ein mindre to avdelings barnehage, som avdelingsleiar. Korleis eg møtte dei nye føringane sett til barnehagesektoren, og mine opplevingar av korleis mine kollega i andre barnehagar tolka og arbeida med denne problematikken, legg grunnlaget for byrjinga av mi historie.

Informasjon kring kva som låg i desse nye føringane fekk eg gjennom min leiar, som også ut i frå dette staka ut vegen for innhaldet på avdelingane.

Gjennom PUB studie deltid, som eg tok saman med andre førskulelærarar i 2007 til 2008. Studiet var ein glimrande stad for dialog, og meiningsutvikling. Dei fleste av oss budde saman på hotell i periodane vi var på studie. Kveldane vart nytta til refleksjon kring fagstoff, og oppgåve skriving. Vi drog parallellar til eigen kvardag ute i barnehagane, og fortalte korleis vi tolka og gjennomførte føringane sett føringar i rammeplanen, kvalitetsmeldinga og lovverk.

Gjennom studie fekk opplevde eg å få eit godt innblikk i utfordringar ute i sektoren, samstundes som eg fekk ny kunnskap om eigen organisasjon, og kva som låg i sette krav.

I 2007 endra eg arbeidsstad til eit stort barnehagesenter. Rolla mi her var avdelingsleiar. Opplevinga mi av korleis vi arbeida med omgrepa i Rammeplanen, våre tolkingar, erfaringar, og referat frå møter, våre val basert på vår kunnskap, og eller eventuelt mangel på kunnskap.

Barnehagen sitt fyrste lovmessige tilsyn i regi av FOS i 2009, der eg var ein av dei som vart intervjua. Mine opplevingar kring prosessen, intervjuet og etterarbeid i etterkant av prosessen. Nøkkelen Reggio Emilia filosofien?

Leiar kurs eg har delteke på i regi av FOS, og statleg satsing. Mine erfaringar hausta gjennom dialog, gruppearbeid og plenum på desse samlingane. Vurderingskurs eg deltok på i vinter 2012, for leiarar i regi av FOS. Mine opplevingar og erfaringar i forhold til dette.

Felles for desse kursa, og deltidsstudie er at det har vore leiarar som har delteke frå heile Sunnhordland regionen, men også frå andre stader på vestlandet, noko som har gjeve meg eit innblikk i kva barnehagane reelt arbeidar med, og kva spørsmål som gjentek seg over heile linja.

Eg har også hatt to innlegg på nettverkssamlingar for barnehagefolk i kommunen min. Deltakarane på desse samlingane har vore alt frå assistentar, til rådgjevar for barnehagane. Mine opplevingar og tankar i ettertid har eg fått med under mi historie.

#### **4.3. Den «nye» Rammeplanen av 2006**

##### **Omgrepsjungelen:**

I 2006 arbeida eg som avdelingsleiar i ein forholdsvis liten barnehage.

Dei store statlege satsingane retta mot barnehagesektoren var vi byrja å føle på nært hald. Barnehage køane var blitt lengre. Alle barn skulle no etter dei ny føringane ha rett på barnehageplass. Vi hadde fått dispensasjon frå lova, og fekk ta inn 22 barn, i staden for 18, grunna godt areal. Eit brukarvennleg barnehagetilbod, og utvida opningstid, gjorde også noko med tettleiken på bemanninga gjennom dagen. Fleire barn på avdelinga, utvida opningstid medførte mindre personaltettleik store delar av dagen, og mindre tid til kvart enkelt barn. Kvardagen var blitt mykje travlare for alle. Barnehagen hadde også fått si eiga internett side på kommunen sin barnehageportal.

Konsekvensane av endringane kom fyrst til fulle med den «nye» rammeplanen for barnehagen av 2006. Vi var blitt ein anerkjend del av utdanningslaupet og barnehagen skulle vera ein lærande organisasjon, med fokus på dokumentasjon, barns medverknad og kvalitet. Eg hugsar vi snudde å vende på desse «nye» orda, kva var det som låg i desse? Lærande organisasjon, dokumentasjon, barns medverknad og kvalitet?

Vi kjende auka barnetal på avdelinga, og dei nye føringane pusta oss i ryggen. Arbeidet med den nye årsplanen var prega av usikkerhet i kva som eigentleg låg i desse orda vi sette på trykk. Vi var fulle av løysnings orientert pågangsmot, vilje, og ikkje minst frustrasjon. Vi tolka, og drog omgropa inn i barnehage kvardagen. Vi fann vår sanning av meiningsinnhaldet i dei nye føringane, ikkje einsame, men saman med andre kollegaer ut i kommunen vår.

Min leiar deltok på leiarsamlingar, og frøa frå desse samlingane vart planta i vår

organisasjon. Korleis vi tolka, og i verk sette omgrepa barnsmedverknad, dokumentasjon og kvalitet var eit resultat av våre eigne tolkingar og dialog med andre ute i sektoren.

#### **4.4 Barnsmedverknad, vår tolking og gjennomføring**

Var det slik at barna no skulle leggje føring for alt innhald i barnehagen?

Skulle barna få bestemme om dei skulle delta på måltid eller ikkje. Var det barna som skulle bestemme om dei ville vera med på tur, eller ikkje?

Var det slik at barna skulle bestemme om vi skulle ha samling eller ikkje?

Korleis skulle vi då få gjennomført krava i rammeplanen kring fagområda våre, og korleis skulle vi få inn læringsomgrepet?

Vi skulle jo dokumenter, var det slik at vi skulle dokumentere alt barna gjorde og fekk bestemme i kvardagen, som eit ledd i oppfylging av dokumentasjonsomgrepet i Rammeplanen?

Gjennom drøfting i personalgruppa og kollegaer i andre barnehagar, tolka og i verk sette vi vår sanning av omgrepa. Vi gjekk til innkjøp av berbare pc ar, som vi sette i garderoben. Vi tok biletar av alle aktivitetar som vart gjort i barnehage. Foreldra skulle få sjå kva vi gjorde. Det vart viktig at alle barna var med på alle biletene. Vi mått frå fram kvardagen, innhaldet og barns medverknad ut til foreldre. På den måten opplevde eg ei mesterings kjensle i forhold til krava i Rammeplanen. Eg fekk vise uttatt at barnehagen sin innhald var kvalitativt.

Mi oppleveling av omgrepet kvalitet, var og få vise uttatt til eigalar og foreldre at vi hadde fått gjennomført dei overordna føringane i Rammeplanen for innhaldet i barnehagen.

Fotografering og innlegging av biletar på data vart ein eigen post knytt opp mot vaktene i barnehagen. Alle var ikkje like trygge på korleis ein skulle betene ein data, så mykje av dette arbeide fall på meg som avdelingsleiar. Det vart eit tidkrevjande arbeid, men slik vi tolka rammeplanen var dette noko som måtte vera på plass.

Samstundes gav ikkje foto nok informasjon om innhaldet i barnehagen, og barnsmedverknad. Bilete fortel mykje, men vi fekk ikkje fram bakgrunn for gjennomføring av opplegga.

Vi tok ei avgjersle, vi ville skrive dagen i dag bok, her fekk vi med kven av barna som hadde lagt føringar for innhaldet i barnehagekvardagen denne dagen. Kven som hadde vore ordensvakt, og kven som hadde leika saman. På denne måten opplevde vi at måla i forhold til dokumentasjon uttadd retta mot foreldre var dekka, samstundes så vi fekk vise at barns medverknad sto i fokus.

To gonger i året hadde vi også barneintervju med heile barnegruppa, målsetjinga var å få eit innblikk i barna sine interesse, kva dei lika, kva dei ville vi skulle gjere meir av, kva dei opplevde som mindre kjekt, og kva dei ikkje lika i barnehagekvardagen.

Opplevinga mi med barneintervju var blanda. Barna var slik eg opplevde det veldig prega av dagen i dag. Hugsar spesielt ein dag eg hadde sett av store delar av dagen til barneintervju. Denne dagen hadde søppelbilen vore i barnehagen. Den fyrste snøen hadde lagt seg. Tidleg på morgonen hadde ei mor sklidd på isen då ho skulle køyra barnet sitt i barnehagen. Intervjuet av dei 7 barna eg gjennomført denne dagen var prega av dette. 5 av 7 barn snakka om søppelbilen. Det beste dei viste var å bli søppelbil kørarar, og kor glatt det var ute. Det dei lika minst med barnehagen var at dei vaksne kunne detta på isen når dei skulle hente barna i barnehagen, av den grunn var det dumt at dei vaksne måtte gå i barnehagen med ungane sine. Det dei lika best var og sjå på søppelbilen. Barnehagen måtte kjøpa ein søppelbil. Alle barna ville aka i barnehagen. Heile tida. Barna er her og no, noko som intervjuet var prega av. Eg opplevde at dialogen med barna var verdigfull i seg sjølv, men målsetjinga mi med intervjuet datt vekk.

Eg hadde ein samtale med ein anna forskule lærar kring temaet intervju som dokumentasjon. Ho hadde klar meinig om at intervjuet kunne nyttast i alle høver i forhold til barnet. Intervjuet kunne avdekke omsorgssvikt, barnets kognitive utvikling m.m.. Denne forskulelæraren var avdelingsleiar på avdelinga til barnet mitt, eg var sterkt ueinig med henne. Min oppfatning var at korleis vi som vaksne møter barne si utsegn, med blick kontakt, mimikk, interesse, deltaking, kroppshaldning, og spørsmål kan leia barna til å svare det dei trur vi ynskjer og høyre. Barnet er i fokus, og ynskjer å bidra i samtalet, samstundes som det søker aksept og anar kjenning i dialogen. Ved henting ein dag, avtalte eg med avdelingsleiar at vi skulle gjennomføre ein test kring min teori på mitt barn. Eg møter barnet og avdelingsleiar i garderoben. Vi er åleine. Barnet er i godt humør, syng og tullar med avdelingsleiar. Han byrjar

straks han ser meg og fortelje om kva han har gjort i barnehagen i dag. Han har vore mykje ute, og klart å klatre opp på hytte taket. Det er stort. Eg overhøyrer det barnet seier, set meg ned på huk, legg ansiktet i triste folder og seier: ”Eg ser at du ikkje har hatt ein grei dag i barnehagen i dag. Har nokon vore dumme med deg?” Barnet stoppar opp, kikkar på meg, ser at han får mykje merksemad på dette. Det går nokre sekund, så legg han om toneleie, lagar trist fjes, å sutre stemme.” Ja, dei har vore dumme med meg”. Uff då svarar eg, kven er det som har vore dum med deg, er det «avdelingsleiar»? ”ja, kjempe dum (barnet hulkar, og kryp opp på fanget mitt)”. Tvang ho deg til å strikke sokkar. Ja ho tvang meg til å strikke. Eg må alltid strikke.( no grine barnet). Er det noko meir du må gjere då? Ja, eg må alltid gjere masse dumme ting. Gjennom det vesle eksperimentet fekk eg fram mine haldningar til barneintervju. Eg nyttar intervju med barn sjølv i kvardagen, men eg var meg alltid bevist makta eg sat inne med i situasjonen. Tidkrevjande.

#### **4.5 Dokumentasjon**

Vi hadde jo alltid dokumentert det vi gjorde i barnehagen gjennom bilde, barna sine eigne uttrykk, månadsbrev og månadsplanar. No hadde vi også bilete frå dagen rullande over skjermen på pc en i garderoben, understøtta av boka dagen i dag. Dette var dokumentasjon overfor foreldre i kvardagen, men kva med dokumentasjon som skulle vise kva vi gjorde innad, og sikra at vi faktisk såg alle barna. Vi observerte barna i det daglege, men ikkje strukturert nok kanskje?

Før foreldresamtalar opp summerte vi våre opplevingar, erfaringar og observasjonar av enkeltbarnet, i skjema der vi hadde moment knyta til språk, sosial kompetanse, motorisk utvikling, kognitiv utvikling, reaksjonsmønster, leik, tryggleik m.m. Men var dette nok, dette hadde vi jo gjort alltid, det måtte ligge noko meir bak dokumentasjons omgrep?

Vi hadde alle høyrd historier frå skulekvarden der barn hadde gått gjennom systemet med store lære problem utan å ha bli plukka opp. Barn og foreldre som saksøkte skuleverket, og gjeldande lærarar. Kva gjorde andre? Korleis vart dette i verk sett ute i barnehagane våre? Leiaren vår deltok på nettverkssamlingar, og kom attende med idear og tankar frå andre

barnehagar om korleis dei hadde løyst denne problematikken. Dagen i dag bøker, og foto vart framheva, men også observasjonar av kvart enkelt barn, og dokumentasjon av dette gjennom TRAS, og Alle med skjema. Kartleggingsskjema av barnet sin totale utvikling i forhold til alderssteg. Spesielt vart TRAS nytta, som er eit registrerings skjema kring barnets språklege kompetanse. TRAS fall jo godt inn forventingane sett i tida til barnets språklege utvikling og kompetanse. Fleire barnehagar hadde dette til satsingsområde i årsplanane sine. Barnehagen skulle jo no vera fyrste ledd i livslang læring, språk var framheva som ein viktig nøkkel til meistring i skulen. Ut i frå dette tok vi eit val, vi bestemte oss for å nytta TRAS på alle barna. Dokumentasjon vart eit middel til å vise at vi gjorde det vi skulle. For og setje det litt på spissen handla dokumentasjon om og halde ryggen klar, eg skulle i alle fall ha mitt på det reine. Mykje tid og arbeid vart lagt i dokumentasjonsarbeidet. Eg delte barna inn i grupper, og delegerte ansvar ut til personalet i forhold til observasjon og utfylling av TRAS skjema, vår og haust. Før det endelege ferdigstilte skjemaet vart lagd i arkivet og mappa til barnet, gjekk vi gjennom alle observasjonane på kvart enkelt barn i personale gruppa. Ved tvil i forhold til observasjonar gjort i høve enkelt barn, gjekk vi attende heile personale og observerte barnet over ein periode ekstra nøyne, før TRAS skjemaet vart ferdigstilt. Vi nytta mykje tid og ressursar på dokumentasjonsarbeidet. Personalet var slitne. Dei hadde med seg dokumentasjonsarbeid heim, for å greie å ferdigstille arbeidet. Ved ferdigstilt arbeid låg det berre ein ny «bunke» og venta. Ein evig spiral som aldri tok slutt. Eg kjende meg sliten, og tanken om kvar er barnet oppi dette var ofte fram tredande. Eg og min kollega vurderte det slik at den dokumentasjonen vi hadde gjennomført, haldt mål i forhold til sette krav i Rammeplan og Lovverk. Usikkerheit låg likevel under overflata. Var det eigentleg nødvendig og dokumentera kvardagen så grundig som vi gjorde? Kvar månad fekk foreldra ut månadsbrev frå forgåande månad, med tekst og bilet, samstundes som dei fekk månadsplan. Dette utfylte årsplanen vår, og viste at vi gjennomførte det vi skulle gjere. Var det eigentleg naudsynt å nytte TRAS skjema på alle barna, og var det riktig? Eg hadde rett og slett ikkje nok kunnskap kring kva som låg i forventingane sett til oss frå Rammeplanen og lovverk. Eg fylgde straumen, og kunnskapen eg henta frå andre, leiar og mine eigne tolkingar av dette la grunnlag for gjennomføring av tiltak på eiga avdeling. Eg var heller ikkje heilt sikker på kva eg skulle nytte all denne dokumentasjonen til i det daglege. Det var jo greitt nok at foreldra skulle få eit innblikk i kvardagen vår, og at månadsbrev og månadsplanar sikra at vi gjorde det vi skulle ut frå årsplanen, men utanom det var eg ikkje så sikker på kva vi kunne nytta alt

dette til. Avdelinga og permars flaut over av dokumentasjon. Månadsplassane våre vart nytta under  $\frac{1}{2}$  års evalueringane av årsplanen vår. Vi såg at vi faktisk hadde gjort det vi skulle fram til no, og kva som sto igjen, som måtte vidare først det neste halve året. Ved planarbeid i forhold til nytt barnehage år, og i arbeidet med ny årsplan tok vi tak i den gamle årsplanen og vurderingane våre. Såg gjennom kva vi hadde gjort og kva vi ikkje hadde nådd igjennom. Her vart grunnlaget for den nye årsplanen danna. Sjølv om det eg reelt gjorde i kvardegen var å snu bunken og byrja på ny. Det som hadde fungert godt var jo ikkje naudsynt å endre, medan det vi hadde gjort lite av kunne vi bli betre på. Språk og læring var sjølvsagte satsingsområde. Eg trong meir kunnskap, det sto klart for meg. Då tilbod om desentralisert PUB studie kom som ein del av den statlege satsinga, var eg ikkje sein med å takke ja.

#### **4.6 2007 ny arbeidsplass**

I 2007 skifta eg arbeidsplass, samstundes som eg byrja på PUB deltids studie.. Min nye arbeidsplass hadde jobba mykje med føringane lagt i Rammeplanen kring dokumentasjonsomgrep. Dei hadde vitja andre barnehagar og fått innblikk i korleis dei jobba med dokumentasjon. Ut av dette hadde den opplevde sanninga kring dokumentasjonsomgrep vakse fram. Barnehagen tolka det slik at alle barn sin læringsakse og utvikling skulle dokumenterast gjennom Portofolio. Barnehagen hadde nytta mykje tid og ressursar til å utvikle portofolio permen, med utgangspunkt i TRAS og Alle med. Portofolio var ei meistring mappe der barna skulle vere delaktig i å lime inn sine eigne meistringskort. T.d. når barnet hadde lært seg dei grunnleggjande omgrepa oppå, under, bak, og framfor, skulle barnet lime inn eit bilet av ein katt som sat under eit bordet. Barnet sin leikekompetanse og sosialkompetanse vart også nøyde dokumentert med foto, tidspunkt og utviklingsakse. Alt barnet meistra skulle dokumenterast med tid og dato for meistringa. Barnet sine aktivitetar, tradisjonar barnet deltok i, høgdepunkt og kvardag skulle fotograferast og limast inn i portofolien. Ved enda barnehagetid fekk barnet portofolien med seg heim. Portofolien hadde sterke fellestrek med skulen sin mappemetodikk. Barnehagen skulle jo no vera ein del av livslang læring, med språket i fokus. Samarbeid mellom barnehage og skule var framheva. Jobben var svært tidkrevjande. Alle avdelings møter, ubunden arbeidstid og kveldstid gjekk til

portofolie arbeidet, samstundes som eg kjende eg var sterkt ueinige i denne forma for dokumentasjon. Denne tanken var grodd fram under mi deltaking på desentralisert PUB studie. Eg som hadde nytta TRAS på alle barna var byrja setje denne forma for dokumentasjon sterkt i tvil. Kunnskapen eg tileigna meg under studie var med på å endre mi tolking og oppfatning av dokumentasjons omgrepene. Mitt pedagogiske syn på barnet, og utvikling av barnet si sjølvkjensle, og barnet si læring, stridde no sterkt i mot vår måte og dokumentere enkeltbarnet på. Vår velmeinte dokumentasjon gjennom Portofolien, sette no etter mitt syn barna i bås. Sjølv om ideologien var baset på å bygge opp barnet si sjølvkjensle gjennom stoltheit over eiga meistring, opplevde eg det no annleis.

Barna vart på eit tidleg tidspunkt satt i bås, barna kikka i permane sine og målte seg opp mot kvarandre. Det gjorde også noko med vår vaksne sin underbeviste haldning til enkeltbarnet, og som truleg utan at vi var det beivist spegla seg i vår væremåte overfor barnet. Eg opplevde barnet vart stigmatisert, den som var flink, moden, ordinær, treg og sein, alt dette innanfor normalen. Våre haldningar over for barna, og måling av barna var med på og setje forventning til barnet. Barnet fall inn i ei ramme som det skulle fylle. Barnet vart i stor grad den forventninga kravde, og danna sitt sjølvbilete ut i frå desse forventningane. I tillegg kom dei barna med særskilte behov. Den pålagde jobben med portofolien, tok tida i frå barnegruppa, dette gjorde meg irritert og frustrert. Gjennom studie opplevde eg å få støtte i mine tankar kring portofolie, og dokumentasjon av enkeltbarn. Usikkerheit til omgropa i Rammeplanen hadde etter mi oppleving bete oss i baken. Mykje tid og resursar hadde gått med til Portfolio prosjektet. Eg hadde ei oppleving av at vi skulle dokumenter, for dokumentasjonen si skuld.

I barnehagesenteret var det ein blanda oppfatning kring portofolien. Mange syntes dette var ein særdeles god arbeidsmåte som gjorde at vi såg barnet og gruppa på ein ny måte. Behovet til enkelt barn og gruppa kom klart fram, og ein viste til kvar ei tid kor det var behov for og setje inn ekstra tiltak, og ressursar for ein periode, eller over tid. Portofolien vart opplevd som ei kvalitetssikring av innhaldet. Eg kunne sjå den tankegongen, men eg opplevde likevel at dette ikkje var riktig ut frå mitt pedagogiske ståstad, og slik eg las faglitteraturen kring emnet.

## **4.7 Vurdering, korleis vi tolka og gjennomførte**

Vurderingsarbeidet mitt/vårt tok utgangspunkt i årsplan, og ½ års vurderingar. Kva har vi gjort, kva skulle vi ha gjort, kva har vi gjort for lite av, og kva må vi gjere meir av. Kva står i Rammeplanen at vi skal vera innom. Desse vurderingane la grunnlag for felles utarbeiding av årsplanen i plenum i avdelingsleiar gruppa kvar vår. På avdelingane fungert vurderings arbeide mykje godt på same nivå, her nytta vi i tillegg månedsplanar og foto frå tema under vurderingsarbeidet. Kva fungert greitt, kva må vi endre på, kva må vi gjere meir av.

Tidaspektet til gjennomføring av vurderingsarbeidet på avdelingane fekk eg ei oppleving av ikkje strakk til. Avdelingsmøte ein time kvar fjortende dag, var etter mitt tidsbudsjett i knappaste laget. Vurderingsarbeidet vart usystematisk og munnleg. Størst vekt vart lagd på planarbeid, og då særskilt med blikk på barn med særskilte behov. Organisering, og delegering ut frå gjeldande planar. Det var ingen systematisk og god link mellom dokumentasjonsarbeidet, vurderingsarbeidet og det heilskaplege planarbeidet. Tida gav ikkje rom for det. Slik gjekk dagane og vekene. Mykje tid vart nytta til og setje innhenta, og lagra dokumentasjon i struktur. Kvar skal desse bilda limast. Kva mappe skal dette ligge i.

## **4.8 PUB studie**

Hausten 2007 starta eg som tidlegare nemnd opp som deltids student ved pub studiet, saman med mange andre førskulelærarane frå min kommune, men også frå andre kommunar kring på vestlandet. Studiet var bygd opp med samlingar, der vi alle kom, deltok på samlingane, budde på hotell saman, dialog og diskusjon etter kvar studie økt sto sentralt. Innhaldet i samlingane og pålagde oppgåver i barnehagesektoren vart diskutert, og relatert attende til våre respektive barnehagar. Teori og praksis skulle sameinast. Utviklingsarbeid, problemstillingar på eigen arbeidsplass som vi såg som grunnlag for eit utviklingsarbeid, og generelt kvardagen vår med utfordringar sto i fokus. Omgrep i rammeplanen vart lyfta fram. Utfordringane eg høyrdde dei andre pedagogiske leiarane, og leiarane omtala var kommunikasjon, informasjon, dokumentasjon, barns medverknad og utvikling av den lærande organisasjonen.

Utviklingsarbeid og lærande organisasjon fekk ein link. Tidsklemma og usikkerheit opplevde eg var den raude tråden i dei fleste barnehagane. Korleis skal vi få tid til dette også, var eit vanleg utsegn. Eg opplevde vel sjølv om eg gjekk på studie så mangla eg den raude tråden mellom dokumentasjon, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjonen. Eg såg dei som separerte fragment i heilskapen. Dokumentasjon var ein del av kvalitetets sikringa, det var eg sikker på. Riktig dokumentasjon på riktig stad, passe dokumentasjon ut frå utløysande faktorar, samanfall i min verden med kvalitet. Utviklingsarbeid skulle betra organisasjonen og utvikla den kvalitatativt. Eg var vel så pass snever at eg såg utviklingsarbeid som den einaste og rette vegen for utvikling av den lærande organisasjonen. Trist og seie, men eg såg inga spesiell samanheng mellom dokumentasjon og utvikling av den lærande organisasjon i eit breiare perspektiv. Det var eg heller ikkje åleine om. Vi nytta dokumentasjon og spørjeskjema i utviklingsarbeidet, elles var fortsatt dokumentasjon for meg dokumentasjonen på veggene på avdelinga retta mot foreldre, årsplanen mot eigar og foreldre, TRAS i høve til barn med særskilte behov, i forhold til kvalitetssikring av innhaldet i barnehagen, i forhold til foreldre, samarbeid, andre instansar, og eventuelle spesifikke tiltak.

Når lærande organisasjons omgrep kom opp, var fleire med meg raske til å vise til utviklingsarbeid åleine som løysinga. Eg hadde også fått med meg at leiar si rolle, kultur og god kommunikasjon hadde mykje og seie for organisasjonsutvikling. Vi var 4 stykk frå min barnehage som hadde delekte på PUB studie. Dette hadde nok litt og seia for at trenden kring dokumentasjon og portofolio visna vekk hjå oss. Vi nytta oss av faglitteratur, og gjekk inn i saumane kring barns læring og utvikling. Vi jobba med å tileigna oss ny kunnskap, lese, og diskutere innhaldet i faglitteraturen i leiargruppa, og på personale møter.

Portofolien vart ei minnebok frå barnehagekvarden. Vi tok ut alle meistrings sidene, desse vart makulert. Igjen vart det foto og barna sine eigne teikningar. Rein dokumentasjon frå barnet sin barnehage kvardag. Vi gjekk attende til og nytta en passe mengde dokumentasjon i forhold til enkelt barn. I dei høvene vi såg behov for den nytta vi TRAS, og Alle med i samråd med foreldre. Eg måtte likevel innsjå at min kunnskap kring utvikling av den lærande organisasjonen var snever, eg tok ei avgjersle om at ville ta meir vidareutdanning, denne gongen fall valet mitt på master i organisasjon og leiing.

#### **4.9 2009, på riktig veg?**

Eg opplever at barnehagesenteret eg arbeidar i har utvikla seg enormt. Eg er stolt av og vera ein del av personalgruppa, og stolt over innhaldet i barnehagen. Vi samarbeida godt mellom avdelingane, og planlegg saman. Vi var starta opp med aldershomogene grupper på tvers av avdelingane, og eigne opplegg for skulekameratane. Eg opplevde at vi var blitt gode på å planlegge, og delegera ansvar mellom avdelingane. Vi var blitt gode på og dokumenter innhaldet i desse gruppene, og i tema arbeid på avdelingane. Planarbeid i forhold til årsplan, arbeida vi godt saman om. Dokumentasjonsarbeidet var tidkrevjande, men vi fekk det gjort. Avdelingsmøta var sårbare, spesielt ved sjukdom fall dei lett vekk. Dette hemma samarbeidet i personalgruppa, og gav personalet lite innverknad på innhaldet i barnehage kvardagen, og la mykje meir aleine ansvar over på meg i forhold til planarbeid, etterarbeid og delegering. Slike situasjonar er ikkje ynskjeleg, og gav meg som avdelingsleiar ei stor makt, både i forhold til innhald, vurderingsarbeid med blikket retta mot barnegruppa og enkelte barn. Eg hugsar attende, og kjenner på kjensla av og vera stolt av jobben barnehagen min gjorde. Eg hadde god struktur i permane mine. Eg hadde permar med foto og månadsplanar som viste kva vi hadde gjort. Eg hadde permar med dokumentasjon, og nedskrivne opplegg i samband med skulekameratane, og aldershomogene grupper på tvers. Eg hadde permar med referat frå alle møter på huset og på avdelinga. Eg hadde laga eigen progresjonsplan på avdelinga ut frå årsplanen, og års hjul. Eg hadde  $\frac{1}{2}$  års vurderingane i perm, og hadde laga progresjonsplan ut i frå desse. Alt var etter mitt hovud på strekk og i orden. Barnehagen skulle ha vårt fyrste lovmessige tilsyn. Vi skulle sende inn all pålagd dokumentasjon til gjennomgang av tilsynsmynde. Tilsynet kom frå FOS, så det var ikkje eit kommunalt tilsyn. Eg fekk spørsmål om det var greitt for meg og stilte til intervju under tilsynet. Eg fekk dei gjeldande §§ vi kom til å bli intervjuet etter til gjennomgang. Etter å ha sett meg inn i §§ såg eg ingen grunn til at eg ikkje skulle takka ja. Eg var trygg på at alt var i orden. Vi hadde alt på det reine, og eg hadde alt i orden.

#### **4.10 Dagen for tilsynet**

Dagen for tilsyn kom. Eg var frikjøpa frå avdelinga delar av denne dagen. Eg var spent, og hadde førebudd meg godt. Permane med dokumentasjon låg sirlig og venta på å bli tekne i bruk. Nervøs var eg ikkje, for dette kunne vi. Her var alt i beste orden. Eg var heilt sikker på at vi oppfylte alle krav sett i Rammeplanen, og i lovverket til fulle. Eg vart kalla inn til tilsynsmøte til offentleg opning av tilsynet. Tre damer som eg opplevde det osa mynde av sat på rekkje, og rad. Det vart gjennomgått §§ for tilsynet, bakgrunn for tilsyn, og dags plan.

Då det var min tur kjende eg dei fyrste sommarfuglane melde seg i magen. Eg hadde med meg dokumentasjons permane mine, årsplan, avdeling sin progresjonsplan og  $\frac{1}{2}$  års vurderingane.

Intervjuet starta med § 2 Barnehagens innhald. Eg vart stilt spørsmål til § med underledd. Her byrja problema som eg ikkje hadde kunnskap, eller evne til å svare på etter lovverket, eller det vil seie eg trudde eg kunne svare. Spørsmålet var slik lydande:

*Kva prosessar har de i høve til utarbeiding av årsplanen?*

*Korleis sikrar du at planane vert implementert og gjennomført på avdelinga?*

*Korleis sikrar du at avdelinga di driv med:*

- *Planlegging*
- *Gjennomføring*
- *Dokumentasjon*
- *Vurdering*

Delar av spørsmålet gjekk fint å svare på. Det trudde eg for så vidt den siste delen også gjorde. Då eg etter enda svar fekk spørsmålet på ny, kjende eg usikkerheit tok meg. Eg viste fram årsplan, avdelinga sin progresjonsplan, års hjul, månadsplanar, referat frå avdelingsmøte som viste plan prosessen, permane fullspekka i dokumentasjon og  $\frac{1}{2}$  års vurdering av avdelinga sin progresjonsplan og  $\frac{1}{2}$  års vurdering av årsplanen vår.

Intervjuet gjekk vidare. Fortsett på det nivået trudde eg, at eg hadde alt i orden.

Ved enda intervju runde av alle deltarane, frå assistentar, avdelingsleiarar, styrar, leiar og eigar vart vi kalla inn på slutt møte. Slutt møte var prega av alvor, og korrekt attendemelding.

*Vi hadde fått merknad på dokumentasjon, vurdering og barns medverknad.*

Etter at tilsynet vart lukka fekk vi ein uformell attendemelding. Vi mangla den raude tråden i arbeidet vårt med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og vurdering. Det var ingen tydleg samanheng mellom dokumentasjon og vurderingsarbeidet. Refleksjon og vurderinga av dokumentasjonen mangla som grunnlag for vidare planarbeid. Vi nytta oss heller ikkje av systematisk pedagogisk dokumentasjon i arbeidet vårt. Barna si rolle i planleggingsarbeidet, dokumentasjonsarbeidet, vurderingsarbeidet o i høve vidare planarbeid kom heller ikkje tydleg fram.

Kva i alle dagar var det dei snakka om? Vi hadde jo gjort alt dette? Her var planar vi hadde laga sammen med utgangspunkt i Rammeplanen, vi gjennomførte og dokumenterte det vi gjorde gjennom foto, månedsplanar, månedsbrev, og referat. Vi hadde masse dokumentasjon.

Pedagogisk dokumentasjon? Vi dreiv jo med pedagogisk dokumentasjon! Vi dokumenterte det pedagogiske arbeidet vårt gjennom foto, referat planar og vurderinger. Var ikkje det pedagogisk dokumentasjon?

Dokumentasjon – pedagogisk dokumentasjon? Kva var forskjellen? Kva betydde det at vi ikkje nytta pedagogisk dokumentasjon i vurderingsarbeidet vårt som grunnlag for vidare planar? Vi brukte jo dokumentasjonen i vurderingsarbeidet vårt, og som grunnlag for vidare arbeid. Vi såg gjennom det pedagogiske arbeidet vårt, kva som var gjort, kva vi måtte arbeida meir med, og kva som måtte vidareførast i dei vidare planane våre. All dokumentasjon var basert på det pedagogiske arbeidet vårt, med andre ord pedagogisk dokumentasjon? Kva var det eigentleg tilsynet meinte med dette?

Barns medverknad? Vi nytta jo barns medverknad. Korleis kunne dei gje oss merknad på dette?

Vi måtte rulle opp ermane å ta tak i desse omgrepa. Skaffe oss kunnskap om kva som låg i omgrepa, og kva som var forventa av oss. Eg var frustrert, og tom. Alt arbeidet vi hadde lagt til grunn, det var ikkje godt nok. Vi hadde lagt mykje arbeid og tid inn i dokumentasjonsomgrepet, og barns medverknad i det daglege, men vi hadde fortsett ikkje lykkast med å finne løysinga på krava sett til oss i Rammeplan og lovverk. Ny skivebom

#### **4.11 2010. Nøkkelen til pedagogisk dokumentasjon og barns medverknad**

Som avdelingsleiar deltok ikkje eg på nettverkssamlingar for leiarar i kommunen, dette var min øvste leiar som gjorde. Kva som vart diskutert eller gjennomgått på desse nettverksmøta hadde ikkje eg innsyn i, men frø frå desse samlingane vart planta i organisasjonen vår. Vår leiar hadde vore på ulike leiarkurs, og samlingar. Frukta frå desse må ha medført at vår leiar, som så mange andre i kommunen vår, oppdaga samanheng mellom Reggio Emilia filosofien, barns medverknad, barns læring og pedagogisk dokumentasjon. Leiaren vår reiste på studie tur til Reggio Emilia i Italia. I kommunen vart det oppretta eit Reggio Emilia nettverk.

Barnehage senteret vart no ein Reggio Emilia inspirert barnehage. Vi nytta personalmøte, og kurs til emne barns medverknad og pedagogisk dokumentasjon i tråd med Reggio filosofien. Eg lot meg inspirere. Var det her eg fann nøkkelen til krava sett i Rammeplan og lovverk? Vi oppretta ei Reggio Emilia gruppe i barnehagen beståande av leiar, styrar og fire frå personalgruppa. Eg var ein av desse fire. Målsetjinga vår var å drive fram og implementere Reggio Emilia filosofien i barnehagen. Vi påbyrja eit utviklingsarbeid som skulle førast i penn. Eg byrja å lese faglitteratur, for å kunne sette meg inn i filosofien. Samstundes byrja eg å lese faglitteratur kring pedagogisk dokumentasjon, dokumentasjon, og barns medverknad. Eg såg at kunnskapen eg hadde byrja tileigna meg gjennom masterstudie, kring utvikling av den lærande organisasjonen kunne knytast direkte til plan, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering/refleksjonsprosessen og vidare planarbeid på avdelingane, og i organisasjonen. Eg såg også leiar si tyding i denne prosessen, og tydinga av å nytte kunnskapen som låg i senteret var av stor tyding. Kunnskapen kvar og enkelt innehavar, men nødvendigvis ikkje er seg beivist. Den tause kunnskapen. Vi måtte sameinast heile senteret om felles mål, og inspirere alle til vidare arbeid med Reggio Emilia filosofien. Det vart viktig at alle skulle ta del i denne prosessen. Alle måtte ha eit eigarforhold til utviklingsarbeidet. Heile senteret reiste til Danmark på studie tur for å lære om korleis andre barnehagar jobba med Reggio Emilia filosofien. Satsingsområde vårt var kunst kultur og kreativitet, noko som var i tråd med denne filosofien. Praksishistorie, tauskunnskap, prosjekt på avdelingane der barns medverknad sto sentralt. Prosjekt innan kunst kultur og kreativitet på tvers av avdelingane, der barns medverknad, Reggio filosofien kring barns læring, og vaksen rolla og språkbruk var i fokus. FEMIA modellen i høve prosessen vart nytta. Vi utvikla vår eigen kultur perm, med nynorske

songar, segn, stadnamn, regel og leikar. I denne permen la vi også alle prosjekta, med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, evaluering og refleksjon. Barna sine refleksjonar i prosessen fekk ein sentral plass, men også vurdering av dei vaksne si rolle som fremjar, eller hemmar prosjektet og barns medverknad, utvikling og læring. Desse la grunnlag for vidare planarbeid ved neste aldershomogene gruppe på tvers av avdelingane. Inne på avdelingane arbeida alle individuelt ut frå satsingsområde vårt. Personale møta vår nytta vi mykje til gjennomgang av kva vi hadde jobba med på avdelingane, kva tankar vi hadde og vegen vidare. Usikkerheten kring omgropa dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon var fortsatt tydleg i personalgruppa. Spesielt kom det klart fram då vi la framfor kvarandre korleis vi hadde grepe fatt i, og jobba med barns medverknad, og pedagogisk dokumentasjon i lys av satsings området vårt. Barns medverknad i prosessen var også vanskelig. Eg fekk ei oppleveling av at ting tek tid, og kvardagen sin rutine aktivitetar et opp den tida vi skulle ha jobbe med fag, og kunnskapsutvikling i det daglege. Knyta teori, og praksis saman. I travle kvardagar fann eg det sjølv ofte enklast å gå attende i gamle spor. Det kjende og gode gamle terrenget. Eg opplevde at dette var ei krevjande arbeidsform, som sette høge krav til meg og personalet. Ein måtte vere på i alle situasjonar, vurder, ta barna sine interesse og utsegn på alvor la dei vere forskar i eigen kvardag, med oss vaksne som med konstruktør, motiva tør og til rette leggjar for utvikling av barnet sitt vitetrong. Samstundes som den vaksne skulle sikre at alle fagområda vart drege inn i prosessen. Dette krev mykje av personalet. Eg sleit med å motivere personalet til å skrive ned praksis historier. Til å dokumentere i lys av pedagogisk dokumentasjon, og ved å greie på ein god måte å formidle kva eg tenkte låg i omgropa. Til tider var eg også sjølv usikker på om mine tolkingar av innhaldet i barns medverknad, og pedagogisk dokumentasjon var riktige. Oppi denne prosessen fekk eg tilbod om og vera med i Kvinnherad kommune sitt tilsynskorps, i samarbeid med FOS. Dette fann eg spanande. Å få setje seg inn i barnehagen sitt lovverk på ein ny måte, og vere delaktig i utarbeiding av det nye tilsynsverktyet var spennande og lærerikt.

#### **4.12 2012, så var vi her**

2011 har vore eit spennande og lærerikt, med travelt år. Eg har fått innblikk i ulike barnehagar gjennom tilsynsjobben min, men også gjennom ulike kurs eg har delteke på saman med andre

førskulelærarar frå kommunen min, men også frå andre nært liggjande kommunar kring i distriktet. Spesielt kurset vi alle deltok på i Haugesund i januar 2012 kring vurderingsarbeid vil eg framheva.

Eg har også hatt to innlegg kring pedagogisk dokumentasjon og barns medverknad her i kommunen i samband med Reggio Emilia nettverket. Desse samlingane har vore for barnehagefolk generelt. Samlingane har hatt ei tidsramme på ca tre timer kvar. Der eg har innleia med power point presentasjon, (sjå vedlegg), hatt opning for spørsmål etter kvart, delt inn i grupper, der målsetjinga ut frå spørsmålsskjema var å få diskutera gjennom og drøfte ulike arbeidsmåtar kring emnet. Oppsummering og spørsmål i plenum som avslutning. Her opplever eg å få eit godt innblikk i kva som blir praktisert ute i felten, og korleis barnehagane har tolka og jobbar med barns medverknad, og pedagogisk dokumentasjon.

Erfaringane mine basert på utsegn og dialog med dei andre deltakarane på nettverksamlingane og leiarkursa var at mangel på tid til dokumentasjonsarbeid var fram tredande. Her då med spesielt tanke på praksishistorier, og fotografi. Dårlig og mangelfullt datautstyr hemma prosessane. Sjukdom i personalgruppa hemma og stoppa arbeidet med dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon. Mange barn på avdelingane i forhold til personaltettleik store delar av dagen hemma det pedagogiske arbeidet. Mangen fann det vanskelig og jobba bevist med barnsmedverknad i dei ulike prosessane grunna store barnegrupper og mangel på tid. Tida strekk ikkje til, ofte må ein prioritere bare det høgst nødvendige som stell, omsorg og kvardagsrutinar. Omgrepet pedagogisk dokumentasjon, og dokumentasjon blir i høg grad blanda og nytta som ein og same sak. Usikkerhet til korleis barnsmedverknad og pedagogisk dokumentasjon skal nyttas i planarbeid, vurderings-, refleksjonsarbeid, og legge grunnlag for vidare planarbeid. Fleire påpeika at dei nytta pedagogisk dokumentasjon i det daglege som grunnlag for vidare planarbeid, men at dei hadde vanskar med å få tid til og setje det ned på papiret. Ofte vart det teke bare munnleg. Fleire opplevde det var vanskelig å jobbe med barnsmedverknad i småbarnsavdelingane. Mangen framheva prosessen kring pedagogisk dokumentasjon og barns medverknad som ein krevjande, men ein god måte og arbeida på.

## **4.13 Styrar si historie**

Med utgangspunkt i problemstillinga, og mitt formål med masteroppgåva, innleia eg dialogen med styrar. Rammene for dialogen/samtalen er sett av problemstillinga og forskingsspørsmåla. Tidslina i historia til styrar blir sett gjennom formålet med samtalen/dialogen. Innan for desse rammene er styrar relativ fri til og fortelje si historie. Dette vil innebere at mi rolle vil vere å lytte, men også som samtalepartner og framdrivar av historia.

### **Kort innleiing:**

Etter avtale kjem eg inn på styrar sitt kontor kring 11.00.

Eg blir godt motteken, og blir servert kaffi. Eg innleiar dialogen/samtalen ved å avklare formålet med masteroppgåva mi. Eg går gjennom problemstillinga med forskingsspørsmåla. Styrar får komme med sine tankar og spørsmål. Styrar stiller spørsmål kring forskingsprosessen, og korleis eg skal nytte datamaterielle.

Styrar innleiar ved å informere om at ho ikkje hadde vore inne i rolla som styrar attende i 2006. Ho hadde på det tidspunktet hatt rolla som avdelingsleiar ute i sektoren. Av den grunn kan styrar ikkje utale seg om prosessen attende i 2006 ut i frå eit styrarperspektiv.

Eg oppfordrar ho likevel til og fortelje attende til kva ho hugsar best frå denne perioden som avdelingsleiar i prosessen.

### **Den «nye» Rammeplanen(2006)**

#### **Omgrepsjungelen:**

Styrar fortel at ho hugsar usemje kring dokumentasjonsomgrepet som ein av dei framtredane faktorane. Hennar leiar attende på det tidspunktet hadde lagt klare føringar for korleis ho såg og tolka omgrepet dokumentasjon, og kva som skulle dokumenterast i kvardagen. Fokuset

kring dokumentasjon vart retta mot enkeltbarnet sin meistring, stikk i strid med kunnskapen den dåverande avdelingsleiar sat inne med. Prosessen var tidkrevjande, og frustrerande.

Styrar seier, når eg tenkjer attende ser eg:

« Lettaste rolla ein har som avdelingsleiar, er å finne feil og manglar hjå leiar. Når ting ikkje heilt fungerer som vi ynskjer dei skal, eller vi er ueinig i dei lagde føringane og målsetjingane, eller kvardagen blir litt vel travel, er det lett og finna feil hjå leiar.»

Dette er ein lærdom styrar seier ho har teke med seg vidare inn i noveranderolle.

### **Dokumentasjon- versus pedagogisk dokumentasjon.:**

I høve omgrepet pedagogisk dokumentasjon, versus dokumentasjon har styrar ei historie som tydleg skisserer problematikken ho sjølv opplevde som avdelingsleiar.

Styrar refererer til opplevelingar ho hadde som tillitsvalt ute i felten. Gjennom tillitsvervet opplevde styrar at det var mykje feiltolking og forveksling av omgrepa pedagogisk dokumentasjon, og dokumentasjon. Styrar viser til ei historie som skisserer kva ho meiner:

« Eg var ein gong borte i ein styrar ute i felten som måtte hyre inn mannen sin på kveldstid til og setje fotografi inn i struktur som dokumentasjon. All tida hennar gjekk med til dokumentasjon og fotografi»

Styrar seier at i slike høver vert fokuset teke vekk frå innhaldet i barnehagen. Styrar opplevde eit fråvær av pedagogisk dokumentasjon, men eit breitt omfang og utstrakt bruk av dokumentasjon.

Vidare seier styrar: « All dokumentasjonen har teke fokuset vekk frå oppgåvene som skal gjennomførast». Styrar sit igjen med ei oppleveling av at i mange høver blir tida nytta til dokumentasjon i form av foto, noko som styrar påpeiker fjernar barnehagane frå kjernen av meininga med pedagogisk dokumentasjon.

« feiltolking av pedagogisk dokumentasjonsomgrepet har medført ei forringing av innhaldet i barnehagen»(Styrar).

Styrar seier ho har opplevd ei manglande forståing av kva som ligg innhalds messig i pedagogisk dokumentasjon, og kva som er meininga med dokumentasjon og pedagogisk

dokumentasjon. Gjennom sitt verv som tillitsmann/kvinne har styrar opplevd til tider at: « dokumentasjonsprosessen er pedagogisk fråverande»

### **Ny arbeidsplass, som styrar**

Eg innleiar «seneskifte» i styrar si rolle ved eit spørsmål. Ta utgangspunkt i di rolle som styrar i barnehagen av i dag, vil du seie at organisasjonen sin oppbygnad/rammefaktorar har noko og seie for prosessane for måloppnåing?

Styrar svare : ja, det vil eg seie. Storleiken på organisasjonen vil ha mykje og seie for prosessane for måloppnåing.

Styrar presiserer: «I prosessane mot måloppnåing av sette krav lyt ein å ha fotfolket med seg, noko som føreset tid, og rom for samarbeid. I ein stor organisasjon vil dette vere spesielt viktig. Pedagogisk leiarane er styrar sitt viktigaste verkty for måloppnåing av å sette føringar og krav.»

Styrar seier vidare at leiar/styrar bør ha kjennskap til kunnskapen og kvalifikasjonar som finnes i organisasjonen, og dra nytte av desse i prosessane. Styrar må spele på lag med avdelingsleiarane for å skape eit sterkt og godt fundament for den pedagogiske plattforma. Her må alle vere delaktige.

Styrar seier: «Dersom ein avdeling ikkje er med i prosessane vil fundamentet bli svakt, og heile plattforma vil velta. Her ligg det ei stor utfordring.»

Styrar skisserer si rolle i forhold til måloppnåing av sette krav er å ta tak i dei ulike krava og forventningane lagt på organisasjonen. Kva som ligg i føringane og krava. Avklaring og setje kursen. Vidare seier styrar i denne prosessen vil barnehagen sin verdiar, haldninga og kultur ha ein sentral plass.

For å få fram meiningsinnhaldet nyttar styrar ein metafor: «Eg kan beskrive barnehagen som ei skute på ope hav. Mi rolle er og setje den riktige kursen, men eg er heilt avhengig av å ha eit mannskapet med meg. Vi må vere einige om kvar målet for reisa er. For ei suksessfull reise der sett mål blir nådd, er mannskapet sitt engasjement og tilhørysle til målsetjinga avgjerande.

Som styrar er det viktig og spele på lag med personalet i prosessane samstundes som ein skal setje kurser.»

Styrar påpeiker at i rolla som leiar er det viktig og sitje inne med ein brei basalkunnskap, både fagleg og ibuande kunnskap. Styrar seier vidare at leiar/styrar må vere oppdatert på kva som ligg i dei sette føringane. Leiar/styrar skal fremja prosessane å rettleie personalet, slik at alle får ei felles forståing av meiningsinnhaldet i lagde føringar og målsetjingar.

### **Så var vi her**

Pedagogisk dokumentasjon, og utvikling av den lærande organisasjonen.

Styrar seier at ho ser ein klar link mellom pedagogisk dokumentasjon, kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjonen. Men ut i frå styrar må ein være seg beivist kva og korleis ein nyttar pedagogisk dokumentasjon.

Styrar seier: «Pedagogisk dokumentasjon i passe grad, retta mot eit avgrensa felt kan gje innblikk og fremja kunnskap. For mykje dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon kan ta fokuset og tida vekk frå jobben vi skal utføra i barnehagen. Eg trur det er viktig og setje fokuset mot enkelte ting i kvardagen som ein ynskjer å få ei breiare forståing og kunnskap om.»

Styrar framhevar personalet sin kunnskap som viktig i prosessen av utvikling av den lærande organisasjonen.

Styrar seier vidare: «I personalgruppa finnes det mykje kunnskap, både taus og teoretisk. Gjennom samarbeid, pedagogisk dokumentasjon, refleksjon og vurdering som grunnlag for vidare arbeid fremjar kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjonen.»

Styrar framheva leiar og avdelingsleiar sin jobb i dette arbeidet.

Styrar presiserer: «Men som eg har sagt før, føreset det gode samarbeid, og tid til samarbeid. Vi knyt ofte kompetanseheving opp mot kurs, og gløymer all kompetansen som faktisk finnes ute i vår eigen organisasjon. Ei bevisstgjering av denne som eit middel for kompetanseheving trur eg er viktig, men også tilførsle av ny kunnskap til organisasjonen, t.d. gjennom kurs.

Teoretisk og praktisk kunnskap kan delast, bevisstgjera og fremja den lærande organisasjonen. Rettleiingsomgrepet fell inn under dette.»

Vidare i tråd med denne utsegna viser styrar til barnehagane sin kompetanseplan. Alle barnehagane skal ut i frå styrar ha utarbeida eigne kompetanseplanar for å sikre auka kompetanse, læring og utvikling i organisasjonen.

Vidar seier styrar at kommunen styrar til høyre har utarbeida sin eigen kompetanseplan retta mot barnehagane. Løysinga på kompetanseheving er ofte kurs. Styrar seier vidare at ho sit inne med ei oppleving av at all kompetansen som faktisk finnes ute i organisasjonen blir gløymd som middel til kompetanseheving, og utvikling av den lærande organisasjonen. Styrar stiller spørsmål ved dette, kvifor dreg vi ikkje meir nytte av kunnskapen vi har, i staden for alltid å sende personalet på kurs? Styrar påpeikar at ho ikkje seier det er viktig med kurs, men å sende ei heil personalgruppe på kurs kostar mykje pengar. Styrar undrar på om det alltid er verdt denne kostnaden. Styrar framhevar at dersom kurs skal ha ein positiv effekt må det takast i bruk i organisasjonen, og verkeleg nyttas. Med dette seier styrar at ho sjølv har erfart at kurs ein deltek på er ferskt i minne ei stund, men etter kvart hugsar vi ofte ikkje kva som var innhaldet i kurset. Styrar seier vidare at ho trur teoretisk kunnskap må nyttas, for at vi kan gjere den til vår eigen, og til eit middel for kompetanseheving i personalgruppa.

Barnehagen skal yte ei teneste prega av kvalitet, styrar påpeikar at kvalitet er eit omgrep som kan vere vanskelig og bedømma. Styrar trur den beste peikepinnen på kvaliteten på innhaldet i barnehagen er barnet sin trivsel, utvikling og læring. Foreldre sin oppleving av barnehagetilbodet, og personalet sin oppleving av kvardagen sin. Her framhevar styrar at innhaldet i barnehagen skal sjølvsagt vera bygd på overordna føringar og rammer for drifta.

## Kapittel 5 Analyse

I tråd med narrativ analyse vil eg analyser det innsamla datamaterielle. Eg har valt og anlysere kvar del av triangulerang for seg sjølv, før eg kort vil samanfatte funna mine under dei fire forskingsspørsmåla og drøftar desse i lys av teori. På denne måten sikrar eg å finne svaret på problemstillinga mi. Funna vil eg vidare dra med inn i drøftingsdelen.

### 5.1 Mi eiga historie

Tidsline, struktur og plott.

Med bakgrunn i Thagaard(2010) sin mal for narrativanalyse vel eg og sjå historia i ein heilskap. Eg vel og ikkje gå inn i kvart enkelt avsnitt, men eg vil sjølvsagt sjå kva som leiar til endringar og gjev «nye» plott i historia. Innunder analysedelen av mi historie fell også historia til tilsynsrapportane, som er ein del av mi historie.

Tidslina i historia går frå implementeringa av Rammeplanen(2006) og fram til i dag.

Gjennomgangstema i historia er ynskje om måloppnåing av sette krav og føringar i Rammeplan(2006) og Barnehagelova(2005), og ynskje om å yte ei kvalitativteneste ut til samfunnet. Ut i frå dette vert strukturen og logikken i historia danna. Strukturen og logikken i historia er drivkrafta og motivasjonen for måloppnåing. Logikken i historia viser til kva som er plottet i historia.

Historia viser til ulike faktorar som er viktige i utvikling av struktur, logikk og plott.

Organisasjonen sine rammer legg bakgrunn for historia, Leiar si rolle som målsetjar og los i prosessen mot måloppnåing. Usikkerhet til omgropa pedagogisk dokumentasjon, barnsmedverknad, lærande organisasjon og kvalitet er framtredane frå starten av i historia.

Vegen fram mot løysing, og gjennomføring av omgropa legg retning og val av veg.

Her kjem logikken i historia klart fram.

Historia skisserer også tidsaspektet som eit viktig moment for måloppnåing av sette føringar i Rammeplan(2006), og Barnehagelova(2005).

## **Leiar si rolle i prosessen**

Ser ein då på historia i sin heilskap viser det seg at val som blir gjort i organisasjonen ut frå struktur og logikk, er i stor grad basert på leiar sin tolking av omgrepa i Rammeplanen(2006). Leiar legg føring for vegen mot måloppnåing av sette krav og føringar.

Desse vala kan vi seie er basert på leiar sin ibuande kunnskap på feltet, men også kunnskap erverva gjennom dialog og samhandling med andre leiarar ute i felten. Her er leiarsamlingar og nettverk sentrale.

Leiar si forståing og tolking av innhaldet i føringane lagd i Rammeplanen, men også leiar si forståing og tolking av andre si utsegn, og erfaringar har lagd føring for val og målsetjing i organisasjonen.

Faktorar som har vore avgjerande i retningsval i historia er leiar si rolle, dialog med andre ute i barnehagefelten, tilføyning av ny kunnskap til organisasjonen, gjennom kurs og vidareutdanning, og attendemelding og rettleiing frå ”andre” (tilsyn).

Ved attendemelding, og rettleiing frå tilsynsmynde endra barnehagen vegvalet mot den same målsettinga.

Leiar tok føring, og leia barnehagen i retning av Reggio Emilia filosofien.

Barnehagen vart ein Reggio Emilia inspirert barnehage. Leiar deltok i Reggio Emilia nettverk, med erfaringsutveksling og erverving av ny kunnskap sto sentralt. Det vart sett fokus mot kompetanselyft i heile organisasjonen. Barnsmedverknad og pedagogisk dokumentasjon i fokus. Utviklingsarbeid vart starta som eit ledd i arbeidet med Reggio Filosofien, og barnsmedverknad.

## **«Nye» plott i historia**

Ut i frå dette kan vi kort oppsummering med at leiar si rolle som los og målsetjar, ny kunnskap tilført organisasjonen, gjennom samarbeid i personalgruppa, ute i ”feltet”, kurs, vidareutdanning og attendemelding frå tilsyn har vore med å danne ”nye” plott i historia.

Den nye kunnskapen har danna bakgrunn for nye val, for nye målsetjingar og satsingsområde i barnehagen.

Historia er delt inn i ulike del historier, kvar delhistorie er innleia ved ei endring i forgående

del. Del historiene, eller bokane er alle ein del av hovud historia. Del historiene inngår i ein større samanheng med same utgangspunkt, og motivasjon for framdrifta i historia. Ein kan seie at del historiene eller bokane, har same indre logikk, men plotte endrar seg i tråd med tilført kunnskap i organisasjonen. Plottet har ”endra” seg i tråd med nye målsetjingar og vegval gjennom historia, sjølv om plottet også har vore stabilt retta mot måloppnåing av lagde føringer i Rammeplanen (2006).

### **Attendemelding og rettleiing**

Val av nye retningar og arbeidsmetodar for måloppnåing av sette føringer i Rammeplan(2006), og lovverk viser seg gjennom historia og vere på bakgrunn av tilbakemelding frå andre, t.d. gjennom tilsyn i barnehagen, attendemelding og dialog med andre ute i barnehagesektoren, og gjennom tilførsle av ny kunnskap til organisasjonen. Her blir PUB studiet spesielt framheva som eit vendepunkt i arbeidsmåte, og målsetjing, men også tilsyn med barnehagen sin innhald.

Eit anna viktig moment i prosessen mot måloppnåing av sette føringer i Rammeplanen(2006) var tilsynet. Attendemelding frå tilsynsmynde på dokumentasjon, versus pedagogisk dokumentasjon som arbeidsverktøy i vurderingsarbeidet, og vidare planarbeid bevist gjorde informanten om feiltolking av omgropa. Noko som medførte tiltak i organisasjonen. Kompetanseheving av heile personalet kring emnet barnsmedverknad og pedagogisk dokumentasjon vart sett på dagsordenen.

### **Ny kunnskap tilført organisasjonen**

I prosessen er det blitt tilført ny kunnskap i organisasjonen gjennom kurs, og vidareutdanning.

Drivkrafta for erverving av ny kunnskap var i utgangspunktet ei satsing frå staten kring pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen. Her vart organisasjonsutvikling sett i søkjelyset. Gjennom studie fekk avdelingsleiarane ny kunnskap, ikkje bare spesifikk knytte til rein organisasjonsutvikling, men også til andre komponentar i Rammeplanen.

Den ny erverva kunnskapen var med på og setje spørsmålsteikn ved eigne målsetjingar, arbeidsmetode, og tolking av føringar lagt i Rammeplanen. Spesielt vart omgrepet dokumentasjon som vart framheva.

Avdelingsleiarane såg ut i frå kunnskapen dei hadde tileigna seg at arbeidsmetoden ved barnehagen for måloppnåing av omgrepet dokumentasjon var feil. Den ny erverva kunnskapen set i gang ein endring i organisasjonen. Endringane tok tid.

## **Organisasjonen sin oppbygnad**

Grunnlaget for den tidkrevjande prosessen kan sjåast ut i frå kvar i organisasjonen kravet om desse endringane kom. Kravet kom nedan i frå og opp.

Leiar hadde si sanning kring kva som skulle dokumenterast og korleis, med lagde føringar for dette i organisasjonen. Barnehagen hadde nytta mykje tid på utvikling av Portofolio permar, mappemetodikk der barnet si meistring sto i fokus. Samstundes som historia fortel at ein stor andel av dei tilsette opplevde denne formen for dokumentasjon som svært god.

Snu operasjonen tok tid.

Eg såg sjølv behovet for eit kompetanselyft i form av vidareutdanning.

## **Kva faktorar hemmar/fremjar måloppnåing av sette krav og føringar**

Mine opplevelingar ute i sektoren gjennom leiarkurs og nettverksamlingar peikar i retninga av mi eiga historie. Her er tid, ”feiltolking” av omgrep, barnetal og personalettleik fram tredande.

Ved analyse av historia er det ulike faktorar som er fram tredande:

- Organisasjonen sin rammer.
- Leiar si rolle
- Kunnskap
- Usikkerhet, eller feiltolking av omgrepa pedagogisk dokumentasjon, dokumentasjon,

og barnsmedverknad.

- Rettleiing, samarbeid og dialog.
- Tid. Eller mangel på tid til gjennomføring av pålagde føringer.
- Barnetal og personaltettleik på avdelingane.

## 5.2 Analyse av styrer si historie

i styrar si historie blir den tenkte tidslina brote innleiingsvis ved at styrar påpeikar at ho attende til implementeringa av den ”nye” Rammeplanen 2006 var avdelingsleiar.

Tidslina i historia blir diffus, og strukturen i historia veks fram gjennom dialog/samtale, der mine leiande spørsmål med bakgrunn i problemstilling og forskingsspørsmåla driv historia på fram. Tanken min med oppbygnad og rammene for dialogen fell mykje godt vekk.

### Tidsline, struktur, logikk og plot

Strukturen i historia veks fram på bakgrunn av mine spørsmål, tidslina blir brotvis og hoppande utan ein klar samanheng, :«då»(2006), «innimellom»(styrar som tillitsmann/kvinne) og «i dag». Strukturen i historia, eller delhistoriene veks fram med bakgrunn i problemstillinga, og mine forskingsspørsmål.

Ut i frå dette kan vi konkludere med at logikken i historia kan relaterast attende til mi problemstilling og mine forskingsspørsmål.

Logikken i historia blir ut i frå dette mi målsetjing om å få innhenta data kring sektoren, for å få eit djupare innblikk i utfordringar knytt til styrar si rolle, med bakgrunn i organisasjonen sine føresetnadar og rammer i forhold til måloppnåing av sette krav og føringer.

Motivasjonen for framdrifta av historia, er min motivasjon og målsetjing om innhenting av data, og stryrar sin motivasjon til og gje meg den dataen eg er ute etter på bakgrunn av

utlevert skjema kring innsamling av datamaterial.

Styrar si historie etterstrevar og gje meg svar på mine spørsmål. Mi problemstilling og forskingsspørsmål gjev meinings til styrar si historie, her kjem også plottet i historia/del historiene til styrar fram. Ut i frå Thagaard(2010) gjev plottet meinings, årsak og motivasjon til historia. Ut i frå dette vil plottet i historia vera innsamling av data, for å få kjennskap til organisasjonen ut i frå styrar sitt perspektiv.

### **Leiar si rolle i prosessen.**

Gjennom styrar si historie blir leiar/styrar si rolle som målsetjar, og vegfinnar mot sette krav og føringer framheva som sentral. Ueinighet i personalgruppa kring meiningsinnhaldet og arbeids metode blir framheva. Noko som leia til frustrasjon og slik eg tolka styrar ein tungrodd prosess mot sette mål frå styrar /leiar. Erfaring frå denne prosessen har noverande styrar teke med seg inn i si eiga rolle som styrar.

### **Attendemelding og rettleiing**

Gjennom si rolle som tillitsmann ute i sektoren erfarte styrar manglande kunnskap kring kva som låg i omgrep dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon. Manglande kunnskap, gjorde prosessen mot måloppnåing tidkrevjande, og tok fokuset vekk frå det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Med andre ord hadde omgrepet pedagogisk dokumentasjon fått ein motsett effekt. Her kjem leiar si rolle også tydleg fram. Leiar sin kunnskap er avgjerande i prosessane mot måloppnåing av sette krav og føringer i Lovverk og Rammeplan.

### **Ny kunnskap tilført organisasjonen**

Styrar framhevar ein klar link mellom pedagogisk dokumentasjon, kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjonen, men framhevar at ein må velje eit fokus som er viktig for organisasjonen og vidare utvikla og arbeida spesielt med gjennom arbeidet

med pedagogisk dokumentasjon. Ein kan ikkje ha same fokus på alt, det vil på sikt ha motsett effekt. I prosessen mot kompetanseheving i personalgruppa, og utvikling av den lærande organisasjonen framhevar styrar ein bevig bruk av personalet sin totale ibuande kunnskap. Her innunder teoretiske og tause kunnskap. Her framhevar styrar leiar si rolle i prosessen, og tid til samarbeid.

styrar viser til kommunen og organisasjonen sine kompetanseplanar. Styrar vektlegg kompetanseheving av personalet, men stiller seg litt tvilande til nytte effekten av kurs og kurstilbod slik det fungerer i dag.

Styrar ser ein klar link mellom kompetanse, trivsel, utvikling, læring og kvalitet, som styrar påpeiker må dette vera tufta på overordna føringar og retningsliner for organisasjonen.

### **Organisasjonen sin oppbygnad.**

Organisasjonen sin ramme, og storleik framhevar styrar som avgjerande i prosessen mot måloppnåing. Her framhevar styrar spesielt storleiken på personalgruppa som avgjerande. Styrar påpeikar at personalet er styrar sitt viktigaste verkty for måloppnåing av sette krav og føringar. Kunnskap og kvalifikasjoner i organisasjonen blir framheva, men styrar påpeikar at dette føreset tid og rom for samarbeid for å kunne nytte og ha kjennskap til organisasjonen sin ressurs i prosessen mot måloppnåing. Samarbeid, fellesforståing og fellesmål er avgjerande. Styrar framhevar også leiar/styrar sin kompetanse og kunnskap som viktig og avgjerande i prosessane. Her blir også leiar/styrar sin kunnskap om organisasjonen sin kultur, verdiar og personalet sin ibuande totale kunnskap framheva.

### **Kva faktorar fremjar/hemmar måloppnåing av sette krav og føringar?**

**Ved analyse av historia er dei fleire faktorar som trer fram:**

- **Leiar si rolle**
- **Leiar sin basalkunnskap**
- **Organisasjonen sine rammer( her innunder storleik)**

- **Kunnskap/kompetanse**
- **Tid**
- **Omgrepsforståing**
- **Samarbeid**
- **Rettleiing**
- **Pedagogisk dokumentasjon**

**Kapittel 6 Drøfting av funn i analysen.**

I lys av problemstillinga mi :

*Pedagogisk dokumentasjon eit verkty for kompetanseheving, og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon?*

Leia til fire forskingsspørsmål. Desse underspørsmåla vil eg nytte i drøftinga og oppsummeringa av funna mine i datamaterielle.

## **1 I kva grad har organisasjonen sin oppbygnad/rammefaktorar noko og seie for prosessane mot måloppnåing?**

Kort oppsumert funn i analysen:

- Storleik på organisasjonen har tyding for prosessane i organisasjonen, dette med tanke på samarbeid, kommunikasjon og motivasjon.
- Økonomi. Set rammer for personaltettleik, barnetal på avdelingane, bruk av vikar osv.
- Hierarkiet, roller og ansvarsfordeling.
- Leiar sin autonomi, leiar har stor makt som veileiar og målsetjar.
- Leiar sin basalkunnskap er avgjerande i høve organisasjonen sine val av metode for måloppnåing av sette krav og føringar.
- Samarbeid er avgjerande i prosessane.
- Tid, all utvikling, planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, pedagogisk dokumentasjon føreset tid til samarbeid.
- Pålagde krav og føringar, er overordna og krev personalet med kunnskap og vilje, evne og motivasjon til endring.
- Kompetanse/kunnskap i organisasjonen. Bevist bruk av kunnskap og kompetanse som finnes i organisasjonen som verkemiddel til læring og utvikling, men også bevist haldning til tilførsle av ny teoretisk kunnskap inn i organisasjonen, gjennom t.d. vidareutdanning.
- Vilje og motivasjon til utvikling og læring. I all utvikling og læring må det til grunne ligge vilje og motivasjon. Leiar si rolle som motivatør vil vera avgjerande.

Rammefaktorane i vid tyding har mykje og seie for korleis barnehagen arbeidar mot sette mål, og korleis prosessen uttar seg. Dette kjem til kjenne gjennom datamaterielle. Pålagde krav

og føringer til sektoren, leiar si rolle, kunnkap i organisasjonen, økonomi, og tid.

Ut i frå Strand(2010) fortel organisasjonsforma oss mykje om kva rolle leiar, og personalet har i organisasjonen. Organisasjonsforma fortel oss vidare kva målsetjing organisasjonen har for drifta, som leiar vidare til dei overordna rammene og føringane.

Barnehagen som tenesteytande organisasjon vil ut i frå Strand(2010) si inndeling i hovudtyngda vera og finna innunder ekspertorganisasjonen, men grunna den hierarkiske oppbygnaden kan vi finna mange fellestrek med byråkratiet.

Ut i frå slik eg tolkar Strand(2010) vil ingen av desse organisasjonsformene gje radikalt rom endring og nytenking i organisasjonen. Organisasjonsforma gjev oss også ein god peikepinn på personalet og leiar si rolle i organisasjonen. Endringar i organisasjonen vil ut i frå Strand(2010) stamma frå endring i tida, samfunnet og politikken.

Kastar vi då blikket attende til innleiinga og bakteppe for oppgåva, ser vi at endringane i organisasjonen er eit resultat av dette.

Dette framhevar også Opstad(2006). Opstad(2006) påpeikar skilnaden mellom privat og offentlig verksemnd. I private verksemder vil drivkrafta vere lønnsemd, medan offentleg verksemnd vil vera prega av utydlege mål og verknad. Tenesta vi vere verdiorientert.

( i Noreg har vi ulike eigarskap på barnehagane, frå privat til offentleg, men felles for desse er at dei har dei same overordna føringane og forholda seg til.)

Barnehagen er ein offentleg tenesteytandeorganisasjon. Ut i frå Strand(2010) vil målsetjinga til denne type organisasjon vera å nå sette krav og føringer lagt på organisasjonen. Ut i frå dette vil målsetjinga i dette arbeidet vera og yta ei kvalitativ teneste ut til samfunnet, noko som stemmer godt med barnehagens mandat og rolle i samfunnet.

Som skissert under innleiinga og bakteppe har barnehagen endra seg i tråd med krav og forventningar i samfunnet. Barnehagen sitt innhald er eit resultat av samfunn og politikk. Barnehagen har gått frå å vera eit sosialpolitisk tiltak, til eit viktig ledd i utdanningslinna.

Med dei nye krava frå samfunn og politikk har barnehagen fått «nye» sterkare føringer og forholda seg til gjennom Rammeplan(2006) og Barnehagelova(2005). Her kan vi sjå tydlege spor frå NPM, eller på norsk kalla NOS idelogien. ((Christensen. T. Engeberg, 2007. 2 opplag

2008). Barnehagen skal vera brukarvennleg, brukaren av tilbode har stor innverknad, kvalitet på dagsordenen og læring i høgsete. Oppstad(2006) omtalar dette som ein non profit organisasjon, som er styrt av regelverk og rammer. Med utgangspunkt i lovverk, lokale retningsliner, rammeplan, og årsplan, er målet og produsere ein teneste prega av kvalitet. Produktet / tenesta kan ein seia er verdiorientert.

Manglande kompetanse, og feiltolkning av sette krav og føringar er eit gjennomgangstema i datamaterielle. Innanfor rammefaktorar har datamaterielle framheva organisasjonen sin oppbygnad, leiar si rolle, personalet sin totale kompetanse og storleiken på organisasjonen.

Funn i datamaterielle mitt viser at leiar si sine vegval og føringar har vore avgjerande i prosessane. Hierarkiet si tyding og leiar si rolle kjem også tydleg fram i datamaterielle ved ynskje om endring av vegval nede i hierarkiet. Den beste beskrivinga mi av denne prosessen er å symja mot straumen. Ein møter motstand, og det tek tid før ein når fram.

Innunder rammefaktorar fell også leiar/styrar og det øvrige personalet sin kunnskap og kompetanse. Gjennom «mi eiga historie» og styrar si historie kjem det fram at samarbeid, og kunnskapen i organisasjonen er av stor tyding for måloppnåing. Det kjem også fram at endringar i organisasjonen som veks ut av kunnskap «nede» i hierarkiet og opp, tek tid.

Ut i frå Strand(2010) si organisasjonsinndeling og barnehagen si organisasjonsform, gjev det oss mykje informasjon om leiar og personalet si roller i organisasjonen.

Barnehagen sin hierarkiske oppbygnad gjev oss ein god rettesnor på roller, og ansvarsfordeling. Den hierarkiske oppbygnad stammar frå Max Webber sin teori om byråkratiet (Hatch, 7. opplag 2008). Der han skisserer organisasjonen som ein sosial struktur, med klar ansvars- og arbeidsfordeling. Hierarkiet gjev klar autoritet, og posisjonsmakt til dei ulike stillingane i organisasjonen. Tydleg lojalitet oppover i systemet er rådande(Hatch. 7 opplag 2008). Gjennom dette kjem det klart fram at personalet, og leiar sin kompetanse er ein av barnehagens viktigaste faktorar for måloppnåing. Spesielt set dette krav til leiar sin totale basalkunnskap, som hovudansvarleg for og etterkomma sette krav og føringar. Under innleiing og bakteppe ser vi også at kvalitet på tilbodet, og personalet sin kompetanse vert

linka saman gjennom st.meld.nr 27(2000). Vidare ser vi gjennom Meld. St. 18 (2010–2011) Læring og fellesskap, med bakgrunn i st.meld.nr 41(2009) vil satse på auka kompetanse og kvalitet i barnehagen.

Storleiken på organisasjonen vil ut i frå styrar også vera ein innverkande faktor på prosessane i barnehagen. Her kjem leiar/styrar si rolle som vegsetjar, rettleiar og los mot sette mål tydleg fram. Personalet blir framheva som styrar/leiar sitt verkty for måloppnåing av sette krav og føringar, mot eit kvalitativt tilbod ut til samfunnet. Her blir leiar si rolle i prosessane tydleg, og kva tyding godt samarbeid har i denne prosessen. Dette føreset tid og rom for samarbeid. Samarbeid blir framheva i styrar si historie som ein viktig føresetnad for kvalitet, måloppnåing, kompetanseheving og utvikling.

Dreg vi parallelle attende til bakteppe for oppgåva, ser vi at Stortingsmelding nr 27(2000) avgrensa og la føringar for kvalitet på tre hovudområde. Ein av desse vart direkte knytt opp mot personalet sin heilskaplege kompetanse, og vilje og evne til endring og utvikling. Leier sitt ansvar i høve endringsprosessen vart framheva. Rammeplanen (2006,2011) legg vekt på pedagogisk dokumentasjon som eit viktig verkemiddel for å sikre kvalitet på barnehagetilboden, og som grunnlag for refleksjon, vurdering som grunnlag for vidare planarbeid. Omgrepet pedagogisk dokumentasjon blir knytt opp mot utvikling av den lærande organisasjonen gjennom Rammeplan(2006,2011) og Barnehagelova (2005,2009,2011). Omgrepene lærande organisasjon, og organisasjonsutvikling kan ein seie å ha felles base.

Argyris og Schøne(1996) viser til tre læringstypar i organisasjonen. Kort samanfatta står dialog, refleksjon, samarbeid, attendemelding, kunnskap og tilførsle av ny kunnskap sentralt i utvikling av den lærande organisasjonen. Samarbeid er ut i frå dette ein avgjerande faktor.

I datamaterielle blir det framheva viktigheten av tid og rom for samarbeid. Samarbeid blir framheva i styrar si historie som ein viktig føresetnad for kvalitet, måloppnåing, kompetanseheving og utvikling. Ut i frå mitt ståstad stemmer det god overeins med føresetnadane for pedagogisk dokumentasjon(Dahlberg, Moss og Pence,2002), utvikling av den lærande organisasjon(Argyris og Scøne, 1996), og kvalitativt arbeid(st.meld.nr 27,2000).

Rammeplan, st.meld. kommunale retningsliner og Lovverk set føringar for drift, innhald, barnetal, personaltettleik, opningstider, personalet sin kompetanse, kompetanseplanar m.m. sjølvsagt kjem også økonomi inn her. Motivasjonen til all drift, og målsetjing i barnehagesektoren er måloppnåing av sette krav og føringar. Her er ein fellesnemnar for alt innsamla datamaterielle, og drivkrafta for alt arbeid i barnehagen mot eit kvalitativ teneste ut til samfunnet.

Når det er snakk om samarbeid framhevar styrar at storleiken på organisasjonen er av tyding. Argyris og Schøne(1996) set fokuset på potensialet for læring som ligg i tilbakemelding frå erfaring. Med bakgrunn i Argyris og Schøne(1996) sin teori kring den lærande organisasjonen, føreset den tid og rom for vurdering, refleksjon, dialog, og samhandling som bakgrunn for korreksjon, og nye målsettingar.

Datamaterielle viser tidsklemma som ein av rammefaktorane som påverkar prosessane i organisasjonen negativt. Storleiken på organisasjonen blir også påpeika som ei utfordring. I datamaterielle gjennom styrar si historie blir avdelingsleiar framheva som styrar sitt viktigaste verkty for oppnåing av sette mål. Dette vil truleg vera spesielt viktig i store organisjonar der det kan vera vanskelig å samle alle, eller det kan vera uoverkommeleg og urealistisk for leiar å gå inn som målsetter, motivatør, rettleiar, og los på kvar enkelt avdeling. Her ser ein viktigheten av godt og nært samarbeid mellom leiar og avdelingsleiar, og ikkje minst avdelingsleiarar med den rette kompetansen.

Gjennom datamaterielle kjem det fram mangel på tid som ei problemstilling. Dette blir linka opp mot t.d. eit større brukarvennleg tilbod med utvida opningstider. Noko som innebere mindre personaltettleik store delar av dagen. Her finn vi igjen spor frå innleiinga og bakteppe med dei overordna føringane danna ut i frå politikk og samfunn med NPM ideologien i bakgrunn. (Tom Christensen, 2. opplag 2008) Slik eg ser det har dette gjeve grunnlaget for eit meir brukarvennleg tilbod.

Økonomi er også ein av faktorane som påverkar tida personalet har til samarbeid.

Økonomistyring og meir «makt» lagt ned på kommunalt nivå (to nivå kommunen, og øyremerka middlar til barnehagen er fjerna frå statleg hold), er også eit faktum i forhold til dei økonomiske utfordringane datamaterielle viser.

## 6.1 Kva rolle har leiar/styrar i denne prosessen?

Funn i analyse kort oppsummert:

- Leiar stor autonomi i hierarkiet. Gjennom datamaterielle kjem det fram at leiar sin autonomi i organisasjon kan hemma prosessane. Ved ny tilførsle av kunnskap nede i hierarkiet tek dette tid for å etablere seg.
- Leiar sin basalkunnskap. Leiar sin basalkunnskap viser seg i empirien å vera viktig. Leiar fortolkar pålagde krav og føringar, set mål og arbeidsmetode for måloppnåing. Leiar si rolle som pådrivar og motivatør er sentral. Kva kunnskap leiar innehavar kan ut i frå empirien tyde på at er avgjerande i alle prosessar i organisasjonen.
- Leiar samarbeid (nettverk, leiarsamling m.m.). Funn i datamaterielle mitt viser at leiar tileigner seg kunnskap gjennom nettverk, og leiarsamlingar. Denne kunnskapen tek leiar med seg attende til barnehagen, og nyttar i eigen organisasjon.
- Nærleik til organisasjonen. (kunnskap om eigen organisasjon). Det kan sjå ut som leiar sin nærleik til eigen organisasjon, og kunnskap om organisasjonen er avgjerande i prosessen mot utvikling av den lærande organisasjon.

I tråd med Strand(2010) sin organisasjonsinndeling har leiar i barnehagesektoren har stor autonomi. Leiar er ansvarleg for drifta. Leiar set mål og vegval for drifta, med bakgrunn i overordna rammene. Leiar sin basalkunnskap vil ha stor tyding i dette arbeidet. Gjennom datamaterielle blir dette også framheva.

I alt innsamla datamaterielle er leiar/styrar si rolle fram tredande i prosessen mot måloppnåing av sette føringar og krav til organisasjonen. Ut i frå Strand(2010) sin leiarteori og PAIE, vil leiar i det offentlege ha innslag av integrasjon, entrepenørskap, administrasjon og produksjon.

Ut i frå slik eg les Strand(2010) og PAIE, vil leiar i barnehagesektoren ha ein høg grad av P.

Som leiar i barnehagesektoren vil ein i hovudsak vera tenesteleiar. Tenesteleiarrolla ligg i skvis mellom dei ulike faktorane i PAIE, noko som Stand(2010) påpeikar gjev lite rom for leiing i eksplisitt forstand.

Ut i frå Strand(2010) er leiar si rolle i det offentlege administrator, sakshandsamar, i verk setter, sekretær, målsetter, ekspert og til rette leggjar. Med andre ord kan vi seia at leiar har ei svært viktig rolle for måloppnåing av sette krav og føringar.

I datamaterielle kjem det fram manglande kunnskap og omgrepsforståing. Ut i frå dette kan vi vel seie at som ein del av rammene vil leiar, og personale sin kunnskap vera avgjerande i prosessane for måloppnåing.

Grunna organisasjonen hierarkiske oppbygnad vil leiar sin basalkunnskap vera særskilt avgjerande, slik det også er komme fram i datamaterielle.

Når vi då med Strand(2010) sin organisasjons- og leiarteori i bakhovudet, ser på funna i tilsynsrapportane, viser dei at 80 % av barnehagar har avvik, eller merknad på barnehagen sitt innhald. Er det ikkje då nærliggande tru at dette fortel noko om kompetansen som finnes ute i felten hjå leiarane?

Eller at endringane i barnehagen si rolle i samfunnet har komme som jula på kjerringa? Sektoren var ikkje kompetansemessigt rusta til og møta dei nye føringane og krava lagt på sektoren?

Tilsynsrapportane viser den «raude» tråden i organisasjonen frå eigar til assistent. Her er det naturleg leiar for organisasjonen som legg føringane for innhaldet, og fortolking av innhaldet i pålagde krav og føringar for organisasjonen. Organisasjonen sitt hierarki trer tydleg fram.

Styrar/leiar tolkar, i verk sete, rettleiar og leiar personalet i prosessen mot måloppnåing av sette krav. Her kan vi heller ikkje bagatellisere leiar/styrar sitt samarbeid med andre leiarar/styrarar ute i sektoren, gjennom leiarsamlingar og nettverk. Frå frå desse samlingane og nettverka viser gjennom datamaterielle å forplante seg ute i organisasjonane. Leiarane kom attende til sine respektive barnehagar og la føringane for korleis det skulle arbeidast.

Manglande kunnskap, og omgrepsforståing viser seg framtredande. Resultatet av dette ute i

sektoren viste seg å vera særskilt tidkrevjande, og mykje energi vart lagt ned i å etterkomma dei «opplevde» og «tolka» sanningane til omgrepene i lovverk og Rammeplan.

Eg vil påstå at desse prosessane måtte ha ei motset effekt på målsetjinga om å yte ei kvalitativteneste ut til samfunnet.

Samstundes viser datamaterielle kunnskap som blir tilført organisasjonen gjennom kompetanselyft av tilsette lengre nede i hierarkiet, har vanskar med å etablere seg i organisasjonen. Organisasjonen sin oppbygnad, og leiar si rolle i hierarkiet kjem tydleg fram. Den hierarkiske oppbygnad, med stor autonomi til leiar kan vera positivt så fram leiar sit inne med den riktige totale kunnskap. I motsett høve viser datamaterielle effekten som negativ. I tråd med leiar sin autonomi i organisasjonen, kan leiar velje å ta omsyn til innspel frå avdelingsleiarar og personalet, eller trenera innspela. Som vist gjennom datamateriale ved ny tilførsel av kunnskap nede i systemet tok det tid før kunnskapen fekk rotfeste i organisasjonen. Leiar kan verka som ein fremjar og motivatør i prosessar, eller som ein propp i prosessen.

## **6.2 Korleis har og blir omgrepene pedagogisk dokumentasjon tolka og iverksett ute i barnehagesektoren?**

Funn i analyse kort oppsummert:

- Kunnskap. Manglande kunnskap og lekmannspreg rådar ute i sektoren. Datamaterielle viser at tilførsle av ny kunnskap til organisasjonen fremjar prosessane i høve pedagogisk dokumentasjon.
- Omgrepsforståing. Grunna manglande kunnskap kring meiningsinnhaldet i omgrepene pedagogisk dokumentasjon, blir det feiltolka og sanninga til omgrepene veks fram på bakgrunn av funnen sanning, på bakgrunn av eigen kompetanse og samhandling ute i sektoren.
- Tid. Tid viser seg gjennom datamaterielle å vera avgjerande i prosessen pedagogisk dokumentasjon. Men også stort tidsbruk ved feiltolking av omgrepene.

- Leiar si rolle. Leiar si rolle er fram tredande i datamaterielle, både som målsetter og veileiar på veg mot målet. Leiar set føringane, og delegerer ansvar.
- Kompetanse. Manglande kompetanse, og behov for kompetanse viser seg i empirien som avgjeraende.

Rammeplanen(2006,2011) og Barnehagelova(2005,2009,2012) pålegg barnehagane å vera ein lærande organisasjon. Ein lærande organisasjon er ein organisasjon i stadig rørsle og utvikling, klar til å møte ny krav og utfordringar i samfunnet. I denne prosessen blir der i blant dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon framheva som verkemiddel.

Gjennom desse datamaterielle kjem det klart fram at manglande kunnskap kring omgrepene sett til organisasjonen gjennom Rammeplanen(2006), medfører feiltolking og synsing ute i sektoren, noko som gjev ringverknadar på det pedagogiske innhaldet i barnehagen, og noko som kan omtalast som feil tidsbruk ute i sektoren.

Datamaterielle viser tydleg kva misstolking av Rammeplanen(2006) sine føringar og krav kring dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon har og seie i forhold til tidsbruken i barnehagen. Gjennom tilsynsrapportane kjem det fram at 20 % av barnehagane ikkje har fått merknad og avvik, dette indikerer at dei driftar fult ut etter Barnehagelova(2005,2009,2012) og Rammeplanen(2006,2011). Historia bak rapportane har eg ikkje, kunn resultatet. På bakgrunn av dette kan eg ikkje dra nokre konklusjonar kring kvifor 80 % av dei 16 barnehagane har fått merknad og avvik kring barnehagen sitt innhald. Eg kan bare slå fast med bakgrunn i desse funna at her er det store manglar innhaldsmessigt.

Feiltolking viser seg og medfører ein motset effekt ute i sektoren. Rammeplanen(2006,2011), og Barnehagelova(2005,2009,2012) sine målsetjingar kring dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon fell vekk. Dette ser vi i alt innsamla datamaterielle. Tidsbruk i høve dokumentasjon versus pedagogisk dokumentasjon blir i mange høver feiltolka, og tek all tid, noko som medfører det som styrar omtalar som pedagogisk fråvær i organisasjonen. Tid blir framheva som eit viktig moment i arbeidet, eller mangel på tid.

Dette kan gjennom datamaterielle relaterast attende til feiltolking av omgrep i Rammeplanen(2006) noko som har medført auka tidsbruk. Her kan eg spesielt visa til

omgrepsforvikling mellom dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon.

I høve auka barnetal og utvida opningstider, stel også den tid frå personalet og barnegruppa. Personaltettleiken er blitt mindre, store delar av dagen. Noko som gjev mindre spelerom for møter på dagtid, samstundes som det kjem fram at ved sjukdom blir ein særskilt sårbare. Tid blir framheva som ein av nøklane til utvikling av den lærande organisasjon, kompetanseheving, og kvalitet.

### **6.3 Er det ein naturleg link mellom pedagogisk dokumentasjon, kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjon?**

Kort oppsummert funn i analysen:

- 20 % av tilsynsrapportane viser ingen marknadar eller avvik under §2 barnehagens sitt innhald. Ut i frå dette er det truleg ein samanheng mellom pedagogisk dokumentasjon, kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjon.
- Ved tilførsle av ny kunnskap i organisasjonen kan funn i datamaterielle indikera at pedagogisk dokumentasjon vert nytta som eit ledd i utviklinga av den lærande organisasjon. Konklusjonen kan vera at dette medfører kompetanseheving, og på sikt kan det truleg fremja kvalitet.
- Omgrepsforståing av meiningsinnhaldet i omgrepene pedagogisk dokumentasjon, ser ut til å vera avgjerande gjennom empirien for å kunna nytta dette bevisst for utvikling av den lærande organisasjon, og som eit verkemiddel til kvalitet og kompetanseheving i personalgruppa.
- Kompetanse til leiar, og personalet kjem fram gjennom datamaterielle mitt som avgjerande i prosessane, og for måloppnåing. Den pedagogisk dokumentasjon er skissert i dei overordna føringane som eit verkemiddel til utvikling av den lærande organisasjon.

Ser ein på Rammeplanen(2006,2011) sine føringar for innhaldet i barnehagen, blir

dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon framheva som verkemiddel i utvikling av den lærande organisasjon. Desse omgrepa er også nært knytt opp mot kvalitetsomgrepet, og heng mykje godt saman.

Gjennom datamaterielle kjem det fram at ved tolkingane av «sanninga» til dei ulike omgrepa i Rammeplanen(2006), fekk dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon stor merksemd.

Fokuset vart flytta frå barna over til dokumentasjon. Tidkrevjande dokumentasjon.

Dokumentasjon som ikkje vart nytta som eit middel til læring og utvikling, men som veggfyll, og skuffefyll for å visa innad og utad til samfunnet at her var jobben gjort.

Sant nok viser datamaterielle at målsetjinga var å vise gjennom dokumentasjonen at ei jobba kvalitativt, og ytte ei teneste prega av kvalitet ut til samfunnet. Pluss at ein hadde ryggen «klar» i forhold til dokumentasjon av enkeltbarn og gruppa. Pedagogisk dokumentasjon vart gjennomført som bilete med tekst, datamaterielle viser at prosessen stoppa her, og gjekk ikkje lengre. Utvikling av den lærande organisasjonen blir i datamaterielle knytt opp mot PUB(pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen), og er ikkje eit eige emne i innsamla datamaterielle. Kompetanseheving blir gjennom datamaterielle knytt opp mot vidareutdanning, og kurs.

Det blir ut i frå mitt synspunkt vanskelig å eliminere ein av faktorane i krav sett til barnehagen som lærande organisasjon gjennom Barnehagelova(2005,2009,2012) og Rammeplanen(2006,2011), å seie at produktet skal vera prega av kvalitet. Det eine føreset det andre. Kvalitet kan vera vanskelig og måle, og er ofte knytt opp mot oppleveling og erfaring av eit produkt. Som allmenn mann i gata er det mange faktorar som påverkar mine haldningar, og tankar kring kva som er kvalitet. Det kan vera påverka av min eigen kompetanse knytt opp mot «feltet» som eg skal vurdere, min ideologi, min kulturelle bakgrunn, mine grunnleggande verdier, og mine personlege forhold. Vurdering av kvalitet på eit tilbod kan vera eit vanskelig emne å gje svar på. I dette høve trur eg likevel det vil vera avgjerande at barnehagane innehavar komponentane lovverket og rammene set for drifta som grunnmur i arbeidet, for at eit kvalitativt tilbod skal veksa fram. Her finn eg støtte gjennom prosjektet Den norske barnehagekvaliteten, sin definisjon på kvalitet. (Søbstad F. , 2004).

Gjennom det innsamla datamaterielle viser det seg at organisasjonen sine rammefaktorar har

mykje å seie for prosessen mot måloppnåing.

Datamaterielle viser også at forståing av pålagde krav og føringer, og kunnskap om kva som reelt ligg i dei ulike omgrepa, er avgjerande for måloppnåing, og forståing av korleis ein skal nytte « verktyet» ein har til rådvelde, i dette høvet pedagogisk dokumentasjon.

Pedagogisk dokumentasjon som eit verkemiddel for kompetanseheving, kvalitet og utvikling av den lærande organisasjon.

Datamaterielle viser at leiar si rolle som målsetjar og rettleiar er sentral i prosessane og vegvala lagt i organisasjonen. Leiar tolkar, legg vegval og set i verk sine sanningar av sette krav og føringer lagt på organisasjonen. Leiar/styrar sin basalkunnskap viser seg i datamaterielle og vera avgjerande for gjennomføring av omgrepene pedagogisk dokumentasjon, og om det blir nytta som eit middel for kompetanseheving og utvikling av den lærande organisasjonen. I datamaterielle kjem det fram ei omgrevsforvirring i forhold til meiningsinnhaldet i dokumentasjon, kontra pedagogisk dokumentasjon, og kva målsetjing pedagogisk dokumentasjon har i den store samanhengen. Eg får ei oppleving av at fokuset er retta direkte mot ordet, og EI konkret handling som resultat av dette. Ein ser ikkje heilskapen i biletet, og meininga som ligg til grunne for kvifor barnehagane skal nytta pedagogisk dokumentasjon i det daglege virke som eit middel til kvalitetssikring, fremja det pedagogiske arbeidet, og som eit bevisst verkemiddel til og utvikla den lærande organisasjonen. Her fell vi automatisk attende til kompetanse, og tid til samarbeid.

Gjennom datamaterielle kjem det også fram at personalet er leiar sine viktigaste ressurs til måloppnåing. Om dei reelle måla for organisasjonen blir møtt, viser seg og henge saman med personalet og leiar sin kompetanse. Datamaterielle viser ein tung prosess i arbeidet mot beivistgjering og kunnskap i organisasjonen kring pedagogisk dokumentasjon som eit verkty for utvikling av den lærande organisasjon og kompetanseheving i personalgruppa.

Datamaterielle viser prosessen fram til i dag som ein balansegong på ein «knivegg» mellom dokumentasjon, passe dokumentasjon, pedagogisk dokumentasjon, kvifor dokumentasjon, og kva nyttar vi dokumentasjonen til.

Problematikken er ikkje slik eg opplever det gjennom datamaterielle, at barnehagane ikkje ynskjer å etterkomma sette krav og føringer, men dei individuelle tolkingane av omgrepa i

Barnehagelova(2005,2009,2012) og Rammeplanen(2006,2011) stemmer ikkje alltid heilt med meiningsinnhaldet i den skrivne teksts.

Datamaterielle viser at vegvala barnehagane gjorde for å etterkomme dei sette føringane og krava var missvisande og feilaktige.

Grodd fram gjennom eigne referanserammer, praksiskunnskap, tileigna teoretisk kunnskap, dialog, rettleiing og samarbeid mellom leiarar ute i sektoren. Leiarnettverk og leiarsamlingar har danna god grobotn for «sanninga». Leiarane kom attende til sine respektive barnehagar og la føringane for korleis det skulle arbeidast.

Datamaterielle viser at feiltolking av kva som ligg i omgrepet pedagogisk dokumentasjon stel tid. Pedagogisk dokumentasjon som eit verkemiddel for kompetanseheving og utvikling av den lærande organisasjonen er i stor grad fråverande, dette kjem fram gjennom resultat frå tilsynsrapportane, men også gjennom det innsamla datamaterielle.

Prosessane frå 2006 og fram til i dag kjem til kjenne gjennom datamaterielle å vera tungrodde, men at anno 2012 har fått eit naturleg link mellom utvikling av den lærande organisasjonen, kompetanseutvikling, pedagogisk dokumentasjon og kvalitet. Både den ibuande kunnskapen og den teoretiske kunnskapen er blitt fremja, noko som er i kontrast til funn i tilsynsrapportane. Dette indikerer at vi har ein lang veg å gå. St.meld.nr 27(1999-2000) framhevar endringskompetanse som eit sentralt element i forhold til kvalitetssikring av barnehagen sitt innhald.

#### **6.4 I kva grad har/vert pedagogisk dokumentasjon nytta som eit verkty for kompetanseheving, og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon?**

Det spennande er å sjå kva som har medført endringane i organisasjonen(sjå innleiing og bakteppe). Ved å gå inn i datamaterielle ser ein at dei store endringar i organisasjonen har vorte til gjennom ny pålagde krav og føringar. To av omgropa som dukka opp i samband med Rammeplanen(2006) var pedagogisk dokumentasjon, og lærande organisasjon.

Med dei nye krava og føringane som vart sett til barnehagen gjennom Rammeplanen(2006), vart det også sett nye krav til leiar og personalet.

Omgrepa pedagogisk dokumentasjon, og dokumentasjon viser seg gjennom datamaterielle og bli løfta opp, snudd og vendt, og tolka.

Datamaterielle viser ikkje at omgrepet lærande organisasjon var noko ein knytte direkte til det daglege arbeidet, men meir som ein i verk sett prosess gjennom utviklingsarbeid. Funna mine gjort i datamaterielle viser ikkje ein naturleg link mellom dokumentasjonsomgrepet og utvikling av den lærande organisasjonen.

På søk etter kunnskap viser datamaterielle at barnehagane vendt seg mot kvarandre, gjennom observasjonar, dialog, samarbeid og rettleiing. Det eg vel og tolka som erfaringsbasert kunnskap som er blitt lyfta opp til sanninga.

Funn i datamaterielle viser at attendemelding, og rettleiing på barnehagen sin praksis frå fagpersonar på feltet, har også medført endringar, og motivert til søkeren etter ny kunnskap. Vidare viser empirien at endring i organisasjonen har komme ved ny tilførsle av teoretisk kunnskap. Kvar i hierarkiet denne kunnskap har blitt erverva inn, viser seg og vera ein avgjerande faktor. Her kjem organisasjonen sin oppbygnad og leiar si rolle inn. (Strand,2010). Leiar sin autonomi i hierarkiet, viser seg å kunna hemma kunnskap erverva lenger nede i organisasjonen.

Dei empiriske funna mine tyder på at pedagogisk dokumentasjon ikkje er brukt bevisst som utgangspunkt for endringar i barnehagen.

Vi kan opp summere funn gjort i datamaterielle i ein modell. Modellen skisserer prosessen ut i frå sette føringar frå Rammeplanen(2006), og personalet si fortolkningsramme av desse. Prosessen skissert frå venstre til høgre i modellen. Venstre side viser det som vi kan omtala som manglande bruk av pedagogisk dokumentasjon som eit verkemiddel for utvikling av den lærande organisasjon. Høgreside viser prosessen der organisasjonen nyttar pedagogisk dokumentasjon som eit verkemiddel til utvikling av den lærande organisasjon, kompetanseheving og kvalitetssikring. Ut i frå funn henta i datamaterielle kan det indikera at leiar og personalet sin totale kunnskap har ei viktig rolle i prosessen frå venstre til høgre side i modellen, men også tilførsle av ny kunnskap.

Vi kan med andre ord seia at den vatn- rette aksen i modellen viser prosessen fra dokumentasjon til pedagogisk dokumentasjon, og den loddrette aksen viser endring i refleksjonsmønster og kvantifisert, eller målbare resultat gjennom prosessen. Pedagogisk dokumentasjon som eit verkemiddel til oppnåing av den lærande organisasjonen.

Modellen forklart frå venstre til høgre:

Venstre side av modellen kan ein dra parallel til funn gjort i offentlege tilsynsrapportar, og i mi eiga historie.

Målsetjing er måloppnåing av omgrep og lagde føringar for organisasjonen, eller pålagde krav og føringar for organisasjonen gjennom st.meldinger, Barnehagelova(2005,2009,2012) og Rammeplanen(2006,2011).

I dette høvet organisasjonen barnehage, med Rammeplanen(2006) som overordna dokument for barnehagen sitt innhald. Pedagogisk dokumentasjon og dokumentasjon framheva som viktig verkty i høve vurdering, refleksjon og vidare planarbeid. Pedagogisk dokumentasjon som verkemiddel, blir også linka opp mot barnehagen som lærande organisasjon. Men også i høve barnet og barnegruppa.

Venstre side av modellen skisserer prosessen eg omtaler i gjennom datamaterielle i mi historie: Dagen for tilsyn.

Eg hadde dokumentert alt som skulle dokumenterast, og mogleikens litt til. Dokumentasjonen min var målbar, eller kvantifisert, og gav meg ei kjensle av måloppnåing.

Eg hadde i oppleving av at dei sette måla for organisasjonen var gjennomført, og eg hadde dokumentert prosessen. Mine refleksjonar av prosessen var at måla var gjennomført og oppnådd gjennom dokumentasjonen min. Eg hadde mitt på det «reine». Dokumentasjonen var ikkje bevist nytta som eit verkty for læring og endring, eller eit middel for utvikling av den lærande organisasjonen, men som eit resultat av mine tolkingar av kva som låg i omgropa dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon. For meg var pedagogisk dokumentasjon bilet med tekst som viste prosessen. Desse bileta med tekst la ikkje grunnlag for vurdering og refleksjon over arbeidet, men var ei oppsummering ut til brukar og eigar at arbeidet var gjort. Produktet var målbart, og refleksjonen var knytt til eiga oppleving av måloppnåing, ikkje som eit bevist verkemiddel for tileigning av ny kunnskap, refleksjon i lys av pedagogik og vidare arbeid på avdelinga. Bunken vart snudd og arbeidet vart starta på ny ved nytt barnehage år.her

er det freistande å dra parallelar til Argyris og Schøn(1996) sin teori kring den lærande organisasjonen. Prosessen her skissert er den som Argyris og Schøn(1996) omtalar som singel loop Learning. Systemet styrer seg sjølv ved negative attendemeldingar, ved å gå attende til utgangspunktet. Ein justerer handling basert på erfaring. Det blir ikkje stilt kritiske spørsmål ved innhald, pedagogikk eller organisering. Ein vel å repetere seg sjølv til ynskjeleg resultat er oppnådd. Stikk i strid med bakgrunn og meiningsinnhald i omgrepene pedagogisk dokumentasjon.

Til høgre i modellen er pedagogisk dokumentasjon nytta. Prosessen er meir innfløkt. Forhold i prosessen mellom assistent og forskulelærar – leiar er avgjerande.

Her kan vi dra parallelar til teori kring organisasjonsutvikling og den lærande organisasjonen: Argyris og Schøn (1996), double loop learning. Ved Argyris og Schøn(1996) sin teori kring den lærande organisasjonen og double loop learning går ein inn med korreksjon og endring av prosessar for måloppnåing på bakgrunn av diskusjon, pedagogikk, tilførsle av ny kunnskap, refleksjon og vurdering. Målsetjinga er at organisasjonen skal kunne nytte begge formene for læring beivist, eller det som Argyris og Schøn(1996) omtalar som Deutoro learning.

Organisasjonen har lært og læре.

Høgre side av modellen viser altså prosessen som fremjar læring og utvikling gjennom pedagogisk dokumentasjon, vurdering, og refleksjon som bakgrunn for vurdering av måloppnåing, og vidare arbeid. Som modellen viser vil pedagogisk leiar ha ei stor tyding i dette arbeidet, saman med personalet. Her er det ein prosess som på går.


Målsetjinga for arbeidet i barnehagen er å yte ei kvalitativ teneste ut til samfunnet.

Ein kan sei ein fremjar kvalitet. Samstundes som organisasjonen lærer og utviklar seg.

Prosessen er fagleg grunngjeven.

Prosessen på høgre side er kvantifisert, eller målbar gjennom personalet, barnets, foreldre sin oppleving og refleksjon over kvaliteten av tilbodet. Her kan vi dra parallelar til St.meld. 41(2009) kvalitet i barnehagen og St.meld. 27(2000).

### Teoretisk modell:



Model nr 1. *Dokumentasjon versus pedagogisk dokumentasjon.*

Ein lærande organisasjon fell under paraplyen organisasjonsutvikling.


Funn i empirien under styrar si historie kjem det fram ein link mellom kompetanseheving i personalgruppa og læring i organisasjonen i vid tyding.

Det skriftlege datamaterielle viser at barnehagane anno 2012 er komme godt på veg i prosessane. Sjølv om dette spriker med funn gjort i tilsynsrapportane der 80 % av barnehagane har avvik og manglar knytt opp mot barnehagen sitt innhald §2.

Det eg sit igjen med, etter å ha jobba meg gjennom denne oppgåva, er i tråd med Argyris og Schøn(1996) organisasjons utviklings teori. Empirien viser at all endring krev ei form for motivasjon og vilje for endring. Tilførsle av kunnskap er avgjerande i prosessar, men også attendemelding, vurdering og refleksjon som grunnlag for vidare planarbeid og læring. Datamaterielle viser prosessane organisasjonen har vore gjennom. Her opplever eg å finna fellestrek med omgrepene den lærande organisasjon. Endringar har komme ved nye målsettingar, attendemelding på eigen praksis, refleksjon, samhandling, dialog og søken etter ny kunnskap. Denne prosessen har lagt grunnlaget for endring av praksis og nye mål. Eller dei same måla men ny veg å gå. I prosessen er det ulike faktorar som har vore viktige. Dreg vi parallellear attende til barnehagen sine overordna føringar og krav til innhald og målsetjing, der pedagogisk dokumentasjon er eit viktig verkemiddel for måloppnåing, ser vi at dei same

faktorane.

Eg har laga ein teoretisk modell som skisserer pedagogisk dokumentasjon som eit verkty i prosessen til å fremja den lærande organisasjonen:



*Modell 2. Pedagogisk dokumentasjon, og lærande organisasjon.*

Modellen viser dei overordna målsettingane som legg føringane for innhaldet og målsetjingane for organisasjonen (Barnehagelova, 2012 og Rammeplanen, 2011). Desse legg grunnlaget for barnehagen sitt planarbeid, gjennomføring, refleksjon og vurderingsarbeid. I denne prosessen vil barns/foreldremedverknad, pedagogisk grunnsyn, pedagogisk dokumentasjon, attendemelding, refleksjon og kompetanse vera avgjerande.

Styrar si rolle i prosessen er viktig. Styrar som målsetjar på bakgrunn av sette føringsar, som til rette leggjar for prosessen. (Strand, 2010). Her vil tid og rom for arbeidet vera avgjerande, men også tilførslle av ny kunnskap.

## **Kapittel 7 Avrunding**

Formålet med oppgåva har vore å ta pulsen på barnehagesektoren i prosessen frå og vera eit sosialpolitisk tiltak, til eit viktig ledd i utdanningslina. Dei overordna krava og føringane for

barnehagen som organisasjon pålegg barnehagen og vera ein lærande organisasjon. Pedagogisk dokumentasjon blir framheva som eit verkty for kvalitetssikring av innhaldet i barnehagen, men også som eit av verkemiddela til utvikling av den lærande organisasjonen. Refleksjon over eigen praksis, dialog, samhandling, og vurdering er viktige verkemiddel. Ei bevist gjering, og tilførsle av «ny» kunnskap. Denne prosessen legg grunnlag for vidare planarbeid og endring av innfallsvinklar og arbeidsmåte for å nå sette krav og føringar. Dette har vidare leia til problemstillinga mi.

*I kva grad blir pedagogisk dokumentasjon nytta som eit verkty for kompetanseheving, og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon?*

Prosessen kring masteroppgåva har vore tidkrevjande. Sidan eg sjølv er involvert i ulike roller og prosessar knytt opp mot barnehagen som organisasjon, har det vore vanskelig å gå inn i analysearbeidet og drøftingsdelen. Å skrive om ting som eg opplever som sjølvsagt, har vore ein bøyg. Eg har måttta bevist gå innfor å sjå oppgåva med objektive auger, og eg er fortsatt ikkje sikker på at eg har lukkast i dette arbeidet. Eg overdriv ikkje når eg seier at eg har skrevet om oppgåva i heilskap minst 5 gonger, medan enkelt kapittel opptil 7 gonger.

Eg skal avrunda oppgåva ved å nytte mine eigne ord, og fortelje mi historie frå opplevingar og tankar eg har danna med i prosessen, og kva funna i datamaterielle har fortalt meg.

Innleiinga og bakteppe for oppgåva skisserer fundamentet for oppgåva mi. Her ligg utspringet for problemstillinga mi.

Problemstillinga vaks fram på bakgrunn av eigne erfaringar gjort som arbeidstakar ute i sektoren, men også gjennom mine tillitsverv som tilsynsmynde og gjennom mi rolle som styremedlem på fylkesnivå i Utdanningsforbundet. Eg erfarte, og erfarer omgrepsjungelen i samband med dei «nye» omgrepa i Rammeplanen, som store og vanskelige å komma gjennom.

Søken etter meiningsinnhaldet kan minne om ei skattejakt utan kart og kompass. Barnehagens mandat og rolle, speglar samfunn og politikk.

Dei siste tiåra har barnehageutbygginga ekspander, fleire barn er i barnehagen, i 2009 fekk alle barn over 1 år rett på barnehageplass. Maks pris på barnehageplassane, innskrenking av

kontantstønaden, brukarvennleg tilbod, med utvida opningstider ja bare for og nemna noko.

Problematikken var slik eg ser det, at rammene til det store barnehagelyfte ikkje var på plass. Dei statlege satsingane på PUB(pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen) studie, og leiarutdanning kom i seinaste laget. Fokus på førskulelærarutdanninga, og rekruttering til yrket ligg i «stypeskeia» 6 år etter Rammeplanen i 2006 kom. No set eg ting litt på spissen, men med hensikt.

Personalet i barnehagane, og samfunnet kunne ikkje vera rusta til å forvalta endringane, og dei «nye» krava og føringane som var sett til barnehages mandat og rolle?.

Kunnskapen var ikkje på plass til å kunne gjennomføre dei sette føringane og krava.

Samstundes som eg sit med ei oppleving av at ein set inn trykket på ulike stader gjennom satsinga frå stat, i staden for å sjå det som ein heilhet. Det eine er avgjerande for det andre. Dette kjem fram gjennom prosjektet Den norske barnehagekvaliteten (Søbstad, 3 opplag 2007:29).

Heller ikkje var, eller er det nok utdanna førskulelærarar og fagarbeidarar, til å fylle dei ulike stillingane ute i sektoren. Mange barnehagar driftar på dispensasjonar for og møta krava om full barnehagedekning. Sant nok står kompetanselyft på planen, kommunar og barnehagar skal syte for at dette blir gjennomført. Mangel på fagleg kometanse ute i felten, auka barnetal på avdelingane, fleire små barn i barnehagen og utvida opningstider, noko som har medfører mindre personaltettleik større delar av dagen, og eit auka press på personalet. Samstundes står effektivisering og kostnadskutt på dagsordenen.

Gjennom datamaterielle kjem det fram tid som ein av dei viktigaste faktorane, eller mangel på tid.

Barnehagen skal yte ei kvalitativteneste ut til samfunnet, der pedagogisk dokumentasjon og den lærande organisasjon står sentralt i denne prosessen. Ironisk nok blir kompetanse og kvalitet framheva som eit. Eg seier ikkje, at det ikkje er gode og kvalitative barnehagar kring i det ganske land, med mange dyktige arbeidstakrar med brei kunnskapsflate, men eg vil framhevar at krava som er sett til barnehagen har vore urealistiske.

Organisasjonsteorien påpeikar tydinga av leiar si rolle i offentleg sektor, men også forutsetningane som må vera på plass for og vera ein lærande organisasjon, eller drive med organisasjonsutvikling. Ein av faktorane er tid, tid til samarbeid, dialog, refleksjon, tilførsle av

kunnskap, felles mål, vurdering som grunnlag for vidare arbeid. Eg skal ikkje bare male alt svart. I gjennom datamaterielle ser ein at barnehagane har hatt ei rivande utvikling. Vi jobbar mot felles mål og går vegen saman. Det kan vel trygt seiast at barnehagen har vore ein lærande organisasjon i overført tyding. Ut i frå dette kan eg vel konkludere med at vi er på riktig veg, men det tek tid.

Det viktigaste eg trur vi må jobbe for i høve sektoren for å nå målsetjinga om eit pedagogisk kvalitativt tilbod er betre vilkår for førskulelærarane, slik at fleire vel yrket.

Få den nye førskulelærarutdanninga opp og gå. Ha fokus på riktig kompetanse i dei ulike stillingane. Ikkje drifta på dispensasjonar. Ha eit realistisk barnetal på avdelingane, i forhold til personaltettleiken. Større personaltettleik utover dagen. Her er faktorar som gjev gevinst i forhold til det pedagogiske arbeidet på avdelingane, og kan frigje tid til planlegging, pedagogiskdokumentasjon, dokumentasjon, vurdering og refleksjon som bakgrunn for nye planlegging og utvikling av den lærande organisasjon.

Per i dag, med bakgrunn i datamaterielle, vil eg hevde at det er liten grad av samanheng mellom pedagogisk dokumentasjon som eit bevisst verkty for kompetanseheving og utvikling av den lærande organisasjon.

Eg vil avslutta med å framheva det eg trur er nøkkelen til oppgåva mi, og til kvalitet i barnehagen: Fokus på kunnskap og kompetanse. I barnehagen skal grunnlaget leggjast for Noregs neste utdanningsminister.

Vonleg vil dette arbeidet kunna vera med og fremja barnehagen som organisasjon.

## **Kjeldeliste.**

- Alle teller mer. (2009). Tidsskriftartikkel. Kunnskapsdepartementet.  
[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/tidsskrift\\_nyhetsbrev/forsiden-kd-aktuelt2/kd-ktuelt-nr-309/barnehage/alle-teller-mer.html?id=557541](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/tidsskrift_nyhetsbrev/forsiden-kd-aktuelt2/kd-ktuelt-nr-309/barnehage/alle-teller-mer.html?id=557541)
- Argyris, C. Schøn, D.(1996): *Organizational learning: A theory og action perspective.* Reading, MA, : Addison – Wesley.
- Barnehageloven og foreskrifter. *Med forarbeid og kommentarer.* (2005). Moss: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon.
- Barnehageloven og foreskrifter. Med forarbeid og kommentarer. (2009). Moss: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon.
- Barnehageloven og foreskrifter. *Med forarbeid og kommentarer.* (2012). Moss: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon.
- Befring, E(2007). *Forskningsmetode, etikk og statestikk*, Oslo: Det Norske Samlaget.
- Birkeland, Åsta og Carson, Nina (2004): *Veiledning for førskolelærere*. Høyskole Forlaget.
- Bjorvand Børresen, M. (2005). *Veiledning i barnehage og skole – vekst eller frustrasjon?*. Vallset: Opplanske Bokforlag.
- Bogdan, R. C. Biklen, S.K. (1998) . *Qualitativ research for education: An introduction to theory and methods*. Boston: Allyn & Bacon. 44/45.
- Branner, J.(1995): *Mixing methods. Qualitative and quantitative research.* Aldershot, Hants: Avebury.

Brewer, J. & A. Hunte (1989): *Multimethod research. A synthesis of style*. Newbury Park, Calif: Sage Publications.

Brown, J.S. Duguid, P.; "Organizational Learning and Communities of Practice; Toward a Unified view of Working, Learning and Innovation" *Organization Science*, vol. 2, nr 1, februar 1991.

Brown, J.S. Duguid, P. *Organizing Knowledge*. Draft, upublisert. University of California, Bekly. August 1997.

Brown, J.S. Duguid, P.: "Knowledge and Organization: A social – Pratic Perspective." *Organization Science*, vol.. 12, nr. 2, mars – april, s. 198 – 213, 2001.

Christensen, Tom, Egeberg, Morten. Larsen, Helge O. Lægreid, Per og Roness, Paul G. (2008): *Forvaltning og politikk*. ( 2. opplag). Universitetsforlaget.

Dahlberg, Gunilla. Moss, Peter og Pence, Alan( 2002) *Frå kvalitet til meningsskaping*. 2002 Kommuneforlaget AS. Oslo.

Fayol. H. (1949). *General and Industrial Management*. London : Sir Isaac Pitman & Sons.

FOS, (2009). *Tilsyn i barnehagane* <http://www.fos-sunnh.no/pages/forsida.php> og <http://www.fos-sunnh.no/pages/tilsyn-barnehage.php>

French, W.L. et al. 1994. *Organization Development and Transformation*. Irwin. Boston.

Geertz, C- (1983). *Local Knowledge*. New York, Basic Books.

Giddens, A. (1976). *New Rules of Sociological Method*. London, Hutchinson.

Gilje N. og Grimen H (1993.)( 13 opplag 2009) *Samfunnsvitenskapens forutsetninger*;

*innføring i samfunnsvitenskapens vitenskapsfilosofi.* Universitetsforlaget AS 1993.

Goodson.Ivor F.Biestad.Gert J.J. Tedder.Michael.Adair.Norma.(2010)*Narrative Learning.* Routledge 2 Park Square, Milton Park, Abingdon, Oxon OX14 4RN.

Hatch, Mary Jo(2008): *Organisasjonsteori.*(7.opplag). Abstrakt forlag as.

Handal, G. Lauvås, P. (1983, 1999) *På egne vilkår.* Cappelen. Oslo.

Klev, Roger og Levin, Morten(2009): *Forandring som praksis.* (2. utgave). Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Krogh, Georg Von. Ichijo, Kazuo og Nonaka Ikujiro(2010): *Slik skapes kunnskap*(4.opplag) N.W. Damm &Søn.

Kommunelova , <http://www.lovdata.no/all/nl-19920925-107.html>

KOSTRA.<http://www.ssb.no/kostra/>

Luft, J. (1969): *Of human Interaction.*

Moxnes, P.( 1995) : *Opplæringsmetoder i arbeidslivet.* 3. utgave. Oslo: Cappelen.

Noaka. I. Takeuchi, H. (1995). *The Knowledge Company.* New York: oxford University Press.

NOKUT (2010). *Evaluering av forskolelærerutdanninga i Norge 2010.* Del 1: Hovedrapport. Hentet fra <http://www.nokut.no/no/Nyheter/Nyheter-2010/Evalueringen-av-forskolelærerutdanningen/01.06.12>

Opstad, Leiv ( 2006): *Økonomistyring i offentlig sektor*(1. utgave) Gyldendal Norske Forlag AS.

Popper, K.R.(1972). *Objective Knowledge*. London, Oxford University Press.

Ringdal K( 2.opplag 2009) .*Enhet og mangfold*. Fagbokforlaget Vigmostad &Bjørke AS.

Roald, Knut(2010) *Kvalitetsvurdering som organisasjonslæring mellom skole og skoleeigar*. Universitetet i Bergen. Noreg.

Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgåver(2006). Oslo:

Kunnskapsdepartementet.[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover\\_regler/reglement/2006/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-opp.html?id=278626](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover_regler/reglement/2006/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-opp.html?id=278626)

Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver (rev.utg.). (2011). Oslo:Kunnskapsdepartementet.

Sandsmark, J. (2010). *Fra student til medarbeider – skole- og barnehageeiers ansvar for veiledning av nyutdannede lærere*. I: E. K. Høihilder og K. R. Olsen (Red.), *Veiledning av nye lærere i skole og barnehage* (s. 24-28). Oslo: Pedlex Norsk Skoleinformasjon.

Senge. P.M. (2004). *Den femte disiplin. Kunsten å utvikle den lærende organisasjon*. Pensumtjenesten A/S Oslo. Egmont hjemmets bokforlag.

Senge, P.M. (1990). The Leader`s New Work: Building Learning Organizations. *Sloan Management Review* 7 – 23.

Stortinget behandlet barnehagemeldingen(2010).Kunnskapsdepartementet.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/aktuelt/nyheter/2010/Stortinget-behandlet-barnehagemeldingen.html?id=594459>

Stortingsmelding nr. 41. *Kvalitet i barnehagen*. (2008-2009). Kunnskapsdepartementet  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-.html>

Stortingsmelding nr 8. *Barnehagen mot år 2000.* ( 1988): Kunnskapsdepartementet.

<http://www.ssb.no/ssp/utg/200005/8.shtml>

Stortingsmelding nr 16. *og ingen sto igjen*(2007). Kunnskapsdepartementet.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2006-2007/stmeld-nr-16-2006-2007-.html?id=441395>

Stortingsmelding nr 44.*Utdanningslinja*(2009). Kunnskapsdepartementet.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-44-2008-2009-.html?id=565231>

St.meld.nr.11 *Læraren Rolle og utdanning*(2009).Kunnskapsdepartementet

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-11-2008-2009-.html?id=544920>

Strand. Torodd (2010):*Leiing, organisasjon og kultur.* (2.utgave, 2 opplag) Fagbokforlaget

Søbstad, F. (2004). Mot stadi nye mål. Den norske barnehagekvaliteten. Trondheim: Senter for FEI, DMMH.

Søbstad, K. K. (2005, 3 opplag 2007). *Kvalitetsarbeid i barnehagen.* Oslo: J.W.Cappelens Forlag AS.

Tilsyn i barnehagen. <http://www.fos-sunnh.no/pages/tilsyn-barnehage.php>

Tilsyn i barnehagen. <http://www.kvinnherad.kommune.no/tilsyn-med-barnehagane-i-kvinnherad.4896360-99269.html>

Utdanningsforbundet. Fred Harald Nilsen. (2012). Fire av fem kommuner brøt barnehageloven. *Utdanning nr 15/21 , 7.*

Utdanningsforbundet. (1/2010) *Første steg.:12.*[www.utdanningsforbundet.no/forstesteg](http://www.utdanningsforbundet.no/forstesteg)

Uthus, Preben P(2011). *Føskolelærere fortjener betre!* (nr 9/6- 05.11) Utdanning.  
[www.utdanningsnytt.no](http://www.utdanningsnytt.no)

Taylor, C. (1985). "Interpretation and the sciences of man" , i C. Taylor(1985). *Philosophical Papers*, bd. 2. Cambridge, Cambridge University Press.

Thagaard T(3 utgave 2009) (2 opplag 2010) .*Systematikk og innlevelse; en innføring i kvalitativ metode*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

## Vedlegg

### Vedlegg 1:



## TILSYN MED BARNEHAGAR INFORMASJON

### Lovgrunnlag

#### Lov om barnehagar:

- § 7: Barnehageeigar sitt ansvar.
- § 8: Kommunen sitt ansvar
- § 16: Tilsyn
- § 9: Fylkesmannen sitt ansvar.

#### Kommunen si rolle:

- Kommunen er lokal barnehagemynde.
- Rettleing av barnehagane, jf § 8
- Godkjenningsmynde, jf §10 , jf §§1og 2.
- Tilsyn for å sjå til at tilbodet er forsvarleg og lovleg, jf § 16.

### TILSYN

- Kommunen fører det lokale tilsynet med barnehagar etter Lov om barnehagar.

- Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører dei oppgåvane som dei som barnehagemynde er pålagt etter lova.

*Tilsyn = Myndighetene sin utadrettede aktivitet for å påse at lover og forskrifter etterleves og eventuelle reaksjoner.*

### **Kvifor tilsyn?**

- Sikra at regelverket vert følgt
- Sikra at barnehagetilbodet held ein definert standard
- Ivareta innbyggjarane sin rettstryggleik
- Sjå til at offentlege midlar vert nytta i samsvar med føresetnadene
- Tilretteleggja for endring (rettleiing)

### Utdjuping:

- Tilsynet er ikkje eit kvalitetstilsyn, men lovlegtilsyn.
- Tilsynet skal sjå til at lover og regelverk vert følgt, og at barnehagen vert driven på ein forsvarleg og lovleg måte, etter Lov om barnehagar og Forskrifter til lova.
- Lov og regelverk har definert ein standard for barnehagetilbodt i Noreg, - tilbodet kan vera
- godt eller dårlig, men ikkje **ulovleg**.

*Det er lov å ha ein dårlig barnehage, men det er ikkje lov å ha ein ulovleg barnehage.*

*God kvalitet er lovleg kvalitet!*

### **Type tilsyn**

Tilsyn kan vera melde på førehand eller umelde.

### Melde tilsyn:

Melde tilsyn med barnehagar i Sunnhordland vert gjennomført som **systemrevisjon**, der tema for tilsynet vert fastsett for den einskilde barnehage på førehand.

*Systemrevisjon: Systematiske undersøkingar for å fastslå om aktivitetar og tilhøyrande resultat er i samsvar med krav fastsett i, eller i medhald av, lov og forskrift.*

#### Utdjuping:

- Systemrevisjon er å fastslå om krav i lov og forskrifter vert følgde.
- Ved systemrevisjon har ein fokus på prosess og handlingar fram mot sluttprodukt/resultat. Ved systemrevisjon undersøkjer ein kva handlingar/aktivitetar som vert gjort for å overhalda myndighetskrav i lov og forskrift.
- Systemrevisjon er såleis kva barnehagen gjer for å ivareta det ansvar og dei plikter som er fastsette i regelverket.
- Systemrevisjon føregår i ansvarslinja – organisasjonen er ansvarleg, -ikkje den einskilde tilsette.
- Systemrevisjon skal medverka til å utvikla system for kvalitetsforbetring.

#### Umelde tilsyn:

Umelde tilsyn kan vera på grunnlag av bekymringsmeldingar frå foreldre eller tilsette, eller på grunnlag av hendingar som barnehagemynde får kjennskap til, og finn grunn til å undersøkja nærrare. Dette kan gjelda:

- Talet på barn i barnehagen
- Areal, inn og/eller ute
- Hygiensike krav
- Mistanke om overgrep

- Manglande vedlikehald – bygg eller uteområde
- Tryggleik for barn og tilsette.

## **Plan for tilsyn**

Det vert sett opp ein tilsynsplan, med namn på barnehagar som skal ha tilsyn, tema for tilsynet og kven til utfører tilsynet.

## **Gjennomføring av systemtilsyn**

- Gransking av dokument.
- Intervju av personar på forskjellige nivå i organisasjonen.
- Verifikasjon ( stadfesting) av om rutinar vert følgde slik dei er opplyste om.

### **Gransking av dokument**

Før gjennomføring av tilsynet skal det hentast inn slik informasjon frå barnehagen:

1. Gjeldande vedtekter for barnehagen.
2. Oversyn over bemanning, årsverk, kompetanse mv.
3. Oversyn over barn, - alder og oppholdstid.
4. Barnehagen sin årsplan - kompetanseplanar
5. Årsrapport/evaluering av verksemda.
6. System for kvalitetssikring.
7. Annan informasjon - td. ev. brukarundersøkingar.

Tilsendte dokumentasjon vert vurdert opp mot myndighetskrav i dei tema som er valde for

tilsynet. Dokumentasjonen dannar grunnlag for sjekkliste og spørsmål i intervjurunden.

## **Gjennomføring**

Plan:

1. Synfaring i barnehagen – inne og ute.
2. Formøte – om føremål og opplegg. Med deltarane.
3. Intervju – verifikasjon.
4. Sluttmøte – om funn/konklusjonar. Med deltarane.

Til vanleg vil desse verta intervjuva:

- Barnehageeigar
- Styrar i barnehagen
- 1 eller fleire pedagogisk leiarar (kjem an på størrelse på barnehagen)
- 1 eller fleire assistenter, evt barne og ungdomsarbeidar (kjem an på størrelse på barnehagen)

Det er ønskjeleg at desse også deltek i formøte og sluttmøte.

## **Tilsynsgruppa**

Kommunane i Sunnhordland, i regi av Forum for Oppvekst i Sunnhordland, samarbeider om tilsyn i barnehagane. Det er likevel alltid slik at det er den einskilde kommunen som er ansvarleg for tilsynet – FOS utfører på oppdrag av kommunen ein eller fleire tilsyn i kommunen der ei ekstern tilsynsgruppe gjennomfører tilsynet etter fastlagde rutinar.

Rådmannen oppnemmer tilsynsgruppe for barnehagane i den enkelte kommune. Desse personane vert sett saman til eit regionalt tilsynskorps.

## **Tilsynskorps i FOS kommunane barnehageåret 2011-2012:**

Rådgjevar barnehage Astri Måkestad, Kvinnherad kommune  
Pedagogisk leiar Ann Iren Sæle, Kvinnherad kommune  
Styrar Grete Kjerpeset, Kvinnherad kommune  
Pedagogisk leiar Heidi Nyrup, Kvinnherad kommune

Skulesjef Edvin Aase, Fitjar kommune  
Pedagogisk konsulent Kristin Skare, Fitjar kommune  
Styrar Anne Karin Nilsen, Fitjar kommune (perm 2011/2012)  
Styrar Torunn Årskog, Fitjar kommune  
Pedagogisk leiar Trine Hellesfjord, Stord kommune  
Sakshandsamar barnehage Sissel Aanderaa, Stord kommune (perm 2011/2012)  
Sakshandsamar barnehage Inger Vik Framnes, Stord kommune  
Konsulent kundetorg Liv-Erna Stutlien, Stord kommune  
Pedagogisk rådgjevar Dagfinn Garnes Johnsen, Etne kommune  
Pedagogisk leiar Torhild Molland , Etne kommune  
Rådgjevar Gunnhild S Aksdal, Sveio kommune  
Styrar Lise Ingebrigtsen, Sveio kommune  
Organisasjonssjef Aud Gunn Løklingholm, Bømlo kommune  
Barnehagefagleg ansvarleg Linda Hellen, Bømlo kommune

Gruppa kan knyta til seg annan aktuell kompetanse, t.d. jurist, økonom, helsesøster mv.

## Tilsynsrapport

Tilsynsgruppa skriv rapport på grunnlag av tilsynet.

Av rapporten vil det framgå om det er avdekka ulovlege eller uforsvarlege tilhøve som medfører pålegg om retting.

Dersom tilsynet gir grunnlag for pålegg, skal dette underskrivast av rådmannen i heimekommunen.

Det vert sett frist for å etterkoma eit pålegg, til vanleg 1 månad.

Dersom fristen ikkje vert overhalde, eller det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta, kan kommunen

ved rådmannen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av barnehagen.

Vedtak om stenging skal leggjast fram for aktuell politisk komite.

Vedtak om retting og stenging kan klagast til fylkesmannen, som kan prøva alle sider av vedtaket.

Pålegg om retting og stenging er eit einskildvedtak etter forvaltningslova.

Forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar om førehandsvarsle § 16, innsynsrett §§ 18 og 19,

grunngjeving §§ 24 og 25, klage §§ 28 og 29 mv. gjeld, jf forvaltningslova §28, jf § 34.

## **Oppfølging**

Tilsynsgruppa legg fram rapporten til kommunen som eigar/mynde og til barnehageeigar.

Rådmannen i den enkelte kommune har ansvar for oppfølging av pålegg.

Tilsynsrapportar danner grunnlag for ein årleg rapport om tilsynsverksemda i barnehagane.

Rapporten vert lagt fram saman med kommunen si årsmelding.

## **Rettleiing**

Barnehagelova markerer at tilsyn og rettleiing er ulike oppgåver, jf § 16 og § 8.

Kommunen sitt ansvar for rettleiing etter § 8 første ledd, har til føremål å gje barnehagen oversyn over kva barnehagelova med forskrifter krev, - dvs samfunnsskrav og forventningar til verdigrunnlag, rammevilkår, arbeidsmåtar og innhald - , og kva som må gjerast for å få drifta i samsvar med desse.

Oppdatert 30.09.2010 JTE

## **Vedlegg 2.**

FOS

RAPPORT FRÅ TILSYN  
MED  
xxx

---

Dato 2008

Namn på barnehagen

KOMMUNEN/FOS SI  
TILSYNSGRUPPE:

---

KONTAKTPERSON  
I BARNEHAGEN: xx

---

Regelverk:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

Tilsynet omhandla følgjande emne:  
Lov om barnehagar, § 2, § 19 og § 20

Det blei avdekka følgjande avvik under tilsynet:

Tilsynsgruppa fann grunnlag for følgjande merknader:

---

Dato:

Innhold:

1. Innleing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader

5. Andre forhold
6. Gjennomføring

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for kommunen/regionen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved kommunen/regionen sitt tilsyn.

## 1. Innleiing

- AVVIK: mangel på oppfylgjing av krav fastsett i lov eller forskrift
- MERKNAD: forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav fra styresmaktene avdekkar betringspotensiale som kan utvikla seg til lovbro/avvik dersom det ikkje blir retta opp.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

## 3. Avvik

Avvik fra: §

Kommentar:

## 4. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktiviteter:

### VEDLEGG 1

Dokumentunderlag for kommunen/regionen sitt tilsyn

1. xx
2. xx
3. xx
4. xx

### VEDLEGG 2

Oversikt over kva personar frå barnehagen som var direkte involvert i revisjonen.

---

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarar fra kommunen under

opningsmøtet og sluttmøtet, og over kva personar som blei intervjua.

Namn Funksjon      Opningsmøte    Intervju      Sluttmøte

Frå kommunen/regionen deltok:

### Vedlegg 3

#### **Innsamling av data i samband med forskingsprosjekt.**

##### **Løyveskjema.**

I høve masteroppgåva med problemstilling:

*I kva grad blir pedagogisk dokumentasjon nytta som eit verkty for kompetanseheving, og utvikling av den lærande organisasjon?*

Forskningsdesigne er av ein kvalitativ karakter, med ein introspektiv forskingstilnærming.

Metoden er narrativ.

Datamaterielle belyser problemstillinga i ei triangulering, med eit karakteristisk trekk av dualisme.

Formålet med denne oppgåva er å gå i djupna inn i barnehagen som organisasjon på vegen frå eit sosialpolitisk tiltak, til viktig ledd i utdanningslina. Oppgåva er avgrensa ved å setje fokuset mot dokumentasjon, pedagogisk dokumentasjon er blitt framheva som eit verkty for kompetanseheving, og utvikling av barnehagen som ein lærande organisasjon.

Korleis har, og blir dokumentasjon og pedagogisk dokumentasjon tolka og gjennomført ute i sektoren?

Blir det bevist nytta som eit verkty for kompetanseheving, kvalitet og utvikling av barnehagen som ein lærande organisasjon?

Målsetjinga med dette arbeidet er å fremja barnehagen som ein pedagogisk organisasjon, i stadig læring og utvikling, med dei faglege ressursane som er til rådvelde ute i barnehagesektoren.

##### *Erklæring.*

*Eg har kjennskap til formålet med undersøkinga, og kva det innsamla datamaterielle skal nyttast til. I høve oppgåva seier eg meg villig til og la min historie bli nytta som ein del av det innsamla datamaterielle.*

*Personopplysningane som kan identifisera meg som person, kjønn og arbeidsplass skal ikkje takast med i oppgåva. Data eg gjev skal ikke kunna sporast attende til meg. Eg er i min fulle rett til å lese gjennom det ferdigstilte datamaterielle. Innsamla data som eg opplever er av ein ubehageleg karakter skal fjernast frå oppgåva.*

*Underskrift informanten:*

*Dato \_\_\_\_\_ Navn: \_\_\_\_\_*

**NB: Dette er ein kopi. Eg har originalen med underskrift oppbevart. Dette grunna personvernet.**